

Fakultet for lærarutdanning og pedagogikk

Vilde Strand Kompelien

Masteroppgåve

Nynorsk i eit bokmålsdominert samfunn

Ein kvalitativ studie av norsklæraranes praksis i eit av nynorskens kjerneområde

The New Norwegian Variety in a Society Dominated by the

Dano-Norwegian Variety

A Qualitative Study of Language Teachers' Practice in one of New Norwegian's Core Areas

Emnekode 2LUOPP2_1. Lektorprogram i norsk.

Våren 2019

Samtykker til tilgjengeliggjøring i digitalt arkiv Brage JA NEI

Føreord

I 2017-2018 hadde eg eit fem veker langt praksisopphald ved ein ungdomsskule i Sogn og Fjordane. Der vart eg gjort merksam på at ungdommanes realiserte nynorsk ikkje stod til forventningane, og at lærarane derfor jobba aktivt for å oppretthalda nynorsken i skulen. På bakgrunn av dette skreiv eg ei fagdidaktisk prosjektoppgåve (Kompelien, 2017), som hadde til formål å undersøkje kvifor eksamenskarakterane var betre i sidemål enn i hovudmål, og kva lærarane gjorde for å betra elevanes nynorsk. Dette vart piloten til denne masteroppgåva.

Då eg forstod at nynorsk har sine utfordringar i skulekvardagen sjølv på Vestlandet, vart dette viktig for meg å verta kjend med før eg sjølv går ut i lærargjeringa i denne delen av landet. Dette er ein del av formålet med masteroppgåva mi, for som komande norsklektor og bokmålsbrukar i nynorskland, kviler det eit særleg ansvar på meg om å ta tak i nynorsken. Dette er bakgrunnen for kvifor eg også skriv denne masteroppgåva på nynorsk.

Det er mange å takka for at eg kunna skriva denne masteroppgåva. Først vil eg takka alle informantane for at dei tok seg tid til meg. Det var heilt avgjerande for prosjektet mitt! Eg må også få takka rettleiaren min, Jens Haugan. Du har vore hjelpsam heilt sidan mitt første år på høgskulen. Og sist, men ikkje minst: Ein stor takk til dykk heime – de er ei evig kjelde til motivasjon og støtte.

Hamar, mai 2019

Vilde Strand Kompelien

Innhald

Samandrag	6
English Abstract	7
1. Innleiing.....	8
1.1. Nynorsk i dag: Omfang og resultat	8
1.1.1. Forskingsspørsmål.....	9
1.2. Den norske skriftspråksituasjonen.....	10
1.3. Ei vidare didaktisk tilnærming i nynorskundervisinga.....	11
1.4. Oppgåvas struktur.....	13
2. Teoretisk tilnærming	14
2.1.1. Bourdieus omgrep	14
2.1.2. Habitus.....	14
2.1.3. Felt og kapital.....	15
2.2. Bonny Norton: Identitet og språklæring.....	16
2.2.1. Identitet og investering i språk	16
2.2.2. Førestilte fellesskap og identitetar.....	17
2.2.3. Identitet, språklæring og makt.....	17
2.3. Undervisingsmetodikk: Nynorsk i norskfaget.....	18
2.3.1. Å nytta datamaskin i nynorskundervisinga	19
2.3.2. Å lesa og skriva nynorsk	19
2.3.3. Grammatikk.....	20
2.4. Sjølvregulert læring og vurdering for læring.....	21
2.4.1. Sjølvregulert læring.....	21
2.4.2. Vurdering for læring.....	22
2.5. Ordforråd og ordlæring	23
2.5.1. Ordforråd, ordbruk og ordlæring.....	24
2.5.2. Ordforråd og lesing av ulike tekstar	25
3. Metode.....	26
3.1. Forskingsstrategi	26
3.1.1. Førebuande arbeid: Informantar og intervjuguide.....	26
3.1.2. Kvalitative intervju.....	28
3.1.3. Grunngeving av forskingsstrategi.....	29
3.2. Avgrensingar og moglege problem	29
4. Empiri.....	30

4.1.	Vurderinga bak forskingsspørsmåla og intervjuguiden	30
4.1.1.	Presentasjon av empiri frå forskingsspørsmål 1	33
4.1.2.	Presentasjon av empiri frå forskingsspørsmål 2	35
4.1.3.	Presentasjon av empiri frå forskingsspørsmål 3	37
4.2.	Fordelar og ulemper ved ulike forskingsstrategiar	42
4.3.	Analyse- og diskusjonsstrategi	43
5.	Analyse og diskusjon.....	48
5.1.	Analyse til forskingsspørsmål 1	48
5.2.	Analyse til forskingsspørsmål 2	58
5.3.	Analyse til forskingsspørsmål 3	67
5.3.1.	Ei vidare didaktisk tilnærming til nynorskundervisinga.....	78
6.	Avsluttande kommentarar	83
	Litteraturliste	86
	Vedlegg	89
	Vedlegg 1	89
	Vedlegg 2	90
	Vedlegg 3	104
	Vedlegg 4	118
	Vedlegg 5	130

Samandrag

Bakgrunnen for denne oppgåva er at elevane i Sogn og Fjordane har betre eksamenskarakterar i sidemålet, bokmål, enn i hovudmålet, nynorsk, tre år på rad (Udir, 2018). Målet med denne studien er derfor at analysen av empirien og det teoretiske tilfanget kan tilby nokre nye didaktiske tilnærmingar i nynorskundervisinga. For å gjera dette gjennomførte eg fire kvalitative intervju med ungdomsskulelærarar, der eg kartla elevanes utfordringar med nynorsk i skrivne tekstar og korleis dei arbeider med nynorsk på skulen. Hovudsakeleg er utfordringane følgjer av at bokmål og dialekt påverkar nynorsken. Vidare vart læraranes arbeidsmetodar kartlagde, som eg forklarar med bakgrunn i språklæringsteoriar og didaktikk. Dette tydeleggjer også kva lærarane kanskje ikkje har fokus på i kvardagen, og eg ser derfor på korleis dette kan bidra med ei forklaring på elevanes resultat. Med bakgrunn i kva metodar som hjelper elevane i nynorskutviklinga, ser eg på samanhengen mellom elevanes gode haldningar, og elevanes sterkaste identitetsmarkør innanfor språk, og korleis desse kan bidra i læringsprosessen. Det vert også tydeleg at nynorsk ikkje er veldig synleg for elevane utanfor skulen, då samfunnet elles er bokmålsdominert. Derfor diskuterer eg elevanes vilje til å investera i nynorsk med bakgrunn i kva dei ulike målformene representerer i elevanes liv her og no, og kva dei representerer for framtida.

English Abstract

According to Udir (2018), pupils in Sogn og Fjordane (Norway) achieve better grades in their second written language, Dano-Norwegian, than they do in their main written language, New Norwegian. The aim of this study is therefore to offer some new didactic approaches in New Norwegian learning. Firstly, I conducted four qualitative interviews with teachers at a junior high school, where I mapped the pupils' challenges with written New Norwegian in written texts, and how they work with New Norwegian in school. The main issues are the challenges that result from the fact that Dano-Norwegian and dialect, affect New Norwegian. Furthermore, the teachers' working methods were mapped, and I explain how these are grounded in theories of language learning and didactics. This also enlightens what the teachers perhaps do not focus on during class, and therefore I also look into how this can contribute to an explanation on the pupils' results. Based on methods that help the students in New Norwegian learning, I look at the connection between the pupils' good attitudes and the pupils' strongest identity marker within languages, and how these can contribute to the learning process. Dano-Norwegian is clearly more visible for pupils outside school than New Norwegian is, and that is because the society is dominated by the Dano-Norwegian variety. Because of this, I discuss the pupils' will to invest in New Norwegian in regards to what the different language variants represent in the pupils' lives here and now, and what they can represent for the future.

1. Innleiing

I denne innleiinga vil eg fyrst presentera bakgrunnen for forskingsspørsmåla eg reiser i denne masteroppgåva: Omfang av og eksamensresultat i nynorsk på ungdomsskulen. Dei tre forskingsspørsmåla vert så presenterte, før eg gjer greie for den norske skriftspråksituasjonen, og moglegheita for ei vidare didaktisk tilnærming i nynorskundervisinga. Til slutt gjer eg greie for oppgåvas struktur.

1.1. Nynorsk i dag: Omfang og resultat

For å koma nærmare inn til oppgåvas kjerne og forskingsspørsmåla eg reiser, presenterer eg tal publisert på Riksmålsforbundet og Utdanningsdirektoratet sine nettsider. Tala viser omfanget av nynorsk som hovudmål på Vestlandet, og eksamenskaraktarar i Sogn og Fjordane, der eg har samla alle dataa til oppgåva. Desse resultatata har eg samanlikna med Oslo, for å visualisera kvifor fokuset vert retta mot nynorsk på Vestlandet. Eg tek også med standpunktarakterane for dei respektive fylka for å visa eit litt meir nyansert bilete.

Tal frå 2017 viser at berre 12,2 % av elevane i norsk grunnskule hadde nynorsk som hovudmål skuleåret 2016/17 (Gunnerud, 2017). Dei fleste av desse elevane finn me i vestlandsfylka, og det er Sogn og Fjordane som tronar med heile 97,90 % nynorskelevar, noko som vil seie at 13 740 elevar har nynorsk som hovudmål. Som nummer to ligg Møre og Romsdal med 50,34 % nynorskelevar for same skuleår, som svarar til 16 459 elevar med nynorsk som hovudmål. Vidare finn me Hordaland med 24 262 nynorskelevar (38,67 %), og Rogaland med 14 321 nynorskelevar (23,29 %) (Gunnerud, 2017). Sjølv om Sogn og Fjordane har det høgaste talet i prosent, har dei likevel det lågaste elevtalet – det er nesten dobbelt så mange elevar med nynorsk hovudmål i Hordaland som i Sogn og Fjordane. Faktisk har Sogn og Fjordane det lågaste talet av nynorskelevar av dei fire fylka nemnt ovanfor. Nynorsken står altså sterkast i det fylket med færrest elevar samanlikna med dei andre vestlandsfylka.

Når det gjeld resultat, har Utdanningsdirektoratet publisert fylkesoversikter der ein kan sjå karakterar i både hovudmål og sidemål. Om ein ser på eksamensresultata i 10. klasse i 2016, hadde Sogn og Fjordane eit snitt på 3,4 i norsk hovudmål. I sidemål hadde dei 0,1 betre i snitt: 3,5. Samanlikna med Oslo, som ikkje har nokon elevar med nynorsk som hovudmål ifølgje Gunnerud (2017), låg Sogn og Fjordane i snitt 0,2 karakter lågare enn Oslo-elevane i nynorsk. Til samanlikning låg dei 0,4 karakter lågare enn Oslo-elevane i bokmål (Udir, 2016). I 2017 var

snittet til Sogn og Fjordane 3,3 i norsk hovudmål og 3,6 i sidemål. Same år hadde Oslo-elevane 3,8 i bokmål og 3,5 i nynorsk (Udir, 2017). I 2018 var tala rimeleg stabile for Sogn og Fjordane; 3,4 i hovudmål og 3,6 i sidemål. For Oslo-elevane hadde snittet auka til 3,9 i bokmål og 3,7 i nynorsk (Udir, 2018). Elevane på grunnskulen i Oslo ligg altså føre elevane i Sogn og Fjordane i nynorsk ifølgje eksamenskarakterane frå 2016, 2017 og 2018, samstundes som elevane i Sogn og Fjordane stadig gjer det betre i sidemål enn i hovudmål. Likevel finst det variablar som vert vanskelege å rekna med i desse statistikkane, til dømes talet på elevar med fritak frå sidemål i dei ulike fylka.

Ser me på standpunktkarakterane for dei same fylka, publiserte på Skoleporten sine nettsider (Lund, 2019), er resultatane annleis. Sogn og Fjordane hadde betre resultat i norsk hovudmål enn i sidemål for skuleåret 2015-16, med eit snitt på 3,9 i nynorsk og 3,8 i bokmål. Dei to neste skuleåra (2016-17 og 2017-18) vart tala snudde: Elevane hadde i snitt 3,9 i bokmål og 3,8 i nynorsk. I Oslo var standpunktkarakterane i snitt 3,8 for både norsk hovudmål og sidemål i 2015-16. For skuleåra 2016-17 og 2017-18 var snittet likt for begge målformer: 3,9.

1.1.1. Forskingsspørsmål

Med bakgrunn i nynorskens plass i språkhistoria, samfunnet og skulen, i kombinasjon med elevanes eksamensresultat, vil eg sjå nærmare på kva konkrete utfordringar elevane har, og korleis lærarane arbeider med nynorsken. Med nye perspektiv frå språklæringsteori vil eg kanskje kunna forklara utfordringane og koma med nokre vidare didaktiske tilnærmingar på nynorskundervisinga i skulen. Forskingsspørsmåla mine er:

1. Kva utfordringar ser lærarane i elevtekstar skrivne på nynorsk, og korleis arbeider dei med nynorsk?
2. Korleis kan arbeidsmetodar og resultat forklarast gjennom språklæringsteoriar?
3. Korleis kan den realiserte nynorsken hjå elevane forklarast i forholdet mellom haldningar, identitet og læring?

1.2. Den norske skriftspråksituasjonen

Me skal tilbake til 1800-talet for å byrja å sjå kvifor me i dag har dei to norske skriftspråka bokmål og nynorsk. Noreg hadde vore i union med Danmark i over firehundre år, og eit eige norsk skriftspråk vart dermed eit viktig mål for nasjonsbygginga etter 1814. Før svartedauden kom til Noreg på midten av 1300-talet, hadde nasjonen ei rik historie og kultur, og denne vart viktig å henta fram att gjennom språket (Otnes og Aamotbakken, 2012: 68). På denne måten kunna ein nytta kjensler knytte til ei stordomstid til å byggja nasjonen Noreg. I dag er språkhistoria viktig å formidla vidare for å få elevane til å knyta positive kjensler til dei to norske skriftspråka, bokmål og nynorsk. Dette er kanskje særleg viktig for dei som har nynorsk som sidemål.

«I 1885 vedtok Stortinget at dei to skriftspråka skulle jamstillast, [...] og om lag like viktig som det såkalla jamstillingsvedtaket er «målparagrafen», som vart vedteken i 1892» (Otnes og Aamotbakken, 2012: 144-145). Målparagrafen innebar at skulekrinsane kunne velja mellom «det norske Folkesprog» (nynorsk) og «det almindelige Bogsprog» (bokmål) som opplæringsmål (Otnes og Aamotsbakken, 2012: 145). Jamstillingsvedaket i 1885 slo på si side fast at det «norske Folkesprog» fekk offisiell status, og det me i dag kjenner som bokmål og nynorsk, er derfor likestilte skriftspråk i Noreg. Mållova av 1981 tek jamstillingsvedtaket og målparagrafen opp i seg, og regulerer bruken av bokmål og nynorsk i staten: Du som språkbrukar har dine rettar og staten har sine plikter overfor deg (Språkrådet). Dette vil seie at ein person si målform eller ein kommune si målform skal takast omsyn til.

Opplæringslova (Oppl. 1998, §2-5) regulerer også målformer i grunnskulen. Kommunane vel målform for kvar enkelt skule, men det er opp til foreldra å bestemma målform for ungane sine fram til dei er ferdige i 7. klasse. Frå og med første året på ungdomsskulen kan elevane velja hovudmål sjølve, og frå 9. klasse skal elevane ha opplæring i sidemål: Då lærer dei å skriva både nynorsk og bokmål, og dei vert vurderte i begge målformer. Nokre elevar får fritak frå sidemålsopplæringa, men det gjeld for det meste elevar med særleg språkopplæring: Desse elevane kan til eksempel ha eit anna morsmål enn norsk.

Det å skriva begge målformene i skulen har røter tilbake til 1907 og stortingsdebatten om obligatorisk landsmålsprøve ved examen artium. Venstrepolitikaren Hans Jacob Horst såg føre seg «et samlet Norge, ett land, ett folk og ett sprog», og med dette perspektivet fekk sidemålsstilen ein viktig funksjon: Når ein lærte å skriva begge målformene, ville det byggja bru og vera eit reiskap for kulturell og sosial samling (Haugland). For framtida skulle alle som

gjekk opp til eksamen, dokumentera at dei kunne skriva på begge målformene, og med det var «Sidemålsstilen» fødd (Haugland), og han er framleis obligatorisk (Oppll., 1998, §2-5).

Med tanke på det førre kapittelet som presenterte resultata av hovudmål- og sidemålsskarakterane i Oslo og Sogn og Fjordane, kan ein stussa over korleis Sogn og Fjordane gjer det betre i sidemål enn i hovudmålet sitt. Dei har hatt skrivetrening i sidemålet sitt i berre to år. Til samanlikning har dei hatt skrivetrening i hovudmålet sitt i heile ti år. Det same gjeld for Oslo-elevane: Ifølgje statistikken gjer dei det betre i nynorsk enn elevane i Sogn og Fjordane – og framleis har dei berre to år skrivetrening. Det er også klart at nynorskelevane vert meir eksponerte for sitt sidemål samanlikna med kva bokmålslevane vert.

Nynorsk representerer for mange ein stor del av *det norske*, og det er derfor ein viktig del av kulturarven vår. Oslo, som største by i Noreg, har også eit rikt kulturtilbod til menneske i alle aldrar. I nettmagasinet Framtida kan ein til eksempel lesa om at 900 sjetteklassingar i Oslo skal få eigarskap til nynorsk gjennom Norsk Målungdom og Den kulturelle skulesekken. Nynorskens hus vil vera arena for arrangementet, og der vil dei snakka om språkhistoria, og dei skal få lesa og skriva nynorsk sjølve. Seinare skal dei få sjå skodespel på Den Mangfaldige Scenen, der dei vil høyra nynorsk i bruk (Bøyum, 2019). I det same nettmagasinet kan ein lesa om André Nilsson Dannevig, som skreiv masteroppgåve om elevar i Oslo-skulen som bytte målform frå bokmål til nynorsk. «Haldningane i hovudstaden gjer han ekstra fascinert over tendensen, som har vart over fleire år» (Nøttveit, 2016). Dannevig seier også at det er mykje negativt rundt undervising, vurdering og kva kulturell verdi nynorsken har. I samandraget til si masteroppgåve skriv han: «Jeg diskuterer hvordan investeringen i nynorsk må forstås som drevet av visse ambisjoner som er en del av individenes livsprosjekt, og hvordan de gjør investeringen i nynorsk nødvendig for å nå visse mål» (Dannevig, 2016).

1.3. Ei vidare didaktisk tilnærming i nynorskundervisinga

Hausten 2017 tok eg faget *Norskdiraktikk* ved Høgskolen i Innlandet, men faget gav lite didaktiske perspektiv på nynorsklæring og -undervising. Fyrst då eg tok faget *Andrespråksdidaktikk* ved same høgskule hausten 2018, fann eg nye briller som kunne bidra i prosessen med å hjelpa elevane til å koma på *innsida* av det nynorske skriftspråket.

Jens Haugan skriv i sin artikkel «Language diversity in Norway and the question of L1 and L2» i *Beyond Philology* (2017) at nynorsk kan reknast som eit framandspråk for 90 % av

skuleelevane i Noreg. Om ein ser på nynorsk som eit framandspråk for dei fleste norske elevar, ligg det til og med bak engelsk. Norske elevar er meir eksponerte for både bokmål og engelsk enn dei er eksponerte for nynorsk. Dette gjer at me må sjå på definisjonen av framandspråk, og eg fann denne på Utdanningsdirektoratet sine nettsider: «Fremmedspråk er et språk som ikke er en persons førstespråk og som vedkommende lærer eller har lært utenfor miljøer hvor det er i allmenn bruk som dagligspråk» (Udir, 2016). Eg synest denne «merkelappen» på nynorsk er spennande fordi den kanskje seier noko om ein manglande nynorsk identitet blant folket, og omgrepet utfordrar oss til å tenkja nytt om nynorsklæringa i skulen. Sjølv om elevane i Sogn og Fjordane ikkje kan reknast som ein del av desse nitti prosentane, kan det tenkjast å vera fruktbart å finna nye perspektiv innanfor språklæringsteoriar og språkdidaktikken sidan bokmålspåverknaden er så stor som han er.

Dei ulike språklæringsteoriane kan potensielt hjelpa alle norsklærarar, anten dei underviser i nynorsk som sidemål eller hovudmål. Teoriane og forskinga meiner eg underbyggjer at ein norsklærer må vera medveten sine val på vegner av elevane, og læraren må verta kjend med elevane på ein slik måte at desse vala er konstituerte i elevanes livførsel, identitet, posisjonar i sosiale grupper og deira framtidsplanar. Med bakgrunn i dette har eg valt å ha fokus på lærarane og deira praksis i norskfaget, for det er lærarane som byggjer relasjonar til elevane som støttar skulen sitt mandat, og i dette tilfellet norskfaget sitt formål:

Norsk er eit sentralt fag for kulturforståing, kommunikasjon, danning og identitetsutvikling. Gjennom aktiv bruk av det norske språket innlemmast born og unge i kultur og samfunnsliv, og rustast til deltaking i arbeidsliv og demokratiske prosesser. Norskfaget opnar ein arena der dei får anledning til å finna sine eigne stemmer, ytre seg, bli høyrte og få svar.

[...]

I Noreg er norsk og samisk offisielle språk, og bokmål og nynorsk er likestilte skriftlege målformer. Me bruker mange ulike dialekter og talemålsvariantar, men også andre språk enn norsk. Det språklege mangfaldet er ein ressurs for utviklinga av born og unge si språkkompetanse. Med utgangspunkt i denne språksituasjonen skal born og unge få eit bevisst forhold til språklig mangfald, og lære å lesa og skriva både bokmål og nynorsk. Formålet med opplæringa er å styrke elevanes språklege tryggleik og identitet, utvikla deira språkforståing og gje eit godt grunnlag for meistring av begge målformene i samfunns- og yrkesliv (Udir., 2013: 1).

Lærarane står ganske fritt i korleis dei vel å arbeida med nynorsken, så lenge dei held seg til kva læreplanen sine kompetansemål krev. Om ein ser nærmare på kva kompetansemål som seier noko konkret om dei to målformene, finn eg fire punkt der eleven skal kunna:

- gjera greie for nokre kjenneteikn ved hovudgrupper av talemål i Noreg, og diskutera haldningar til ulike talemål og til dei skriftlege målformene nynorsk og bokmål
- nytta grammatiske omgrep til å samanlikna nynorsk og bokmål
- forklåra bakgrunnen for at det er to likestilte norske målformer, og gjera greie for språkdebatt og språkleg variasjon i Noreg i dag
- lesa og analysera eit breitt utval tekstar i ulike sjangrar og medium på bokmål og nynorsk og formidla mogelege tolkingar

(Udir., 2013: 9).

Det vert opp til didaktikken og språklæringsteoriane å koma med fagleg rettleiing til lærarane på korleis kompetansemåla i læreplanen vert dekte. Eit dokument som lærarane på noverande tidpunkt ikkje treng å ta omsyn til, er den nye læreplanen som er venta i 2020. «Målet med fagfornyelsen er å styrke elevenes faglige forståelse og legge bedre til rette for dybdelæring. Det skal også gi barn og unge gode vilkår for å utvikle verdier, kunnskaper og holdninger» står det i pressemeldinga på regjeringa si nettside (Regjeringen, 2018). Vidare står det at endringane for norskfaget vert at:

Elevene skal i større grad eksperimentere og bruke sin nysgjerrighet i faget, særlig i de lavere trinnene. På videregående skolenivå skal elevene øve på akademisk skriving. Elevene skal gjøre dypdykk i språk- eller litteraturhistorie for å sette tema de arbeider med inn i en språklig og historisk sammenheng. (Regjeringen, 2018).

1.4. Oppgåvas struktur

I denne masteroppgåva vil oppgåvas teoretiske tilnærming verta presentert i kapittel 2, der eg gjer greie for nokre omgrep, samt teori om investering i språk, undervisningsmetodikk, sjølvregulert læring og vurdering, ordforråd og ordlæring. I kapittel 3 gjer eg greie for metoden eg har nytta for å få datatilfanget til denne oppgåva. Her syner eg fram det førebuande arbeidet til dei kvalitative intervjua, og grunnleggjend forskingsstrategien min, før eg diskuterer avgrensingar og moglege problem denne oppgåva kan ha. Empirikapittelet kjem som nummer 4 og er nært knytt til metodekapittelet: Her gjer eg greie for vurderinga bak forskingsspørsmåla og intervjuguiden med utgangspunkt i mi teoretiske referanseramme. Vidare presenterer eg empirien gjennom tre kapittel, og diskuterer fordelar og ulemper, samt korleis empirien skal bidra til å svara på forskingsspørsmåla. Til slutt analyserer og diskuterer eg datamaterialet i ljøs av det teoretiske tilfanget, og rundar av med nokre avsluttande kommentarar.

2. Teoretisk tilnærming

I dette kapitlet skal eg gjera greie for den teoretiske referanseramma for denne masteroppgåva. Eg vil starta med å gjera greie for nokre omgrep som er sentrale hjå Bourdieu (Wilken, 2008), før eg presenterer Bonny Norton og hennar didaktiske perspektiv innanfor språklæring i boka *Identity and Language Learning: Extending the Conversation* (2013). Vidare vil eg presentera forslag til undervisningsmetodikk som er retta mot lærarar som underviser i nynorsk, og eg presenterer her Norunn Askeland og Cecilie Falck-Ytter si fagbok *Nynorsk på nytt* (2010). Sjølvregulering og vurdering er ein viktig del av læringsprosessen i ungdomsskulen, og eg presenterer det gjennom Therese Nerheim Hopfenbeck si bok *Strategier for læring: Om selvregulering, vurdering og god undervisning* (2014). Til slutt vert teori om ordforråd og ordlæring presentert gjennom Anne Golden og hennar bok *Ordforråd, ordbruk og ordlæring* (2014), samt Patsy M. Lightbown og Nina Spada i *How Languages are Learned* (2013).

2.1.1. Bourdieus omgrep

Eg startar dette teorikapitlet med å gjera greie for nokre av Pierre Bourdieu sine omgrep, og desse nytta han i sitt analyseapparat for å forstå sosialt liv (Wilken, 2008). Dette heng saman med Bonny Norton sin språklæringsteori og dei omgrepa ho nyttar, noko som gjer at deira heilskaplege omgrepsapparat står sentralt i oppgåvas analyse- og diskusjonskapittel. Bourdieus omgrep vert her presenterte gjennom Lisanne Wilken, då ho har laga ein introduksjon til hans tenking. Wilken bidreg med forslag til korleis ein *kan* forstå omgrepa i hans teori, og ho seier innleiingsvis at den tek sikte på å byggja bru over kløfta mellom eksistensialisme og strukturalisme, subjektivisme og objektivisme for å forstå sosialt liv (Wilken, 2008). Sjølv kallar Bourdieu seg for generativ strukturalist eller konstruktivistisk strukturalist, noko som beskriv det han ynskjer å gjera analytisk tilgjengeleg: Han vil setta omgrep på ein slags strukturerande kulturell grammatikk, som set agentane i stand til å generera ei uendeleg rekkje av moglege praksisar (Wilken, 2008: 35).

2.1.2. Habitus

Pierre Bourdieu er viktig for denne oppgåva med tanke på at omgrepa hans vert relevante når eg seinare skal analysere læraranes og elevanes kvardag med nynorsk. Habitus-omgrepet gjer det til eksempel enklare å sjå kva kulturelle band ein kan ha til nynorsk. «Bourdieu

habitusbegrep kan fortolkes som et kulturbegrep som understreker de dynamiske relasjonene mellom individet og det sosiale. Habitusbegrepet refererer både til individets mentale disposisjoner [...], til erfaringenes kroppslige forankring [...], og til individenes sosiale forankring» (Wilken, 2008: 36). Habitus kan sjåast på som «kultur» fordi det er eit produkt av sosialiseringa, og særleg den tidlege: Den er viktig for danninga av disposisjonane som individ vil handla etter. Bourdieu snakkar også om den kroppsleggjorte habitus fordi disposisjonane er tileigna, men tileigningsprosessen er gløymd eller fortrengd: Kulturen sit i kroppen, og kulturen endrar kroppen. På den måten kan ein snakka om den individuelle og den kollektive habitus.

2.1.3. Felt og kapital

I eit samfunn har me mange ulike rom, og i alle desse romma finst det ulike felt. Ein skule eller ei sosial gruppe kan til eksempel vera eit felt, og individet tek alltid med seg sin habitus inn i feltet. Kriteriet for å definera eit felt er at ein kan påvisa at det står noko på spel som agentar finn det verdt å kjempa for eller om. Ein kan altså forstå *felt* som arenaer der det går føre seg sosiale «kampar». Noko det kan vera verdt å kjempa for eller om, er kapitalformer, og Bourdieu meinte at det finst ulike former for makt i eit samfunn, og at dei er knytte til dei ulike kapitalformene: *Økonomisk kapital*, *kulturell kapital* og *sosial kapital*. Ved sida av dette finst også omgrepet *symbolsk kapital*, som er evna ein har til å omsetja kapitalformer til andre former for verdi (Wilken, 2008: 39). Kapitalformer som gjev tilgang til makt innanfor det større sosiale systemet, er objektivt sett meir verde enn kapitalformer som gjev prestisje, ære og makt i eitt enkelt felt. Dette er ein måte å tenka sosialt liv på, for felt refererer til relasjonar mellom agentar som kjempar om bestemte former for kapital. Me tek del i kampar om kapital i mange ulike felt på same tid, mellom anna som familiemedlem, venn, borgar, sjef og tilsett. Dei ulike kapitalformene kan også verta veksla mellom kvarandre: Den økonomisk kapitalen kan til eksempel påverka den sosiale kapitalen. Agentar er til ei kvar tid bundne av sin habitus, noko som påverkar kva moglegheiter dei har til å veksla kapitalformer.

Eit omgrep Bourdieu nyttar, er *Doxa*, som er gresk for *meining*: Det er dei premissane som agentar handlar etter, og som gjer kampen i feltet meningsfull. Desse premissane er ikkje bestemte av nokon, men kan heller ikkje diskuteras innanfor sitt felt. Eit felt kan sjølvstøtt diskutera andre felt sine premissar, noko som gjer visse posisjonar moglege og andre umoglege.

2.2. Bonny Norton: Identitet og språklæring

Språk og identitet er nært knytte til kvarandre, og kanskje spesielt dialektane våre vert sette på som ein viktig del av identiteten til kvar og enkelt av oss. Når det gjeld skriftspråk, er det interessant å sjå på i kor stor grad ein eventuelt forbind nynorsk med sin eigen identitet. Kva relevans har utforsking av identitet for språklæring? I dei følgjande avsnitta vert dette presentert gjennom Bonny Norton (2013).

Norton har definert omgrepet *identitet* gjennom poststrukturalistisk teori. Ho forstår identitet som måten ein person forstår sitt forhold til verda, korleis det forholdet er konstruert gjennom tid og rom, og korleis personen forstår moglegheiter for framtida (Norton, 2013: 4). Ho argumenterer for at dei som lærer språk, heile tida organiserer og reorganiserer ei forståing av kven dei er, og korleis dei relaterer til den sosiale verda kvar gong dei uttrykker språk. Norton siterer Chris Weedon på dette: «[...] as Weedon notes, identity is constituted in and through language» (Norton, 2013: 4). Noko meir utfyllande er sitatet frå Heller:

As Heller (1987) demonstrates, it's through language that a person negotiates a sense of self within and across different sites at different points in time, and it is through language that a person gains access to – or is denied access to – powerful social networks that give learners the opportunity to speak. Thus language is not conceived of as a neutral medium of communication, but is understood with reference to its social meaning (Norton, 2013: 45).

2.2.1. Identitet og investering i språk

Kva som gjer at ein elev ser verdien i eitt fag, og ingen verdi i eit anna fag, er interessant og nyttig for lærarar å veta meir om. «The construct of investment offers a way to understand learner's variable desires to engage in social interaction and community practices» (Norton, 2013: 6). Elevane kan ha eit ambivalent ønske om å læra og nytta språket dei lærer. Viss dei investerer i målspråket, gjer dei det med ei visse om at dei også vil tileigna seg eit vidare spekter av *symbolske ressursar*. Her kjem det fram at Norton er inspirert av Bourdieu sitt arbeid, og særleg det me kan referera til som hans *feltteori*. Desse symbolske ressursane vil etter kvart påverka deira kulturelle kapital og sosiale makt (Norton, 2013: 6). Her nyttar altså Norton investeringsomgrepet framfor, eller i staden for, motivasjonsomgrepet. «‘To what extent is the learner motivated to learn the target language?’, the teacher or researcher asks» (Norton, 2013: 6). Eleven kan vera motivert, men trass i dette kan eleven gjera lite investering i språkundervisinga i eit klasserom eller samfunn – til eksempel kan forklaringane vera at miljøet

eller samfunnet er homofobisk, sexistisk, rasistisk eller elitistisk, skriv Norton. Ei meir openberr årsak kan vera at samfunnet er dominert av eit anna språk eller skriftspråk. Elevar kan også verta ekskluderte frå undervising fordi dei vert sette på, og posisjonerte, som stakkarslege eller umotiverte. «Alternatively, the learner's expectations of good language teaching may not be consistent with the language practices promoted by the teacher in the classroom» (Norton, 2013: 7). «If we agree that diverse identity positions offer learners a range of positions from which to speak, listen, read or write, the challenge for language educators is to explore which identity positions offer the greatest opportunity for social engagement and interaction» (Norton, 2013: 16).

2.2.2. Førestilte fellesskap og identitetar

Førestilte fellesskap (imagined communities) refererer til grupper av folk – ikkje dei i nærleiken eller innanfor ein rimeleg fysisk avstand, men dei som me kjenner ein forbindelse til gjennom makta som ligg i fantasien vår (Norton, 2013: 8). Det er altså ikkje berre det kroppslege fellesskapet me tek del i – me kan tenkja oss til andre fellesskap gjennom ei form for fantasi, og desse banda strekk seg både romleg og temporært. «A focus on imagined communities in language learning enables us to explore how learners' affiliation with such communities might affect their learning trajectories. Such communities include future relationships that exist only in the learner's imagination as well as affiliations – such as nationhood or even transnational communities – that extend beyond local sets of relationships» (Warriner, 2007 i Norton, 2013: 8). «These imagined communities are no less real than the ones in which learners daily engage with and might even have a stronger impact on their current actions and investment» (Norton, 2013: 8).

2.2.3. Identitet, språklæring og makt

Nokre språk har meir makt enn andre språk, og det vert tydeleg når ein ser kor mykje eller kor lite kvart enkelt språk vert synt fram. I Noreg er til eksempel både bokmål og engelsk meir synlege enn nynorsk og samisk. «Second language theorists have not adequately explored how inequitable relations of power limit the opportunities second language learners have to practice the target language outside the classroom», skriv Norton (2013: 45). «[...] I use the term 'power' to reference the socially constructed relations among individuals, institutions and communities through which symbolic and material resources in a society are produced,

distributed and validated. By symbolic resources I refer to such resources as language, education and friendship, while I use the term material resources to include capital goods, real estate and money» (2013: 47). Norton nyttar her omgrep frå Bourdieu for å konseptualisera forholdet mellom identitet, språklæring og makt: «I draw on Bourdieu to suggest that an expanded definition of communicative competence should include the ‘right to speech’ (what I have translated as the right to speak) or the ‘the power to impose reception’ (1977, p. 75)» (2013: 48). Norton siterer også Cummins for å konseptualisera: «The power relationship is additive rather than subtractive. Power is created with others rather than being imposed on or exercised over others’. By extension, relations of power can serve to enable or constrain the range of identities that language learners can negotiate in their classrooms and communities» (Cummins, 1996 i Norton, 2013: 49).

«It is only by understanding the histories and lived experiences of language learners that the language teacher can create conditions that will facilitate social interaction both in the classroom and in the wider community, and help learners claim the right to speak. Likewise, unless learners believe that their investments in the target language are an integral and important part of the language curriculum, they may resist the teacher’s pedagogy, or possibly even remove themselves from the class entirely» (Norton, 2013: 179).

2.3. Undervisningsmetodikk: Nynorsk i norskfaget

I *Nynorsk på nytt* (2010) skriv Norunn Askeland og Cecilie Falck-Ytter eigentleg for lærarar og studentar som underviser i nynorsk som sidemål. Eg har likevel tatt med deira tips til undervisningsmetodikk i nynorsk fordi eg trur denne didaktikken er kjend for alle språklærarar – sjølv dei som underviser i nynorsk som hovudmål. Det er viktig at læraren hugsar å nytta seg av alt det andre som fungerer godt i anna morsmåls- og språkfagundervisning, skriv Askeland og Falck-Ytter: «Dei same didaktiske grepa skapar arbeidslyst og engasjement når det gjeld både nynorsk, bokmål og framandspråk» (2010: 61). Når det gjeld nynorsk, tenkjer dei at det er best om den vert voven inn i heilskapen – og her ser me teikn på at boka er skriven for dei som underviser i nynorsk som sidemål. Likevel, dette er viktig: Askeland og Falck-Ytter meiner det er best om nynorsken kjem som *kontinuerlege innslag* i staden for å koma i *periodeundervisning*. Det vert lærarens oppgåve å sørge for at elevane møter nynorsk i både lesestoff, skriveoppgåver og lesestoff om språk og kultur. «Målet er å få etablert eit nynorskvennleg språkmiljø i klasserommet» (2010: 62).

2.3.1. Å nytta datamaskin i nynorskundervisinga

Variasjon er naturlegvis eit nøkkelord når det kjem til nynorsk og nynorskundervising, og Askeland og Falck-Ytter er særst positive til å nytta internett for å finna lesestoff, eller nettsidene til Noregs Mållag og Norsk Målungdom. På nettsida til Aasen-tunet eller Nynorsk ressurscenter kan ein til eksempel finna spel også. Fint kan det også vera å nytta nynorske artistar og band i undervisinga, og desse har også eigne nettsider. Poenget er at elevane skal forska litt sjølve, gjerne på internett, gjerne ved å finna svaret på nokre spørsmål: «Kor mange skuleelevar har nynorsk som hovudmål? Kven finn namnet på tre nynorske aviser? Kven finn ein ungdomsskule med ei heimeside på nynorsk?» (2010: 64). Nyttig kan det også vera å kjenna til bakgrunnen for kvifor me har to likestilte skriftspråk i Noreg, og at elevane tidleg får eit lite kurs i språkhistoria. Her kjem ein også inn på Noregs dialektmangfald. «Barn er språkleg nysgjerrige, og det er gøy å samanlikne med det som ligg nærast: deira eige norske talemål» (2010: 66).

Når det gjeld å skriva tekstar på datamaskin, kan det vera både bra og dårleg, meiner Askeland og Falck-Ytter (2010: 110-111). Det vert mellom anna lettare og raskare å produsera tekst, det vert enklare å omskriva og forbetra tekstane sine, ein får færre stavefeil, det vert enklare for lærarane å lesa tekstane, og ein kan lettare sjå på teksteksempel på storskjerm i klasserommet. Likevel har skriving på datamaskin nokre utfordringar for dei som skriv nynorsk: Stavekontrollen kan ikkje retta inkonsekvens (til eksempel kan ein skriva både «da» og «då» i same tekst), og homograrar (til eksempel kan ein skriva «et eple» fordi «et» er presensforma av «å eta»). På grunn av dette vert det viktig for elevane å kjenna til ordboka, men spørsmålet er om ho er best på nett eller i papirutgåve. Det er raskt å slå opp i ordboka på nett, men ulempa er at ein må stava ordet heilt korrekt for å få treff, og slik sett vert det meir treffsikkert med ei papirutgåve. I tillegg har ikkje den elektroniske ordboka den fordel at den bøyer substantiv og verb heilt ut, og undervisinga må derfor gje rom for opplæring i dei ulike bøyingsklassane med forkortingar (2010: 116). Retteprogram og stavekontroll erstattar ikkje ordlista, og det vert viktig å bruka tid saman med elevane for å læra korleis ein nyttar ordboka (2010: 116).

2.3.2. Å lesa og skriva nynorsk

Literacy, eller tilgangskompetanse, er eit omgrep som dekkjer ein brei kompetanse knytt til lesing, skriving, tolking, forståing og det å nyttiggjera seg av ulike teikn og meiningsberande ressursar. Ein utviklar kognitive evner og kritisk refleksjon som grunnlag for personleg og samfunnsmessig utvikling fordi ein reknar tilgangskompetanse som ein føresetnad for

deltaking, demokrati, fridom og fred. For nynorsken tyder dette at ein gjennom å læra å lesa og skriva, forstå og tolka nynorske tekstar utviklar ein literacy: Det gjev tilgang til ein kultur som har tradisjon for kritisk tenking som ledd i utvikling av demokratiet (Askeland og Falck-Ytter, 2010: 75).

Når det gjeld lesing, er det viktig at læraren modellerer tekstar før elevane skal lesa, og på den måten viser læraren korleis elevane kan praktisera ein lesestrategi. Det vert eit samarbeid mellom lærar og elev, og elevane kan gjerne arbeida i grupper før dei arbeider sjølvstendig. Elevane lærer, med rettleiing frå læraren, at ulike strategiar kan høva til ulike tekstar, kanskje avhengig av om det er ein faktatekst eller fiksjonstekst (2010: 81). Ofte kan lærarane vera gode på å øva inn lesestrategiar når elevane les fiksjonstekstar, men ikkje alltid når det gjeld faktatekstar. Askeland og Falck-Ytter presiserer at det ikkje er noko forskjell anten det gjeld bokmål eller nynorsk. Det kan også vera nyttig å gjera elevane merksame på at alle fag har fagspråk, og at fagspråk representerer eit *presist* språk. Då er det viktig at elevane lærer dei orda som representerer eit presist språk for kvart enkelt fag.

«Gjennom skriving viser elevane kva dei verkeleg kan av nynorsk», skriv Askeland og Falck-Ytter (2010: 105). Skrivekompetansen speglar ofte også om ein har lese gode nynorsktekstar: «Ein må tenkje at dei tekstane elevane skal lese, må likne på dei tekstane dei skal skrive, blant anna til eksamen» (2010: 105). Samstundes er eit tips frå Askeland og Falck-Ytter at ein skal skriva ofte og kort: Elevane må få mange skriveoppgåver. Likevel skal skriveundervisinga ha ein klar progresjon. Ein må auka lengda på dei lesne tekstane, og gå frå enkle til meir avanserte sjangrar. Læraren må også gjera elevane medvetne kva som gjev god nynorsk: «Vi må bruka ein meir verbal og aktiv stil for å få godt mål» (2010: 107). Vidare meiner Askeland og Falck-Ytter at den prosessorienterte skrivepedagogikken er avgjerande for god skriving. Læraren skal vera der for eleven under heile skriveprosessen, som inspirator, rådgevar og hjelpar. Førskrivingsfasen, eller idéfasen, er også sentral for ein god tekst og den kan gjerne fyllast med lesing.

2.3.3. Grammatikk

«Forskning viser at undervisning i grammatikk ikkje ser ut til å gjere noko godt for utvikling av skriveferdigheitene i morsmålet (altså hovudmålet)» (Hertzberg, 2008 i Askeland og Falck-Ytter, 2010: 131). Likevel treng me eit språk om språket – både i norsk- og i framandspråksundervisinga. Det ser ut til å vera vanleg praksis å la vegen gå gjennom

grammatikk for å læra nynorsk, særleg når nynorsk er sidemål. Kanskje har nynorsk vorte sett på som framandspråk visse stader på Austlandet, men dette er tabu å snakka om (2010: 133). «Nynorsk blir ikkje eit framandspråk sjølv om elevane også får undervisning i nynorsk grammatikk – gjerne ved hjelp av inspirasjon av gode idear frå framandspråksundervisninga» (2010: 133).

Utfordringa med å undervisa i grammatikk er at det er eit abstrakt system, og det vil vera store individuelle skilnadar mellom elevane og kva dei forstår til ei kvar tid. Og sett at alle elevane meistra bøyings skjema og setningsanalyse, er ikkje overføringsverdien frå øvingar til elevtekst alltid så stor. «Utfordringa er raskt å byggje bru til dei ‘ordentlege’ elevtekstane så ikkje dei grammatiske øvingane heng i lause lufta» (2010: 134). Når det kjem til retting av grammatikk i tekstar, bør lærarane ha ei fokusert retting: Ein treng ikkje retta alle ordklassane kvar gong, og ein kan tilpassa rettinga til det nivået eleven er på. Det vert viktig for å eleven å veta kva ein skal retta opp i til neste gong, men det er like viktig å veta kva ein meistrar. Om det er noko grammatisk elevane strever med, kan ein også gje tilpassa grammatikkoppgåver som skriveoppgåve, tipsar Askeland og Falck Ytter: Eleven kan skildra ein typisk novemberdag ved hjelp av så mange adjektiv som mogleg, eller skriva ei skildring av ein typisk kroppsøvingstime med så mange sterke eller svake verb som mogleg (2010: 138).

2.4. Sjølvregulert læring og vurdering for læring

Ungdomsskulen markerer eit skilje for veldig mange; no skal elevane verta meir og meir sjølvstendige, og dei skal få karakterar på det meste dei gjer på skulen. Vurderingssituasjonane er difor ein viktig del av samspelet mellom lærar og elev i desse åra der elevane skal førebu seg til ein kvardag på vidaregåande skule. For å få ei teoretisk tilnærming til dette ser eg til Therese Nerheim Hopfenbeck og boka hennar *Strategier for læring. Om selvregulering, vurdering og god undervisning* (2014).

2.4.1. Sjølvregulert læring

Self-regulated learning (is) an active, constructive process whereby learners set goals for their learning and then attempt to monitor, regulate and control their cognition, motivation and behavior, guided and constrained by their goals and the contextual features in their environment (Pintrich, 2000: 174 i Hopfenbeck, 2014: 20).

Hopfenbeck seier at evna til sjølvregulert læring kan nyttast på tvers av fag, disiplinær og område i livet fordi sjølvregulert læring føreset kunnskap om eigen motivasjon, kva strategiar som er hensiktsmessige å nytta, og korleis me sjølve kan kontrollera og overvaka egne læringsprosessar (2014: 21). Vidare skriv Hopfenbeck at sjølvregulering står i motsetnad til tilpassa opplæring på den måten at sjølvregulering handlar om korleis ungdom kan verta ansvarlege for egne læringsprosessar. «En viktig del av å kunne være selvregulert, er å kunne kjenne til ulike læringsstrategier og å være i stand til å velge strategier som er hensiktsmessige i forhold til de ulike oppgavene man skal løse» (2014: 22-23). Læringsstrategiar seier noko om framgangsmåtar for å betra sjølve læringsprosessen, skriv Hopfenbeck, og strategiar kan lærast gjennom heile livet; fokuset vert knytt til ulike arbeidsmåtar og ikkje til det enkelte individ (2014: 23).

Ta til eksempel memoreringsstrategiar: «Pugging er kanskje den strategien som i perioder har kommet mest i vanry, og da gjerne gjennom beskrivelser av elever som puger utenat meningsløse rekker av ord de ikke klarer å sette inn i en fornuftig sammenheng» (Hopfenbeck, 2014: 39). Denne strategien kan også føra til at ein mistar motivasjon for læring, og lærarens oppgåve vert difor å sikra variert undervising og hjelpa elevane til å velja riktig strategi (Hopfenbeck, 2014).

2.4.2. Vurdering for læring

Ei viktig årsak til at lærarane vurderer elevane sine er for å hjelpa dei til å gjera det endå betre neste gong, og då snakkar me om vurdering *for* læring. Me kan også snakka om vurdering *av* læring, men då er elementet om å hjelpa elevane vidare tatt vekk. Hopfenbeck skriv at begge desse formene for vurdering påverkar kva strategiar elevane vel å nytta i klasserommet (2014: 72). Dei lærarane som lykkast med vurdering *for* læring, har ofte ulike former for eigenvurdering integrert i undervisinga, nettopp fordi dette bidrar til å gjera elevane medvetne si eiga læring, i tillegg til at det gjev dei auka sjølvinnstikk i læringsprosessane (White and Fredriksen 1998 i Hopfenbeck, 2014: 73).

Vidare presenterer Hopfenbeck ei liste over korleis elevar og lærarar lærer best. Dei lærer best når dei forstår kva dei skal læra, og kva som er forventna av dei, får tilbakemeldingar som fortel dei om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen, får råd om korleis dei kan forbetra seg, og når dei er involverte i eigene læringsarbeid ved mellom anna å vurdere eige arbeid og utvikling

(ARG¹ i Hopfenbeck, 2014). Black & William (2009) har også gjeve råd om korleis vurdering for læring kan realiserast i praksis, også her formulert som fem prinsipp presentert i Hopfenbeck:

1. Klargjera og dela intensjonen med læringa og kriterier for å lykkast.
2. Leggja til rette for effektive diskusjonar i klasserommet og læringsaktivitetar som gjev kunnskap og informasjon om elevanes prestasjonar (achievements).
3. Tilby tilbakemeldingar som gjer at elevane kjem vidare i læringsprosessane.
4. Læra elevane å verte aktive slik at dei fungerer som læringsressursar for kvarandre.
5. Læra elevane å verte aktive også med tanke på å få eigarskap til eigen læring.

(Black & William 2009 i Hopfenbeck, 2014: 123).

Hopfenbeck siterer også Elwood og Klenowski, som spør «Kva kjenneteiknar vurderingar ein kan læra av?», og også dei har ei liste med fem punkt:

1. Tilbakemeldingar må vere knytt til kvaliteten på elevanes produkt, og tilbakemeldingane må innehalda råd om kva som kan verta betre. I tillegg bør ein unngå samanlikningar med andre elever.
2. Elever må trenast i eigenvurdering slik at dei kan forstå hovudformålet med eigen læring, og kva som krevst for å nå målet.
3. Når lærarar planlegg undervising, bør det gjerast slik at elevane har moglegheit til å forklara kva dei sjølv forstår, sidan elevanes forståing kan opna for dialogar som fremmer vurdering for læring.
4. Lærarar bør forsøke å fremje samtalar som gjev elevane tid til å reflektera, tenkja og dela idear om læringa. Dette krev omtanke frå lærarane og eit trygt miljø i klasserommet.
5. Prøver og heimearbeid kan støtta læringsprosessar, men det føreset at dei er relevante og har klare læringsmål. Tilbakemeldingar på lekser og prøver må på same måte gje klare råd om korleis ein kan betre seg, og elevane må få hjelp til dette arbeidet

(Elwood og Klenowski 2005: 245 i Hopfenbeck, 2014: 124).

2.5. Ordforråd og ordlæring

I piloten til denne masteroppgåva vart eg gjort merksam på at nynorskelevane nytta ein del bokmålsord og omgrep som ikkje er tillatne i nynorsk. Av den grunn har eg sett til Anne Golden si bok *Ordforråd, ordbruk og ordlæring* (2014), samt Patsy M. Lightbown og Nina Spada og deira bok *How Languages are Learned* (2013).

¹ **Assessment Reform Group** (ARG) er ei gruppe frå Storbritannia som gjennom 20 år har vore i forskingsfronten når det gjeld å utfordra tenking knytt til vurderingspraksisar i alle fag (Hopfenbeck, 2014:160).

2.5.1. Ordforråd, ordbruk og ordlæring

«For å kunne si noe om hvordan innlærere lærer ord, må vi – i tillegg til å ha teorier om språk og språklæring generelt – ha kunnskaper om hva ordforrådet i et språk består av, og hvordan det brukes» (Golden, 2014: 67). Når det gjeld å lesa tekst, er det ikkje slik at ein treng å forstå alle ord i ein tekst for å forstå heilskapen: «En del ord er redundant, det vil si at den logisk sett er overflødig» (Golden, 2014: 112). Golden meiner at skriftlege tekstar er ei viktig kjelde til ordlæring for elevar, men kva vil det eigentleg seia å kunna eit ord? Sjølv vaksne språkbrukarar kan orda i språket sitt i varierende grad: Nokon ord forstår dei berre i kontekst, og dei nyttar dei aldri, medan dei beherskar andre ord fullt ut. Ein må ha kjennskap til ordets form: Korleis det vert uttala, og korleis det høyrer ut eller vert skrive. Kjenner ein eit ord inngående, vert sjølve lydsekvensen naturleg, og ein oppfattar ordet lett. Vidare må ein kjenna ordet i skrift, og då har ein gjerne automatisert ordet i si skriftlege form, og ein kjenner til dei ulike bøyings- og avleiingsmoglegheitene ordet har (Golden, 2014: 70). Orda er organiserte på ein effektiv måte i hjernen: Alle orda er tilgjengelege frå to sider – både for produksjon og for forståing. Når orda skal produserast, startar ein med innhaldet og finn fram til den forma som høyrer til.

Når det gjeld korleis me forstår ord, gjer me det ofte i ein språkleg kontekst. På morsmålet vil ein også lett kunna forstå ord i ein utanom-språkleg kontekst, skriv Golden (2014: 105). Det me uansett alltid tek me oss inn når me skal forstå ord og språk, er vår eigen bakgrunnskunnskap, og det vert derfor ein klar samheng mellom språk og tanke. Nokon argumenterer for at me alle tolkar verda ulikt sidan me alle har ulike erfaringar, og derfor legg me også ulikt innhald i orda. Dette gjer at verkeleg kommunikasjon vert vanskeleg, og særleg om deltakarane kjem frå ulike kulturar og språkbakgrunnar. Dette var noko av argumentasjonen i det som er kalla Sapir-Whorf-hypotesen (2014: 108). Ein mild variant av hypotesen seier at me er sterkt påverka av den måten morsmålet vårt kategoriserer verda på, og at språket derfor delvis styrer tanken.

Det er stor variasjon i ordbruken i språksamfunnet, og me finn det på fleire nivå. Kvar språkbrukaren kjem ifrå (geografisk), altså kva dialekt språkbrukaren har, påverkar variasjonane i språket. Framfor alt er det uttalen og bøyinga av ulike ord som varierer, men det er også variasjon i enkeltord. Ord som er spesielle for ein dialekt, kallar me eit *dialektsærmerke*. Denne skilnaden i ordbruk kan koma av at folk har ulik sosial eller kulturell bakgrunn, skriv Golden (2014: 121). Sjølv på same geografiske område kan folka nytta ulike sosiolektar. Alder spelar inn, og det kan verta merkbar skilnad mellom ordvalet til eldre og yngre. Dei eldre nyttar kanskje ord som er på veg ut av språket, og det er kanskje fordi det som ordet representerer, ikkje lenger er aktuelt i dagens samfunn. Ein del standardiserer også språkbruken og ordvalet

til ord som for norsk høyrer til normalisert bokmål eller nynorsk. «Han eller hun vil imidlertid sjelden bruke ord som tilhører andre dialekter eller generasjoner, hvis ikke poenget er å få fram en helt spesiell effekt» (Golden, 2014: 121).

Det å læra ord på morsmålet skjer utan særleg medvit, men det er likevel ein prosess, og me kan dela han inn i tre prosessar: Forståingsprosessen, lagringsprosessen og prosessen med å finna att orda. Først får me sjå eller høyra ordet gjennom eit innputt. Så startar forståingsprosessen med at ein må finna eit innhald til ordet, ofte gjennom konteksten ordet inngår i. Under lagringsprosessen av ord følgjer det ofte med ein assosiasjon knytt til ordet og minne om hendingar (Schrauf, 2009 i Golden, 2014: 141). Orda kan også koplant saman gjennom dei spesielle relasjonane som ord inngår i, eller gjennom domene eller felt, eller gjennom dei strukturelle rammene (Golden, 2014: 142). Dette gjer det enklare å finna att ordet seinare, og nytta det sjølv.

2.5.2. Ordforråd og lesing av ulike tekstar

Lightbown og Spada skriv om å utvikle vokabularet i skuleåra, og lenar seg på andre forskarar: “Vocabulary grows at a rate of between several hundred and more than a thousand words a year, depending mainly on how much and how widely children read” (Nagy, Herman, and Anderson 1985 i Lightbown & Spada, 2013: 14). Vidare meiner dei at ein mest truleg får det vokabularet ein treng for å gjera det bra i skulen, gjennom å lesa det som er i regi av skulen, samt det å lesa for eiga glede, same kva type tekst det er. Dei viser til forskaren Dee Gardner (2004), som meiner at det er essensielt å lesa eit breitt utval tekstar for å auka ordtilfanget. Med bakgrunn i si eiga forsking, viser han at det er stor skilnad på orda i skjønnlitteratur kontra sakprosa. Dette vil seia at det er ord i skjønnlitteraturen som ein sjeldan vil sjå i sakprosaetekstar, men til gjengjeld har sakprosaetekstar ein tendens til å syna fram eit ord i fleire former (Gardner 2004 i Lightbown & Spada, 2013: 14).

3. Metode

For å innhenta empiri til denne oppgåva har eg nytta kvalitativ metode, nærmare bestemd *kvalitativt intervju* av lærarar på ein ungdomsskule i eit område der nynorsk står sterkt som hovudmål. Eg forklarar i dette kapittelet kvifor denne strategien vart valt, og korleis han vart nytta. Til slutt diskuterer eg avgrensingar og moglege problem metoden kan ha for denne oppgåva. Som fagleg støtte til dette kapittelet har eg nytta Pål Repstad si bok *Mellom nærhet og distanse: Kvalitative metoder i samfunnsfag* (2014).

3.1. Forskingsstrategi

Mi interesse for å sjå på moglegheita for ei vidare didaktisk tilnærming innanfor nynorskundervisinga kom då eg studerte andrespråksdidaktikk og dermed også teoriar om korleis ein lærer språk. Perspektiva eg fann i andrespråksdidaktikken, kunna etter mitt skjøn vore like fruktbare i norskdidaktikken, særleg fordi alle norsklærarar treng fagleg tryggleik med tanke på at norskfaget held fram med to målformer. Henning Fjørtoft skriv i *Norskdidaktikk* (2016) at «De språklige sidene av norskfaget er altså ikke bare språklige kunnskaper og ferdigheter alene, men også et sett holdninger og verdier» (Fjørtoft, 2014: 60). Me må anerkjenna at nynorsk er vanskelegare enn bokmål for veldig mange elevar, til og med for dei som har nynorsk som hovudmål. Då har ein valet mellom å sjå bort frå nynorsken og tenkja at den like godt kan døyt ut, eller så kan ein sjå på korleis lærarane jobbar med nynorsk i skulen, og kanskje finna nye didaktiske perspektiv på korleis me lærer dette skriftspråket, og korleis det er konstituert i faget. Med bakgrunn i dette fann eg ut at det er viktig å verta kjend med *kva* lærarane gjer, *kvifor* dei gjer det, og *korleis* dei gjer det; didaktikkens tre spørsmål. Derfor ville eg intervjuar lærarane for å finna deira didaktikk, og deretter sjå om det kan vera hensiktsmessig å tilby ei vidare didaktisk tilnærming for nynorskundervisinga.

3.1.1. Førøbuande arbeid: Informantar og intervjuguide

Når ein vil intervjuar lærarar for å få informasjon om kva dei gjer, kvifor og korleis dei utøver yrket, er ein avhengig av å koma i kontakt med lærarar som kan tenkja seg å stilla opp på noko dei eigentleg ikkje veit kva er. Dei har ein tett timeplan, og det er mange som stiller krav til dei gjennom heile arbeidsdagen, og det er derfor ikkje så rart at førespurnadane frå studentar ikkje alltid vert prioriterte. Likevel kan det vera viktig å ta seg tid til å vera informant; det er viktig

at studentar som meg skal kunna få tilgang på informasjon basert på erfaring me sjølve endå ikkje har. Like viktig er det kanskje at lærarane sjølve treng å reflektera over eigen praksis frå tid til anna, og gjennom samtale med studentar kan ein få innblikk i nye perspektiv.

Eg fekk i alt fire informantar frå ein og same ungdomsskule, der eg kjende til to av informantane gjennom førre praksisopphald ved skulen. Det er mogleg at dette praksisopphaldet var nok til å gje meg innpass hjå nokre lærarar, for eksempel den eine eg hadde intervjuet til piloten min. Likevel var den fyrste informanten som melde seg, ein lærar som ikkje visste kven eg var. Etter mi oppfatning melde denne læraren seg fordi engasjementet for temaet var stort. I slike tilfelle kan det også finnast element av respekt for studentar, at ein ikkje føler seg truga av spørsmål om eigen praksis, at ein meiner å vera kvalifisert i faget og yrket, og ei viss vedkjenning av at ein aldri vert utlært (Repstad, 2014). Ein annan lærar som ikkje kjende meg frå før, trong meir informasjon om intervjuet for å stilla som informant, og i den situasjonen lèt eg læraren få intervjuguiden nokre dagar før intervjuet vart gjennomført. Dette var viktig for informantens tryggleik då det vart uttrykt ein viss redsel for ikkje å kunna gje reflekterte svar som spegla kvardagen.

Eg har kalla dei lærerane eg har intervjuet, for *informantar* fordi eg ser på dei som folk med mykje erfaring gjennom fleire år i lærarprofesjonen, og på den måten vert dei observatørar som eg hentar relevant informasjon frå. Dette er intervju som kan seia noko om fortida, faktiske forhold og informantens inntrykk av andre menneske sine synspunkt (Repstad, 2014: 17). Samstundes skriv Repstad at ein også kan nytta omgrepet *respondent* fordi respondentintervju gjev meir personleg informasjon, til eksempel om egne følelsar, hensikter og oppfatningar. Eg vurderer intervjuet på ein slik måte at lærarane kan kallast både informantar og respondentar, og det vart såleis gjennomført eit informant- og respondentintervju (Repstad, 2014: 17).

Pål Repstad har skriva om kvalitative metodar i samfunnsfag, og han argumenterer for at intervjuguiden med fordel kan bestå av stikkord slik at intervjuaren må formulera spørsmåla i den munnlege situasjonen, og på den måten vert intervjuet meir som ein naturleg samtale (Repstad, 2014: 78). Eg utarbeidde ein intervjuguide (sjå vedlegg 1) der hovudspørsmåla og nokre oppfølgingsspørsmål var ferdig formulerte. Tidvis kom eg med oppfølgingsspørsmål som kunna utdjupa det informanten sa. Intervjuet heldt ikkje alltid flyten, men eg fekk intervjuet informantane på nokså lik måte, noko som gjer det enklare å samanlikna innhaldet. Informantane fekk også eit eksemplar av denne guiden under intervjuet slik at dei kanskje ville føla seg tryggare i situasjonen, eller berre ha det som ei påminning om kva dei skulle svara på om dei prata seg bort.

3.1.2. Kvalitative intervju

«Kvalitative metoder handler om å karakterisere» skriv Repstad (2014: 16). Med dette forstår me at empirien vanskeleg lèt seg setta inn i eit diagram, men ein finn ofte utsegner i kvalitativ forskning som seier noko om mengd eller hyppigheit likevel. Det viktigaste med dei kvalitative intervju er at dei går i djupna, og ikkje i breidda; ein legg vekt på eit tett og nært forhold mellom forskaren og informantane, sjølv om dette av realistiske årsaker kan vera vanskeleg å oppnå. Intervju er også ganske fleksible; eg kunne stilla spørsmål på andre måtar om informanten ikkje forstod kva eg meinte, eg kunne grava djupare der informanten verka å ha kunnskap eller vidare refleksjon, og eg kunne respondera på ein slik måte at det trygga informanten i situasjonen. Repstad skriv at denne fleksibiliteten gjer at forskaren kan få «*the actor's point of view*: Aktørenes egen virkelighetsoppfatning, deres motiver, deres tenkemåte» (2014: 19). Ein skal likevel hugsa at ingen metode er perfekt, og dei kvalitative intervju har mellom anna vorte kritiserte for å vera idealistiske og individualiserande, og ei svakheit kan vera at dei fort vert kontekstlause (Repstad, 2014: 76).

Eg har allereie gjeve uttrykk for at det ikkje var enkelt å få informantar til denne oppgåva, men eg meiner likevel at eg kan karakterisera ut frå dei intervju eg har. Kwart intervju var djuptgåande, og tre av intervju var om lag i 40 minutt, medan det fjerde intervjuet tok om lag 30 minutt. Kwart intervju vart tatt opp på lydband, med informantane si godkjenning, og desse vart i etterkant transkriberte etter beste evne for at empirien skal ha verdi. På grunn av dette har eg valt å transkribera informantanes dialektar på ein slik måte at empirien ikkje vert klussa med. Samstundes kan det oppstå misforståingar grunna ulikskapar i intonasjon eller ord i dialektane, til eksempel. Det einaste som ikkje er skrive ned, er utsegner som seier noko om kvar informanten er frå, andre personlege opplysingar, eller uviktig informasjon og digresjonar. Mange av informantane nemnde mykje av det same under intervju, samstundes som dei ser ut til å ha si eiga vinkling og sitt eget resonnement. Ein kan argumentera for at eg bevegde meg i eit særers homogent miljø: Norsklærarar på ein og same ungdomsskule, og av den grunn kan fire djuptgåande intervju vera nok til denne oppgåva. Det hadde likevel vore interessant å snakka med lærarar på fleire skular, for å samanlikna deira strategiar og erfaringar i nynorskundervisinga.

3.1.3. Grunngeving av forskingsstrategi

Eg har valt ein forskingsstrategi som går ut på å finna nye didaktiske perspektiv innanfor språklæringsteoriar, og har sett moglegheitene i å sjå til perspektiv innanfor undervising i framandspråk. Dette er eit omdiskutert felt å sjå i samanheng med nynorsken, der kritikken har handla om at ein må vera varsam med å gje elevane inntrykk av at nynorsk er noko anna enn norsk: «Dersom du underviser norske elevar i nynorsk etter rein framandspråksmetodikk, oppfyller du knapt læreplanen sine mål om at elevane skal læra norsk, bokmål og nynorsk» (Fretland og Søyland, 2013: 36). Likevel meiner eg at det finst noko fruktbart i krysninga mellom språklæringsteoriar generelt, didaktikk og kulturteori, særleg for nynorsken. Mange av spørsmåla i intervjuguiden vart derfor utforma etter å ha studert mi primærkjelde, Bonny Norton – professor og universitetslærer i avdeling for Language and Literacy Education, University of British Columbia, Canada (Norton, 2013). Ho er mellom anna inspirert av den franske sosiologen Pierre Bourdieu, og då særleg omgrepa han nyttar i sitt analyseapparat for å forstå sosialt liv (Wilken, 2008). Følgeleg måtte eg gjera greie for nokre av hans omgrep, og vidare resten av mitt teoretiske tilfang, før eg analyserer den presenterte empirien (kapittel 4) i ljøs av dette. Til slutt kan det vera mogleg å sjå at ein såkalla framandspråksmetodikk tilbyr noko universelt relevant i norskfaget fordi metodane kan bidra til ei kulturell, personleg og framtidsretta forankring av nynorsk hjå elevane.

3.2. Avgrensingar og moglege problem

Det som kan vera eit mogleg problem for denne oppgåva, er at den skulle hatt fleire informantar, og kanskje skulle utvalet inkludert nokre elevar – mellom anna for å sjå eit meir heilskapleg bilete av relasjonen mellom elev og lærar. Sidan dette ikkje er nokon feltstudie der eg allereie testar ut ei didaktisk tilnærming i nynorskundervisinga, vil eg også berre kunna anta betydinga den vil kunna ha for elevar og lærarar. Sjølv om tema for oppgåva kan sameinast med læreplanen i norsk og norskfaget sitt formål, vil ikkje denne oppgåva tilby konkrete døme på undervisingsopplegg.

4. Empiri

I dette kapittelet vil eg presentera empirien til denne masteroppgåva, men korleis empirien frå dei kvalitative intervjuar skulle presenterast, har vore ei utfordring å ta stilling til. Med bakgrunn i dei tre forskingsspørsmåla som denne oppgåva reiser, og som var styrande for korleis spørsmåla i intervjuguiden vart utforma, vel eg å presentera empirien etter tema for dataa. Empirien vil altså verta presentert gjennom beskrivingar av funna og nokre direkte sitat frå informantane for å visa fellestrekk og ulikskapar mellom norsklæraranes erfaringar. Sitata verkar på denne måten dokumenterande slik at det vert ein ballanse mellom mitt språk og informantanes språk. Dei fire transkriberte intervjuar kan også lesast i sin heilskap: Sjå vedlegg 2, 3, 4 og 5. I all hovudsak vil eg omtala kva for vurderingar eg har gjort før datainnsamlinga, gje nokre beskrivingar av kva som er karakteristisk ved dataa, fordelar og ulemper ved ulike forskingsstrategiar til denne oppgåva, og gjera greie for korleis datamaterialet skal bidra til å svara på forskingsspørsmåla.

4.1. Vurderinga bak forskingsspørsmåla og intervjuguiden

Eg skal no presentera vurderingane som vart gjort bak kvart enkelt spørsmål i intervjuguiden, og korleis den teoretiske referanseramma var med på å bestemma ordlyden i spørsmåla. Sidan kvar og ein av dei tre forskingsspørsmåla er overordna for fleire ulike spørsmål i intervjuguiden, presenterer eg dataa i dei tre kapitla: 4.1.1, 4.1.2 og 4.1.3.

Under det første forskingsspørsmålet «Kva utfordringar ser lærarane i elevtekstar skrivne på nynorsk, og korleis arbeider dei med nynorsk?», stilte eg spørsmåla:

1. Når du som norsklærer les elevtekstar skrivne på hovudmålet nynorsk, kva språklege utfordringar ser du at elevane har?
2. Korleis tek du tak i desse utfordringane under sjølvne vurderingsprosessen?
3. Er elevane relativt stabile i sin realiserte nynorsk, eller svingar dei gjennom skuleåret? Ser du skilnad i den realiserte nynorsken avhengig av kva type prøve/oppgåve dei får?
4. Korleis arbeider du konkret med nynorsk i norsktimane?

Spørsmål 1, om elevanes språklege utfordringar, er eit av dei openberre spørsmåla å stilla sidan heile oppgåva tek utgangspunkt i at elevane i Sogn og Fjordane gjer det betre i sidemålet bokmål enn i hovudmålet nynorsk. Eg måtte identifisera nokre konkrete språklege utfordringar for

vidare å kunna samanlikna dette med korleis dei arbeider med nynorsk, som spørsmål 4 søker å avdekka. Det andre spørsmålet byggjer nettopp på dette: Korleis nyttiggjer lærarar og elevar seg av vurderingssituasjonane for å utvikla nynorsken? Her tok eg utgangspunkt i Hopfenbeck (2014) og sjølvregulert læring og vurdering for læring, sidan elevane skal verta meir sjølvstendige elevar gjennom ungdomsskulen. Det er også her dei får karakterar inn som ein del av vurderinga på arbeida sine, noko som kan påverka læringa. Spørsmål 3 handlar om å kartleggja korleis lærarane oppfattar elevanes språk gjennom skuleåret/-åra: Er språket stabilt? Ser ein ei positiv, jamn utvikling? Ser ein skilnad på språket i ulike tekstar? Dei to spørsmåla som utgjer spørsmål 3, vart utforma med bakgrunn i Golden (2014) og Dee Gardner i Lightbown og Spada (2013) og deira teori om ordforråd, ordbruk og ordlæring, men det har særleg gjenklang i Askeland og Falck-Ytter (2010) når det gjeld skriving på nynorsk.

I samanheng med det andre forskingsspørsmålet, «Korleis kan arbeidsmetodar og resultat forklarast gjennom språklæringsteoriar?», stilte eg følgjande spørsmål:

5. Kva arbeidsmetodar ser du gjev best resultat for elevane under skriving av tekstar på nynorsk?
6. Veit du noko om kva elevane les på fritida?
7. Kva utmerkar seg positivt i elevanes realiserte nynorsk? (Det elevane meistrar stabilt gjennom skulekvardagen)

Bakgrunnen for det andre forskingsspørsmålet er også opplysningane om elevanes karakterar i hovudmål og sidemål, og dette vert i denne oppgåva omtala som elevanes «resultat». Når denne oppgåva søker å finna ut korleis norsklærarane og elevane arbeider med nynorsk i skulen, altså deira arbeidsmetodar, vil eg sjå kva samanhengar eg finn mellom arbeidsmetode og resultat, og korleis dette kan forklarast gjennom dei språklæringsteoriane eg har gjort greie for i kapittel 2. Det førre forskingsspørsmålet la opp til nokre spørsmål som ofte vert reiste innanfor didaktikken, og dette vil vidareførast under dette forskingsspørsmålet. Spørsmål 5 søker å finna ut om lærarane har nokre gode arbeidsmetodar, og til dels også *kva* som gjer dei gode.

Vidare ville eg veta om lærarane veit noko om kva elevane les på fritida, og spørsmålet vart stilt med bakgrunn i Bonny Norton sin teori. Ho ser språklæring i samanheng med identitet, fleire identitetar og førestilte fellesskap og korleis desse påverkar språkhandlingar og investering i språk (Norton, 2013: 8). I dagens samfunn er det mogleg å ta del i andre menneskes liv gjennom openheita enkelte framviser i sosiale media, og ein kan sjå på dette som ein måte

å ta del i eit førestilt fellesskap gjennom fantasien. Desse menneska kan vera førebilete, og kanskje kan nokre av dei påverka språket til den som tek del i liva deira. Svara som informantane gav meg på dette spørsmålet, fortalde meg også litt om læraren sin relasjon til elevane, og dei fleste byrja å tenkja over kvifor det kanskje kunna vera nyttig å veta noko om elevanes lesevanar heime. Eit slik innblikk kan mellom anna fortelja om elevane har det eg kallar for ein nynorsk-identitet. Det sjuande spørsmålet eg stilte, handla om kva som var positivt med elevanes realiserte nynorsk, nettopp fordi det er viktig å veta om det positive då ein elles søker å finna feil og utfordringar. Dette spørsmålet kan også vera med på å sikra eit meir nyansert bilete av verkelegheita då det heng saman med spørsmål 5.

For å kunne svara på det tredje, og siste, forskingsspørsmålet «Korleis kan den realiserte nynorsken hjå elevane forklarast i forholdet mellom haldningar, identitet og læring?» stilte eg desse spørsmåla:

8. I skulen er mange opptekne av språkleg bevisstheit. Har du nokre strategiar for korleis du best mogleg kan bevisstgjera elevane på språk?
9. Kva haldningar oppfattar du som lærar at elevane har til nynorsk og bokmål?
10. Som norsklærer, reflekterer du over eigne haldningar til nynorsk og bokmål?
11. Gjennom dine observasjonar som lærar, vil du seia at elevane dine har ein nynorsk-identitet?
12. Arbeider du målretta for å skapa ein nynorsk-identitet i saman med elevane, og i så fall korleis?
13. Om ein byter ut motivasjonsomgrepet i denne samanhengen og heller snakkar om elevanes investering i språk, kva argument kan du som norsklærer ha for at dine elevar skal investera i nynorsk?
14. Kva tenkjer du at elevanes noverande språkhaldningar og språkidentitet kan bidra med for å betra deira nynorsk?

Dette forskingsspørsmålet heng nøye saman med Bonny Norton, og derfor er også nokre av spørsmåla utforma med hennar omgrep. Det åttande spørsmålet tek opp språkleg bevisstheit med bakgrunn i piloten eg skreiv (Kompelien, 2017): Informantane snakka om at dei forsøkte å bevisstgjera elevane på språk, utan at eg fekk veta *korleis* dei gjekk fram for å få til dette. Derfor ville eg spørja om dette i denne omgangen, og særleg fordi det heng saman med kva nynorsk har betydd, og kva det kjem til å bety i framtida, jamfør investering i språk.

Vidare stiller eg spørsmål om språkhaldningar i spørsmål 9 og 10: Kva haldningar oppfattar lærarane at elevane har, og reflekterer dei over eigne haldningar? Dette er relevant fordi gode haldningar til dei ulike delane av norskfaget kan ha ein positiv påverknad på viljen til å investera i språk, og nynorsk.

Spørsmål 11 og 12 kan vera utfordrande for informantane, sidan omgrepet *nynorsk-identitet* ikkje er mykje nytta. Likevel er omgrepet sjølvforklarande i konteksten, og det undersøker korleis lærarane erfarer elevanes forhold til nynorsk, og om dei meiner det er viktig for elevanes språklæring. Ein kan også sjå *nynorsk-identitet* i samanheng med Bourdieu (Wilken, 2008) og hans habitus-omgrep: Det nynorske skriftspråket kan sjåast på som ein del av både den individuelle og den kollektive habitus, eller kultur. Dei to siste spørsmåla, 13 og 14, er også utforma med bakgrunn i Nortons teori: Det utfordrar lærarane til å byta ut motivasjonsomgrepet med «investering». Dette er viktig fordi det kan fortelja meg noko om kva lærarane vektlegg i undervisinga, og korleis dei konstituerer nynorsk i skulen og i yrkeslivet som ventar elevane seinare.

4.1.1. Presentasjon av empiri frå forskingsspørsmål 1

«Kva utfordringar ser lærarane i elevtekstar skrivne på nynorsk, og korleis arbeider dei med nynorsk?» er spørsmålet som empirien skal bidra med å gje svar på. Eg vil derfor gje beskrivingar av funna og nokre direkte sitat frå informantane for å visa fellestrekk og ulikskapar mellom informantanes erfaringar frå kvardagen som norsklærarar i ungdomsskulen.

Ein fellesnemnar for dei fire informantane er kva dei meiner er elevanes språklege utfordringar når dei skriv nynorsk: verbbøying og enkeltord som ikkje er tillate i nynorsk. Dette kan vera fordi orda er bokmålsord eller dialektord. Det vert også betre flyt og eit betre språk på bokmål enn på nynorsk, påpeikar to av lærarane: «[...] poenget e atte eg oppleve at det språket flyte lettare før vaore eleva på bokmaol. Det bli eit bedre språk enn på nynorsk» (L1). Lærer 2 er også inne på noko av det same: Informanten meiner at elevane nyttar eit unødvendig tungt språk når dei skriv nynorsk. Same informant nemner også at nokon kan slita med ordstillinga i nynorsk der den er ulik frå bokmål, og at dei har ein tendens til å velja ordstillinga som er naturleg for bokmål. «Ja, så påvirkningen frå bokmaol e veldig stor», nærmast konkluderer lærar 4 på dette spørsmålet.

Alle informantane meiner at dei tek tak i utfordringane under vurderingsprosessen, men samstundes har dei ulike strategiar. Lærar 1 set fokus på elevanes to-tre største utfordringar gjennom tilbakemeldingar i tekstane, for så å lata elevane jobba med dette i timen. Lærar 2 er oppteken av tilpassa tilbakemelding, og nyttar ofte skrivetrekanten: Då vert innhald, formål og form kommenterte, seier informanten. Samstundes likar informanten betre å gje tilbakemeldingar *under* sjølve skriveprosessen. Lærar 3 likar også å gje tilbakemeldingar under skriveprosessen, og denne informanten retter «*nesten alt – både ordfeil og språk, variasjon i språk, setningsoppbygging, grammatikk*». Lærar 4 fortel ikkje mykje om sjølve vurderingsprosessen, men er oppteken av at elevane skal retta tekstane sine og laga hugselister etter tekstane er vorte vurderte. Informanten uttrykkjer også kor vanskeleg det er å vurdere kor sjølvregulerte elevane er, og kva ein kan forventa at dei tek tak i sjølve.

Dei fire informantane er også ganske samde om at elevane er relativt stabile i sin realiserte nynorsk, og at dei ser utvikling i positiv retning for elevanes nynorskskriving gjennom åra på ungdomsskulen. Lærar 2 peiker likevel på at det er skilnader mellom elevanes kognitive utvikling, og dette vert synleg i ulike skriveoppgåver: «*Noen sliter jo mye med å skrive for eksempel sakpregede, reflekterende tekster, og det er jo litt avhengig av modenhetsnivå*». Lærar 1 meiner dei har mykje å henta når det gjeld skriveoppgåvene elevane får, og at den nye læreplanen oppmodar til dette:

«*So no e da nye læreplana på gong med djubdelæring, og det vil eg sei vil vera eit nøkkelord i norsken dao – å fao te undervisning og opplegg der eleven sjøl i større grad har fått vore med og bestemt innhaldet dao. Ikkje tving dei te å skriva om noke dei ikkje føle tilhøyrgheit til, lat de få skriva om Zlatan elle Justin Bieber, elle what ever liksom*» (L1).

Lærar 4 meiner på si side at oppgåvene ikkje gjev utslag på betre eller dårlegare språk, medan lærar 3 ikkje har fokus på nynorsk rettskriving i andre fag enn norsk, til eksempel i samfunnsfag: «*Eg tenke litt atte der e da innhaldet som e da viktigaste, sjølv om eg og e norsklærer, så tenke eg dei ska få skriva og formidla dan kunnskapen dei har om stoffet*».

Når informantane skal gjera greie for korleis dei arbeider med nynorsk heilt konkret i norsktimane, vert det gjennom alle lærarane tydeleg at dei ikkje har «nynorskundervising»:

«Asså, spesifikt nynorsk, asså alt føregaor jo.. heile deis skulekvardag føregaor jo på nynorsk. Adle bøka og all tavleskriving, så det du lure på her e likso ‘no ska me ha om nynorsk’?» (L1). Denne informanten har fokus på at elevane skal involverast i arbeidet med nynorsken, og legg den nye læreplanen, som kjem i 2020, til grunn for dette: Gruppearbeid eller individuelt arbeid og utforsking er L1s strategi. På oppfølgingsspørsmål om informanten har fokus på å lære elevane å slå opp i ordbok, kjem det fram at dei har fokus på å sjekka ord på PC-en. Det hender også at dei har nokre intensivkurs i nynorsk, til eksempel før dei har tverrfaglege, skriftlege innleveringar. Lærer 2 seier at hennar klasse jobbar med grammatikk, setningsbygging og modelltekstar, og skriving jobbar dei med kontinuerleg. Både L1 og L2 trekkjer fram tolærarsystemet ved skulen som positivt når dei må arbeida med nynorsken, fordi det gjev meir tilpassa opplæring til elevane. Lærer 3 tenkjer at dei kanskje driv for lite spesifikk nynorskopplæring, og ser til austlendingane og korleis dei legg opp til sidemålsundervising ein time i veka:

«Sant, dei har mykje meir fokus på da nynorske språket. Her tar me da forgitt atte dei kan da – og kanskje me legg altfor lite vekt – me lese nynorsk, men kommentera ikkje atte ‘her ser du setningsoppbyggingen, her ser du på ordvalget, her ser du på...’ sant. Atte, atte, bevisstgjera på at detta e nynorsk» (L3).

Lærer 4 seier også at det ikkje vert gjennomført konkret nynorskundervising: «Men det e ikkje noke sånn, eg tenke ikkje at det e bevisst nynorskopplæring, det e meir da som e naturle her».

4.1.2. Presentasjon av empiri frå forskingsspørsmål 2

«Korleis kan arbeidsmetodar og resultat forklarast gjennom språklæringsteoriar?», er det andre forskingsspørsmålet denne oppgåva reiser. På spørsmål om kva arbeidsmetodar lærarane meiner gjev best resultat for elevane under skriving av tekstar på nynorsk, var dei som venta ganske spreidde i svara. Lærer 1 held fast ved at elevar som jobba sjølvregulert, er det beste, men at det også er utfordrande fordi opplegget og ramma rundt skal motivera så mange forskjellige individ.

«[...] hvilke arbeidsmetode som gir best resultat: det e å la dei jobba ilag, la dei jobba med ting som dei lika sjøl, som dei e interessert i, som dei ha sagt at detta vil eg skriva om, detta vil eg jobba med.[...] Då oppleve eg auka engasjement og interesse» (L1).

Dei tre andre lærarane er meir opptekne av skriveøving for å kunna skriva gode tekstar seinare:

«[...] det er vel mest det å skrive korte tekster som de får rask tilbakemelding på. Også forskjellige type tekster, selvfølgelig. Ja, korte og ulike tekster, både innenfor fiksjon og sakpregede. [...] Og gjerne også å skrive en tekst, få tilbakemelding, og skrive videre» (L2).

«Det e det samme som på bokmål; det e skriveramme, få start-ord, eh, modellere tekstar, jobba ilag med elevane akkurat dette her med at dei har ei ramma rundt da – fem avsnitt forsempel i sak – innleiing, hoveddel også tre, og at dei får noken stikkord te å begynna med. [...] sant, atte du får sånne start-ord, så blir det, [...] så blir da betre flyt. Så, bevisstgjering på ord, sant, fagord, da tru eg e viktig» (L3).

Eit spørsmål som fortalde meg litt om relasjonen læraren har til elevane sine, var spørsmålet om dei veit noko om kva elevane deira les på fritida. Informantane uttrykkjer at lesing er viktig, men det er uklart om dei har stilt spørsmålet i klasserommet og fått konkrete svar. Informantane går ut ifrå at elevane ikkje les så mykje, og dei tenkjer kanskje då på bøker. Når eg stiller spørsmål ved om dei veit om nokon av elevane les på internett, til eksempel nettavis eller blogg, vaknar dei meir og kjem med informasjon om at nokon av elevane er interesserte i blogger. Lærer 3 trur ikkje at elevane les bøker, men har tenkt over at elevane kanskje les blogger: «Eg tru dei lese ufatteleg lite... bøke. Nokon – altså nokon gjer. Lese. Nokon lese. Elle høyre lydbøke. Men dei som lese – eg trur da e mykje blogg, eh, og det e da. Og snapchat-meldinga, trur eg». Etter kvart som bloggane vert tema, kjem me inn på kva skriftspråk elevane vert eksponerte for, og les, på fritida. Informantane trur at bokmålet verkar uunngåeleg på alt nettbasert lesestoff, og at elevane vert eksponerte for mykje bokmål i løpet av ein dag. Lærer 4 er den læraren som uttrykkjer ei aktiv nysgjerrigheit rundt elevanes lesevanar, og reflekterer rundt dette:

«Nei... eg veit at dei lese veldig lite bøke, men dei les jo mykje, asso dei e jo på nettet heile tiden, så dei les jo mykje utan at dei tenkje øve at dei lese, før når eg spør de 'lese de kår dag?'. 'Nei, de lese ingenting', og då tenke de bøke, dei tenke at eg spør dei om dei lese bøke, og da gjere dei jo ikkje – de ferraste gjere da, dessverre, men egentle so lese dei ganske mykje tekst i løpet ao ein dag, og da de, men da e klart mange spela jo – bruka nettet på spel og chatta og... så eg veit ikkje om dei lese so lange teksta akkurat da, det gjere dei nok ikkje. Elle nyheite elle...» (L4).

Informantane er heller ikkje samstemde i kva elevane deira meistarar stabilt, eller kva som er positivt i deira realiserte nynorsk. Lærar 1 meiner at mange av elevane er flinke til å utnytta potensialet i nynorsk når det gjeld skildring. Lærar 2 har meir fokus på at elevane tek til seg tilbakemeldingane og utviklar seg. Informanten seier også at elevane i Sogn og Fjordane skriv godt nynorsk, men at dei som lærarar kanskje forventar at dei skriv like godt på begge skriftspråk: «*For de som har nynorsk som hovedmål, blir det ekstra tøft for*». Lærar 3 er inne på noko av det same, og presiserer at elevane er gode i nynorsk: Elevane skårar høgt i nynorsk samanlikna med elevar i andre fylke, meiner L3. Samstundes ser informanten at det er rettskriving og språk som trekkjer ned nynorsktekstane, og informanten spør seg om lærarane i Sogn og Fjordane kanskje er strengare enn andre lærarar i vurderinga av nynorsktekstar. Lærar 4 er positiv over at elevane greier å skilja dialekt frå nynorsk, og at dei ikkje vert påverka av «*chattespråket*» når dei skriv i skulesamanheng.

4.1.3. Presentasjon av empiri frå forskingsspørsmål 3

Det siste forskingsspørsmålet, «*korleis kan den realiserte nynorsken hjå elevane forklarast i forholdet mellom haldningar, identitet og læring?*», var utgangspunktet for heile sju spørsmål i intervjuguiden. Det første spørsmålet under dette forskingsspørsmålet søkjer å finna ut korleis lærarane bevisstgjer elevane på språk, og lærar 1 peiker på at dette er tungt vektlagt i kompetansemåla. Her viser den same informanten stort engasjement og har funne oppgåver som bevisstgjer elevane på språk:

«[...] førsempel so no hadde me ei oppgave der ein skulle skriva, laga slektstre te bake te oldeforeldre, der ein skulle undersøke ke dei heitte og ke dei dreiv med litt, og keleisen språk dei snakke – dialekt og keleisen maolmerke som va i dan dialekten – ei super oppgava [...] identitet, dao... kanskje den sterkaste identitetsmarkøren e da å snakka dialekt da» (L1).

To av lærarane fortel også om at dei har gjennomført eit prosjekt i klassa der dei skulle jobba med å utvikla eit *samnorsk* skriftspråk. Der vart elevane spurde om kva ord dei var villige til å gje avkall på i nynorsk, men elevane ville gjerne behalda alle dei nynorske orda, og dette vitna om språkleg bevisstheit, meinte lærar 2. Informanten reflekterte vidare rundt forholdet elevane deira har til nynorsk ved å samanlikna nynorskelevane i vest med bokmålelevar i aust:

«Hva skal jeg si da – det er en større del av identiteten deres, ehm, når mennesker fra Oslo ønsker å kvitte seg med nynorsken, så er det ikke fordi at de har en identitetsfølelse

til bokmålet, men de syns det er så vanskelig å skrive nynorsk. Og det tror jeg er en sånn forskjell som er ganske vesentlig» (L2).

Lærer 3 uttrykkjer at det er vanskeleg å hugsa på at elevane kanskje treng å verta bevisstgjorde på språk:

«Nei, ikkje anna enn å snakka om da, og heila tide ha fokus på da, ikkje sant. Meneh, du gløyma da fordi at da bli så naturleg, ikkje sant. Også tenkje eg kanskje ikkje på at elevane – dei treng den systematiske opplæringen... sant. Når eg gjekk på skulen sjølv så måtte eg jo skrive opp igjen tre gonger da så eg hadde feil, sant» (L3).

Informanten har derimot stor tru på at elevane skulle fått teke større del i vurderingssituasjonen for å bevisstgjera dei på språket. Lærer 3 ser føre seg å kunna ha samtalar med elevane under sjølve vurderingssituasjonen:

«Jah, og eg trur ein bør setta seg ned med kvar enkelt elev, ikkje sant, og sitta og vurderer i lag med dei. Koffor skriv du detta her, ka gjorde du då? Ka tenke du? Ka kan me skriva annleis? Det tar tid, og det gir resultat på dei som er interesserte» (L3).

Lærer 4 skil seg merkbart frå dei andre informantane: Det er ikkje mykje som gjeld spesielt for nynorsk i måten informanten jobbar på: *«Eh, nei egenetle ikkje, som gaor spesielt på nynorsk dao. Det e meir å utvikle eit variert avansirt spraok, men da blir generelt, ja, byte ut ord og uttrykk med noken som e litt bedre og...» (L4).* Informanten seier at dei jobbar med å byta ut «ord og uttrykk», men ein kan forstå det slik at dette er like naudsynt på bokmål som på nynorsk. Informanten bevisstgjer altså elevane på språk ved å jobba med å utvikla språket slik at det vert meir avansert og variert.

Spørsmål om haldningar til språk kan vera vanskeleg, men i eit klasserom får læraren fort ei kjensle av haldningane til ulike tema og fag. Slik lærer lærarane å navigera i kvardagen: Om eit tema er litt kjedeleg å lesa om i boka, kan elevane få undersøkje sjølve på PC, eller kanskje få jobba i grupper. Haldningane til læraren kan også vera synlege for elevane, og dette kan sjølvstapt påverka læringsmiljøet. På spørsmål om korleis lærarane oppfattar elevanes haldningar til nynorsk og bokmål, er informantane ganske samde om at elevane har gode haldningar til begge skriftspråka. I tillegg merkar dei at nynorsk er ein del av identiteten til elevane: *«Det som eg har sagt dao, det e ein sterk identitet til nynorsk, sjøl om ein beherska bokmaolet godt, so e da viktig som detta samnorsk-prosjektet vise dao – ein vil ha nynorsk...»*

(L1). Lærer 2 trur dei gode haldningane kjem av at det er enklare å ha bokmål som sidemål sidan elevane høyrer og ser bokmål ofte: «*De hører, ser, leser bokmål mye mer enn de som har nynorsk som sidemål gjør der hvor det er bokmål som hovedmål*» (L2). Lærer 3 er einig i at det er enklare for elevane å skriva bokmål, men at dei ikkje har nokre motførestillingar til nokon av skriftspråka:

«Syns dei e bevisste og – me har nettopp hatt språkhistorie, ikkje sant, og utvikling av nynorsk, bokmål, ikkje sant, korleis det va på 1800-talet og utøve. Og dei e godt inn i da med glød og haldt foredrag og hatt diskusjonar og forsvart språket og, sant, hatt rollespel på da» (L3).

Språkhistoria kan også spela ei sentral rolle i å danna gode språkhaldningar hjå elevane, for det er gjennom språkhistoria ein forstår kvifor ein må læra begge skriftspråka i skulen. Askeland og Falck-Ytter er opptekne av at språkhistoria treng plass, og særleg der nynorsk er sidemål (Askeland og Falck-Ytter, 2010). Om det er negative haldningar å spora, går dette meir på at elevane synest det er kjedeleg å måtta skriva to tekstar i norsk. Dette gjeld særleg heildagsprøvene, seier lærar 2.

Når det gjeld læraranes eigne haldningar til nynorsk og bokmål, og om dei reflekterer over dei i kvardagen, svarar informantane noko ulikt. Lærer 1 reflekterer mykje over sine eigne haldningar, og dette grunnjev han med at han er ein nynorskmann som likar bokmål. For denne informanten kan dette kjennast motstridane, og derfor vert det mykje refleksjon rundt eige mål og skriftspråk. Dessutan seier læreplanen at dei skal vera bevisste og reflektera, seier informanten. Han har til dels også eit ambivalent forhold til språk: «*[...] før min holdning e at språket – det utvikla seg uansett, du kan ikkje gjere noke med da, spesielt dialektadn dao*» (L1). For informanten som ikkje snakkar vestlandsdialekt, er det viktig å vera bevisst: «*[...] jeg prøver å være veldig bevisst på å bygge oppunder at jeg syns at nynorsk er et viktig språk, og at de skal lære seg det*» (L2). Lærer 4 reflekterer ikkje så mykje over haldningar til nynorsk og bokmål:

«[...] eg har ikkje noke sånn, eh, holdninga elle motforestillinga mot bokmaol helle, men eg sir jo at det e i ferd med å ta øve. Hehe, og da synst eg e litt trist, ja, så da kan jo hende at dei holdningadn mine kjeme fram når me snakka om sånne ting. Da kan jo godt henda at da skin igjøno, hehe. Ja» (L4).

Gjennom intervjuet har nokon av spørsmåla leia både informantane og meg til å nytta ordet *identitet* i tilknytning til orda «språk» og «nynorsk». Nokre av informantane har vore tydelege på at nynorsk er ein del av elevanes identitet, fordi dei har vakse opp med nynorsk, og fordi det ligg nært dialekta deira. På spørsmål om lærarane oppfatta elevane til å ha ein nynorsk-identitet, gjekk svara i den retninga at denne delen av identiteten kanskje måtte hentast fram i norsktimane. Elles er den ikkje synleg eller sterk, var deira oppfatning:

«Ja, ganske sterk, og hvertfall når ein blir bevisstgjort, men eg tvila på at dei gaor rundt og e so oppteken ao da i kvardagen, uten at eg veit da da, men når eg ha om da i timadn so e da tydele at dei ha ein nynorsk-identitet» (L1).

Det kjem an på foreldra og korleis dei skriv, meiner lærar 2. Lærar 3 og 4 er meir samde om at dialekta er nært knytt til identiteten deira, og at dei er stolte av plassen dei kjem ifrå.

Når denne nynorsk-identiteten er mest synleg både for lærarane og elevane sjølve i norsktimane på skulen, vert det opp til lærarane å henta fram denne delen av identiteten. Den er nyttig for å utvikla språket ytterlegare, meiner Bonny Norton (2013). Då lærarane vart spurde om dei arbeider målretta for å skapa ein nynorsk-identitet i saman med elevane, var svara nok ein gong varierende. Lærar to arbeider med å bevisstgjera elevane slik at dei vert stolte av skriftspråket og dialekta si. På spørsmål om det hjelper språket deira å vera stolte av dialekta og skriftspråket, svarar informanten:

«Ja, også tror jeg det har noe med identiteten å gjøre. Jo, det tror jeg – det hjelper de å skrive nynorsk – ‘jeg er stolt over at jeg gjør det’. Også er det viktig å kjenne på den der ‘vi skal ikke være like alle’. Vi skal være litt forskjellige» (L2).

Lærar 3 meiner at det er meir å henta i opplæringa: *«Men eg føle vel kanskje at eg kunne gjort endå meir i opplæringen»*. Informanten tenkjer at ein nynorsk-identitet er viktig for å i det heile kunna bevare nynorsken. Likevel er det eit samhald på plassen, og i fylket: Dei er ikkje splitta i språkspørsmålet. Dei vil ha nynorsk. Lærar 1 og lærar 4 meiner sjølve at dei ikkje arbeider målretta for å skapa ein nynorsk-identitet i saman med elevane. Det held med det som allereie ligg i læreplanen, slik som språkhistoria, meiner lærar 4.

Kjernen i Bonny Norton sin språklæringsteori er å syna fram for eleven kva som gjer språket verdt å investera i. Det er ein måte å motivera på, det også. Den store fordelten med å gjera

elevane lystne på å investera i språk, er at dei kan verta meir sjølvregulerte. Ein kan på mange måtar samanlikna lysta til å investera med elevens indre motivasjon. Informantane vart spurde om kva argument dei som norsklærarar kunne ha for at elevane deira skulle investera i språk. Nokon av informantane fortel om at dei ikkje er vande med å tenkja på det slik, og den største årsaka til det er at dei er vande med å bruka eksamen i 10. klasse som motivasjonsfaktor. På ein måte kan ein elev investera i språket for å gjera det bra på eksamen, men det vert kanskje ei kortsiktig investering. Lærer 1 vart observert av ein annan lærar, og fekk tilbakemelding på korleis han motiverte elevane: «*Då sa ho... atte... 'du ha kun fokus på ytre motivasjon'... sa ho te meg – i timadn. I, i... om timen, då atte 'du prata heile tiden om å gjera det bra på eksamen'»*. Dette vert praktisert fordi det fungerer, meiner informanten. Etter dette vart lærar 1 meir merksam på å finna andre måtar å motivera elevane på – dei meir framtidsretta, som å reflektera rundt kva yrke som ikkje krev at ein kan skriva godt.

Lærer 4 har praktisert det same: Eksamen i 10. klasse vert nytta som ein viktig motivasjonsfaktor i norskfaget, men informanten seier sjølv at dette ikkje er motivasjon som er drivande. Eksamen vert ein ytre motivasjon for å gjera det bra. Samstundes meiner informanten at det ikkje er enkelt å snakka om kvifor elevane bør investera i språk, for det vert for langt fram i tid for at dei skal kunna setja seg sjølv inn i situasjonen:

«Ja, eg trur da, for at i deiras verden, ell i dan alderen so dei e i no, så e ikkje, asso dei sir ikkje so langt fram. Og dei klara ikkje tenka seg te, eg tru'kje de klara å tenka vidaregåande eingong asså, for dei so e verden her og no – og kanskje klara å tenka eksamen nesta aor dao, før dei ska jo opp ti eksamen nesta aor, men det e ganske langt for de da og» (L4).

Det siste spørsmålet omfattar elevanes noverande språkhaldningar og språkidentitet, og spør informantane om kva desse to kan bidra med for å betra elvanes nynorsk. Informantane har tidlegare sagt at elevane har gode haldningar til både nynorsk og bokmål. Det er enklare for elevane å skriva bokmål, erfarer lærarane, men nynorsk er like fullt ein del av identiteten deira. Den nynorsknære dialekta deira er i alle fall ein viktig del av identiteten til elevane. Lærer 1 ser potensialet i å nytta seg av at nynorsk ligg elevane nær, og på denne måten kan ein gripa fatt i dette for å motivera dei til å utvikla språket sitt, eller få elevane til å investera i språket sitt. Lærer 2 ser utfordringane som ligg i at elevgruppa er forskjellige individ med ulike framtidsdraumar og intensjonar. Det er viktig at elevane trivst med nynorsk, meiner

informanten. Det er undervisinga som må vera meir poengtert, seier lærar 3: Det er lærarane som må driva det. Relasjonen til eleven vert viktig for å betre nynorsken: «*Sant, 'ka e det du treng for å jobba med nynorsk?'*» (L3).

4.2. Fordelar og ulemper ved ulike forskingsstrategiar

I det følgjande delkapittelet vil eg gjera greie for, og diskutera, både fordelar og ulemper ved andre forskingsstrategiar som hadde vore aktuelle for denne oppgåva. Dette vert ei motvekt til argumenta for kvalitative intervju, og heng derfor nøye saman med delar av metodekapittelet mitt, der eg grunnjev nettopp det kvalitative intervjuet som forskingsstrategi. Eg vil skissera ei rekkje alternativ innanfor forskingsstrategiar for å grunnje mine val for denne oppgåva, og kvifor dei følgjande strategiane vart eliminerte.

Under delkapittelet 3.2 *Avgrensingar og moglege problem* i metodekapittelet skriv eg at det kan vere eit mogleg problem at oppgåva ikkje inkluderer fleire informantar, og at eg kunne hatt elevar med i informanttilfanget. Ved å involvera personar under 18 år i ei slik oppgåve, følgjer det eit vidare etisk ansvar overfor informantane, og dermed også meir arbeid (Etikkom, 2016). Prosessen er tidkrevjande: Ein må vera tidleg ute med å spørja skular og føresette om å få nytta elevane som informantar, og ein må derfor også veta konkret kva ein vil gjera av forskning på eit tidleg tidspunkt. I bacheloroppgåva mi (Kompelien, 2015) nytta eg elevar som informantar, og eg var ikkje medveten utstrekninga av mitt etiske ansvar den gongen. På grunn av alle desse faktorane valde eg derfor å unngå elevar i informanttilfanget mitt denne gongen, sjølv om det utan tvil hadde vore nyttig å få deira perspektiv på *nynorsk i skulen* gjennom intervju eller spørjeundersøking. Det hadde fungert som metodetriangulering: Då vert det same fenomenet studert på fleire måtar, og i dette tilfellet gjennom kvalitative intervju av lærarar og ei kvantitativ spørjeundersøking av elevar (Repstad, 2014: 29). Repstad skriv at dette ville gjeve meg eit breiare datagrunnlag og ein meir sikker basis for tolking. Samstundes kan datatilfanget verta uhandterleg og endå meir tidkrevjande (Repstad, 2014: 29).

Når eg valde å gjennomføra kvalitative intervju på lærarar i Sogn og Fjordane, kunna eg av praktiske årsaker ikkje kontakta skular i heile fylket. Dette gjorde at utvalet vart betydeleg avgrensa, for ikkje å snakka om kor avgrensa utvalet vart etter laber respons frå skular og lærarar. I ettertid ser eg at eg kunne ha utarbeidd ei digital spørjeundersøking og sendt den til ulike skular i fylket: Det finst ei moglegheit for at eg på denne måten hadde fått nokre fleire informantar som eg kunne ha samanstilt med informantane frå dei kvalitative intervju. Det

som likevel ikkje hadde vore mogleg ved å nytta ei digital spørjeundersøking, er å stilla dei same spørsmåla og få svar av same omfang som dei eg fekk under intervju. Dei to metodane hadde likevel resultert i metodetriangulering, med dei same fordelane og ulempene som presentert i førre avsnitt.

Under utarbeidinga av skissa til denne oppgåvas prosjektbeskriving vurderte eg sterkt ein metode eg las om i eit prosjekt av Tove Steen-Olsen og May Britt Postholm (Steen-Olsen og Postholm, 2009). Dei hadde som føremål å utvikla ein lærande skule, og stilte spørsmålet: «Hvordan kan lærere og forskere samarbeide om å utvikle undervisningen og skolen som en lærende organisasjon?» (Steen-Olsen og Postholm, 2009). I samband med dette nytta dei aksjonsforskning, og med denne metoden forsøker ein som forskar å få til ei tilsikta endring (Repstad, 2014: 155). I metodekapittelet skreiv eg at ei avgrensing for denne oppgåva er at ho ikkje tilbyr konkrete døme på undervisningsopplegg. Det ville ho ha gjort om eg hadde gjennomført aksjonsforskning for å finna nye didaktiske tilnærmingar innanfor nynorskundervisninga. Prosjektet hadde kravd eit samarbeid med minst ein lærar over ein viss periode, og eg hadde byrja med å kartleggja kva både læraren og elevane meiner er utfordrande ved nynorsk i skulen. Etterpå ville eg, i samråd med lærar, utforma undervisningsopplegg med den hensikt å gjera undervisninga og aktivitetane meir presise og læringsrike. Opplaget skulle sjølvsagt hatt fotfeste i teoritilfanget mitt, til eksempel Bonny Norton (2013) og *investering i språk*. Prosjektet ville dermed ha dreidd seg om å observera nynorskundervisninga, intervjuar elevar og lærar, samarbeida med lærar og deretter gjenta prosessen til ein fekk tilstrekkeleg med data. Det som gjer dette prosjektet vanskeleg, er framfor alt at tida ikkje hadde strokke til, men også mangel på erfaring med metoden. I tillegg må ein få innpass på skulen og i klassa, samstundes som ein er avhengig av eit fungerande og tillitsfullt samarbeid med læraren.

4.3. Analyse- og diskusjonsstrategi

I det neste kapittelet, kapittel 5, skal eg byrja å analysera og diskutera datagrunnlaget i ljøs av teoritilfanget presentert i kapittel 3 og bakgrunnsinformasjonen presentert i innleiinga. Informasjon knytt til omfang og resultat av nynorsk, kvifor elevane lærer å skriva to skriftspråk i skulen i dag, kva lovar som tek vare på nynorsk som jamstilt målform i den offentlege sektor, og nynorsken sin kulturelle verdi, har mykje å seia for korleis datagrunnlaget og teoritilfanget vert samanstilt. Dette gjeld sjølvsagt også dei didaktiske føringane som ligg i læreplanen (2006), samt det me veit om den nye læreplanen (2020), fordi denne oppgåva søkjer å finna nye

didaktiske tilnærmingar i nynorskundervisinga. Å svara på forskingsspørsmåla vert såleis eit ledd i å kanskje kunna tilby nettopp nye didaktiske tilnærmingar i nynorskundervisinga.

Så, korleis gå fram med datagrunnlaget og teoritilfanget for å kunna svara på forskingsspørsmåla? Innleiingsvis i dette kapittelet vart det gjort greie for korleis nokon av spørsmåla i intervjuguiden er utforma med bakgrunn i bestemte teoriar. Til eksempel vart spørsmål 2 i intervjuguiden «Korleis tek du tak i desse utfordringane under sjølve vurderingsprosessen?» utforma med bakgrunn i *vurdering for læring* (Hopfenbeck, 2014). Eg ser føre meg at eg nyttar denne teorien og samanstill det med svara frå informantane på dei aktuelle spørsmåla, slik at eg får ein systematisk start på analysen. Vidare vil nokre av svara til informantane i større eller mindre grad strida imot nokre av dei føregåande svara deira, og dette må også takast med i analysen og verta diskutert gjennomgåande. Ein jaktar gjerne på ei fortolking der «alt går opp», men det er viktig at ein ikkje overser indre motsetnader, ambivalens og sprik i det stoffet ein fortolkar, skriv Repstad (2014: 122). Viss svar frå ein av informantane skil seg betydeleg ut frå svara til dei tre andre informantane, kan ein sjå føre seg at ein utdjupande diskusjon kring dette vil visa eit meir nyansert bilete. Etter ein slik tolkingssjette, kan det også visa seg at svara ikkje var så motstridande likevel.

Det som ofte skjer under kvalitative intervju, er at ein stiller oppfølgingsspørsmål som gjev utdjupande svar på det konkrete spørsmålet, men dei kan også bidra til meir utdjupande svar på andre spørsmål. Derfor vert det viktig å gå dei transkriberte intervju etter i saumane for å få med alle relevante opplysingar til diskusjonen. Når ein først har fått informasjon, må ein også sørge for å få implementert det i analysen – så lenge det ikkje er gjort for å påverka forskinga i ei viss retning. Repstad skriv om den hermeneutiske sirkelen og subjektivitet, og at fortolkingssjette ofte vert beskriven som ein hermeneutisk sirkel eller spiral. Denne spiralen gjer ein kontinuerleg utdjuping av meiningsforståinga mogleg:

Med en tekst foran seg - for eksempel et nedskrevet intervju – leser man altså først vanligvis igjennom det hele for å prøve å danne seg et helhetlig inntrykk. Så går man tilbake til de enkelte temaer og delutvalg, prøver å utkrystallisere deres mening og betydning, og vender så tilbake til en mer reflektert helhetstolkning, og så videre (Steinar Kvale 1979 i Repstad, 2014: 122).

Dette er eit idealbilete av den hermeneutiske prosess, påpeiker Repstad (2014: 122). Ein må vera medviten eigne føresetnader for tolkingssjette, og gjerne omtala dette i tolkinga om det kan påverka subjektiviteten på ein openberr måte. Til eksempel kan dette gjelda eigne verdiar,

haldningar eller fordommar. Dette vert viktig for meg i analyse- og diskusjonsarbeidet: Nokon gonger kjem det fram i intervjuet at eg har med min bagasje av fordommar og hypotesar, og derfor må det implementerast.

«Noen ganger slår [...] virkningene av forskerens tilstedeværelse inn i selve forskningsresultatene», skriv Repstad (2014: 66). Under dei kvalitative intervjuet hadde eg med meg nye perspektiv og fagomgrep, særleg gjennom Bonny Norton (2013), og Repstad skriv at ein dermed *vingar* informantane til å reflektera over sin eigen kultur, eller praksis, gjennom ukjente perspektiv og fagomgrep. Berre det at forskaren og informanten begge veit at den eine vert forska på, kan påverka deira samspel. Dette kallar ein for *forskningseffekt*, og den bør helst ikkje vera stor. Dette kan vera aktuelt å diskutera nærmare i analysen av empirien, til eksempel med tanke på korleis ein vurderer effekten av at studenten (meg) introduserte erfarne lærarar for perspektivet «å investera i språk» og omgrepet «nynorsk-identitet». Ein nyttar gjerne omgrep som makt, klasse, organisasjon, haldning, religion og samfunn i intervjuet for å finna fram til ei «sanning». Spørsmålet er om desse omgrepa speglar realitetar, eller om dei er meir eller mindre vellykka abstraksjonar som forskerane nyttar for å skapa ein viss orden i kaos (Repstad, 2014:115).

Tolking, eller fortolking, er ei grunngeven vurdering av datagrunnlaget sett i samheng med dei forskingsspørsmåla som oppgåva reiser. «Dette innebærer ofte at vi setter data inn i en teoretisk sammenheng, men det er uten tvil elementer av fortolkning også i den ordningen og tilretteleggingen vi kaller analyse» (Repstad, 2014: 113). Ein må også vurderer i kva grad ein skal nytta forteljing og teoretisk fortolking i analysen, men det vert viktig å nytta dei teoretiske omgrepa som er presenterte i teorikapittelet og under dei kvalitative intervjuet. På denne måten kan ein nytta direkte sitat frå informantane (transkriberte som vedlegg), for å få ein heilskapleg diskusjon. Teoretiseringa av empirien vil gjera at forskaren si forklaring skil seg ytterlegare ut frå informantanes forklaringar, men forskaren skal like fullt interessera seg for informantanes eigne fortolkingar (Repstad, 2014: 117). «Å ta dem alvorlig kan [...] bety å imøtegå dem og argumentere for at de må suppleres og korrigeres av et samfunnsvitenskapelig perspektiv, ved hjelp av begreper fra den samfunnsvitenskapelige verktøykasse» (Jones 1985 i Repstad, 2014: 118). Dette er ikkje ein måte å vera *for* lojal mot informantane og empirien, slik Repstad åtvarar mot: «Det gjelder særlig hvis man har foretatt kvalitative intervjuer og har fått sympati for de personene man har snakket med» (Repstad, 2014: 114). Vert forskaren *for* lojal mot informantane og empirien, kan det koma uheldig ut.

Cato Wadel (1990 i Repstad 2014) meiner at det er systematisk skilnad mellom «folk flest» sine forklaringar på fenomen, og sosiologanes faglege forklaringar. Han meiner at «folk flest» nyttar moralske forklaringar på menneskeleg åtferd: Forklaringar som viser til enkeltmenneske sine personlege eigenskapar. Sosiologane, derimot, nyttar forklaringar som viser til korleis åtferda heilt eller delvis vert prega av sosial situasjon, sosiale relasjonar eller trekk ved samfunnsstrukturen (Repstad, 2014:119). Wadel sitt utsegn har vorte moderert: Etter som utdanningsnivået aukar blant folk, pregar det også dagleglivets tenkjemåtar og karakteristikkar. Lærarar vil nok ha eit betre omgrepsapparat til å forklara fenomen i skulen enn det Wadel tenkjer at «folk flest» har, men omgrepsapparatet skil seg frå forskaren sitt. Eg vil mellom anna nytta omgrep som Pierre Bourdieu nytta for å forklara sosialt liv (Wilken, 2008), for å forklara fenomenet denne oppgåva tek opp: Elevane i nynorskland får betre sidemålskarakterar enn hovudmålskarakterar. Wadel (1990 i Repstad, 2014) understreker at dei omgrepsmessige hjelpemidla me utviklar i samfunnsforskninga, så langt som mogleg må kunna relaterast til, og dei må vera prosessuelle. Ein skal altså ikkje ta omgrepa for gjeve, og det vert derfor viktig at eg er presis når eg nyttar omgrep i analysen og diskusjonen. Om ikkje definisjonen av omgrepet allereie er oppklara, er det naturleg å gjera det når omgrepet vert nytta i analysen.

Før eg går i gang med analyse- og diskusjonskapittelet, må eg gjera greie for korleis dette kapittelet skal byggjast opp. Det vil vera naturleg å ta føre meg eitt forskingsspørsmål om gongen under analysen, slik eg har gjort under presentasjonen av empirien i dette kapittelet. Empirien har vore ferdig transkribert i mange veker, noko som har gjort at eg har fått tid til å fordøya dette og sjå det i samheng med teoritilfanget mitt. «Den gode kvalitative analysen bringer gjenkjennelse så vel som ny innsikt, og et viktig redskap er det presise begrep og den innsiktsgivende typologi» (Repstad, 2014: 127). Kvart forskingsspørsmål krev sitt omgrepsapparat i analysearbeidet, og det vil derfor verta ryddig med eit slik oppsett. Forskingsspørsmåla byggjer også på kvarandre, og på den måten må ein ta omsyn til intervjuas kronologi for å nærma seg svar på forskingsspørsmåla. Det er viktig å understreka at dette vil bety ein temabasert analyse, og ikkje ein personbasert analyse: Den enkelte informant vert trekt fram med sitat som underbyggjer tema, ofte saman med sitat frå andre informantar, og ikkje analysert åleine. Forskingsspørsmåla byr opp til dette, men det finst også eit etisk argument for tematisk analyse: «Det kan noen ganger være vanskelig å bevare fullstendig anonymitet når man gir en detaljert beskrivelse av en person i hans eller hennes sosiale miljø» (Repstad, 2014: 131).

Under heile prosessen er det også viktig at eg vurderer oppgåvas validitet eller om ho er truverdig, og ein må derfor stilla spørsmåla: *Er det samsvar mellom forskingsspørsmåla og dei informasjonane eg faktisk gjer nytte av når eg trekkjer mine konklusjonar? Kastar dei empiriske undersøkingane faktisk ljøs over den problemstillinga eg har ønskt å belysa?* (Repstad, 2014: 134). Desse spørsmåla er avgjerande for konklusjonen, og avhengig av svara ein kjem fram til på desse spørsmåla, så vil ein kanskje kunne skriva eit delkapittel som kastar ljøs over dette. Undervegs vil det uansett vera viktig å nytta sjekklista Repstad skisserer for kvalitativ forskning:

- Var det til stede en forskningseffekt?
- Kom interessant informasjon fram spontant eller på forskerens initiativ? Det kan tenkes at forskerspørsmål har ledet aktørene/informantene. Spontanytringer teller vanligvis mer når en skal vurdere om en antakelse er troverdig eller ikke.
- Har informanten grunner til å holde noe skjult, overdrive noe, forvrengne noe?
- Har informanten førstehånds eller bare annenhånds kjennskap til det han eller hun forteller om?

(Repstad, 2014: 136).

5. Analyse og diskusjon

I dette kapitlet skal eg analysere empirien som vart presentert i førre kapittel. Eg vil halda fram med å visa til sitat frå informantane for både å underbyggja min eigen analyse, men også for å oppretthalda balansen mellom forskarstemma og informantane sine stemmer. Her kan det verta repetert sitat som tidlegare er presenterte i empirikapitlet, men det vil også siterast frå dei transkriberte dokumenta (sjå vedlegg 2, 3, 4 og 5). I det førre kapitlet gjorde eg også greie for korleis empirien, bakgrunnsinformasjonen og teorien vert samanstilt for å diskutera fram svar på dei tre forskingsspørsmåla denne oppgåva reiser. Eg vil hovudsakleg ta føre meg eitt forskingsspørsmål om gongen, og analysere empirien tilhøyrande kvart enkelt spørsmål. Den overordna motivasjonen bak desse forskingsspørsmåla er at analysen og diskusjonen kanskje vil kunna peika ut nokre nye didaktiske tilnærmingar, og dette vert diskutert mot slutten av dette kapitlet. Under heile prosessen er det viktig å vera medveten forskarrolla, og sjekklista til Pål Repstad (2014), presentert på side 47, vil vera viktig for å implementera dette i diskusjonen.

Føre analyse- og diskusjonsarbeidet byrjar, vel eg å repetera forskingsspørsmåla med den innleiande teksten, slik at det sit friskt i minne: Med bakgrunn i nynorskens plass i språkhistoria, samfunnet og skulen, i kombinasjon med elevanes eksamensresultat, vil eg sjå nærmare på kva konkrete utfordringar elevane har, og korleis lærarane arbeider med nynorsken. Med nye perspektiv frå språklæringsteori vil eg kanskje kunna forklara utfordringane og koma med nokre vidare didaktiske tilnærmingar på nynorskundervisinga i skulen.

1. Kva utfordringar ser lærarane i elevtekstar skrivne på nynorsk, og korleis arbeider dei med nynorsk?
2. Korleis kan arbeidsmetodar og resultat forklarast gjennom språklæringsteoriar?
3. Korleis kan den realiserte nynorsken hjå elevane forklarast i forholdet mellom haldningar, identitet og læring?

5.1. Analyse til forskingsspørsmål 1

Forskingsspørsmål 1, «Kva utfordringar ser lærarane i elevtekstar skrivne på nynorsk, og korleis arbeider dei med nynorsk?», har bakgrunn i at elevane i Sogn og Fjordane gjer det betre på eksamen i sidemål (bokmål) enn på hovudmålseksamen (nynorsk), som presentert innleiingsvis (kapittel 1). I tillegg har spørsmåla som vart stilte til informantane, bakgrunn i Hopfenbeck (2014) sin teori om *vurdering for læring*, Golden (2014) sin teori om *ordforråd*,

ordbruk og ordlæring, og Gardner (2004 i Lightbown & Spada 2013), Askeland og Falck-Ytter (2010) sine teoriar om *lesing*. Denne teorien vil verta samanstillt med empirien som høyrer til under forskings spørsmål 1, men det er også opent for andre delar av teoritilfanget.

Når du som norsklærer les elevtekstar skrivne på hovudmålet nynorsk, kva språklege utfordringar ser du at elevane har?

Dette spørsmålet søker å kartlegga kva som kan vera årsaka til at elevane i Sogn og Fjordane har dårlegare snittkarakter i hovudmåleksamnen enn i sidemåleksamnen tre år på rad: 0,1 karakter dårlegare i 2016, 0,3 karakter dårlegare i 2017 og 0,2 karakter dårlegare i 2018 (Gunnerud, 2017). Resten av kartlegginga byggjer på det informantane rapporterer: «[...] sidemaol e alltid best her. Det e sikkert det du har fonne ut» seier lærar 1. Alle dei fire informantane rapporterer om at verbbøying er utfordrande for elevane deira. Enkeltord som ikkje er tillatne i nynorsk, slik som dialektord eller bokmålsord, dukkar også ofte opp i tekstane. Det vert også betre flyt og eit betre språk på bokmål enn på nynorsk, påpeikar to av lærarane: «[...] poenget e atte eg oppleve at det språket flyte lettare før vaore eleva på bokmaol. Det bli eit bedre språk enn på nynorsk» (L1). Lærar 2 er også inne på noko av det same: «De skriver et tungt språk, istedenfor at de skriver enkelt». Same informant nemner også at nokon kan slita med ordstillinga i nynorsk der den er ulik frå bokmål, og at dei har ein tendens til å velja ordstillinga som er naturleg for bokmål. «Ja, så påvirkningen frå bokmaol e veldig stor», nærmast konkluderer lærar 4 på dette spørsmålet.

Dei fire informantane omtalar nokre av dei same utfordringane, men her må ein ta i betraktning at dei alle kjem frå same skule, og at dei er berre fire informantar. Bakgrunnen for spørsmålet er dei gjennomsnittlege eksamensresultata for heile fylket, og sjølv om lærar 1 bekreftar at trenden er den same ved deira skule, kan ein ikkje seie sikkert at utfordringane er dei same for heile fylket. Likevel, det er nokre ting elevane meistarar betre på sidemåleksamnen enn på hovudmåleksamnen, og forklaringa ligg i språket, ifølgje to av informantane:

«[...] ellers, når det gjelde elevteksta, så vil ikkje eg sei at det noke særle forskjell på andre utfordringa som forsempel å svara på oppgava, ha god struktur og sånn. Derfor vil eg ikkje sei at det e noke forskjell» (L1)

Strukturen i oppgåva og evna til å lesa oppgåvebestillinga og svara på den, er like utfordrande på begge skriftspråk og eksamenar, meiner informanten. Det same meiner lærar 3: «[...] eg

ser da e rettskriving og språk som trekke ned nynorsktekstane. Ofta. Fordi atte dei kan lesa ei bestilling, dei kan det mesta, jah». Lærer 2 har spurt elevane sine kva dei trur er årsaka til at dei gjer det betre på sidemålseksamen:

«De synes det er mer kompliserte oppgaver på hovedmålet enn det er på sidemålet, og det kan jeg faktisk være litt enig med de i, og det er jo ikke så underlig heller. Men det betyr da, kanskje de synes det er vanskeligere å svare» (L2).

Kanskje er hovudmålsoppgåvene vanskelegare nettopp på grunn av at det er hovudmålet til elevane, og at ein derfor kan forventast meir? Forklaringa på resultatane i hovudmålet kan liggja i landskapet mellom alle desse faktorane.

Korleis tek du tak i desse utfordringane under sjølve vurderingsprosessen?

Alle informantane meiner at dei tek tak i utfordringane under vurderingsprosessen, og det kjem tydeleg fram at dei meiner det er viktig for «vegen vidare» med nye skriveoppgåver: «‘*detta ska eg – hugs ditte te neste gang*’» (L4). Hopfenbeck (2014) skriv at det er nettopp dette som er vurdering *for læring*: Ei viktig årsak til at lærarane vurderer elevane sine er for å hjelpa dei til å gjera det endå betre neste gong. Dei lærarane som lykkast med vurdering for læring, har ofte eigenvurdering integrert i undervisninga. På den måten vert elevane medvetne si eiga læring, og sjølvinnvikling i læringsprosessane aukar (White and Fredriksen, 1998 i Hopfenbeck, 2014: 73). Eg stilte ingen av informantane oppfølgings spørsmål om eigenvurdering, og det kom heller ingen konkret informasjon om dette utan oppmoding. Spørsmålet fokuserte på korleis lærarane vurderer elevane sine tekstar, og det vart kanskje derfor ikkje naturleg for informantane å nemne elevanes eigenvurdering som ein del av vurdering *for læring*. Det einaste som kan nemnast i samband med dette, er at lærar 1 seinare kjem inn på elevundersøkingar, og at dei har låg skår på «elevmedverknad».

Lærer 1 set fokus på elevanes to-tre største utfordringar gjennom tilbakemeldingar i tekstane, for så å lata elevane jobba med dette i norsktimane: «*Også prøve eg å legge opp undervisning i etterkant der ein får lov te å driva med dei tingi som ein då streva med. Ofte so kan da vera i gruppe dao*». Black & William (2009 i Hopfenbeck) har formulert fem prinsipp som eigentleg er råd for korleis vurdering *for læring* kan realiserast i praksis. Det tredje prinsippet er at ein som lærar skal «tilby tilbakemeldingar som gjer at elevane kjem vidare i læringsprosessane», og dette gjer lærar 1 når elevane får veta deira to-tre største utfordringar med nynorsk etter at

tekstane er vurderte. Det er tydeleg at læraren ikkje nøyer seg med å setja raude strekar under verb og bokmålsord – informanten sørgjer for å konkretisera utfordringane slik at elevane kan vera merksame på dei ved neste anledning. Ved å tilby undervising som legg til rette for at elevane kan arbeida med sine utfordringar, kan elevane koma djupare inn i læringsprosessen. Læraren er også open for at elevane kan arbeida i grupper, noko som kan «læra elevane å verte aktive slik at dei fungerer som læringsressursar for kvarandre», som er Black & William sitt fjerde prinsipp for vurdering *for* læring. Det femte prinsippet deira heng litt i saman med det fjerde: «Læra elevane å verte aktive også med tanke på å få eigarskap til eigen læring». Det er mogleg at gruppearbeid er ein ideell arena for å skapa aktiv diskusjon og utveksling av kunnskapar, der læraren også kan rettleia undervegs, og at dette gjer at elevane får eigarskap til eiga læring, samstundes som dei er ressursar for kvarandre.

Hopfenbeck (2014) viser også til Elwood og Klenowski (2005), som i likskap med Black & William (2009) har fem punkt dei meiner kjenneteiknar vurderingar ein kan læra av. Når det gjeld lærar 1 sin strategi for vurdering *for* læring, vil eg trekkja fram Elwood og Klenowski sitt fjerde punkt som særleg viktig: «Lærarar bør forsøka å fremja samtalar som gjev elevane tid til å reflektera, tenkja og dela idear om læringa. Dette krev omtanke frå lærarane og eit trygt miljø i klasserommet». Dette underbyggjer kor viktig det er at læraren ikkje let elevane jobba heilt fritt i gruppene, men at det læringsrike gruppesamarbeidet faktisk treng rettleiing og utfordringar kontinuerleg frå læraren.

Lærar 2 er oppteken av tilpassa tilbakemelding, og nyttar ofte skrivetrekanten: Då vert innhald, formål og form kommenterte, seier informanten. Lærar 3 er også nøye i vurderingsarbeidet, og ein kan gå ut ifrå at vurderinga til L2 og L3 gjev elevane ros og peiker på utfordringar, og at det dermed tilbyr elevane ein måte å koma vidare i læringsprosessen. Noko meir vert vanskeleg å seia om informantanes strategiar i vurderingsprosessen, men begge informantane påpeiker at det kan vera betre å gje desse tilbakemeldingane *under* sjølve skriveprosessen:

*«Jeg tror vel kanskje at den beste måten å hjelpe elevene til å komme videre på, det er å gi tilbakemeldingene mens de skriver. Fordi at de veldig ofte har glemt det [...] De er akkurat som oss over 40; teflonhjerne, sant. *Fupp*, opp! 'Hæ? Har jeg skrevet det? Åja, kanskje det ja. Mhm'» (L2).*

Når læraren stoppar opp skriveprosessen for å gje tilbakemeldingar undervegs, meiner lærar 2 at elevane dreg nytte av dette fordi dei ofte har gløymt kva dei skreiv i teksten etter at vurderingsarbeidet er ferdig. Informanten meiner at til og med heildagsprøvene må sjåast på

som læring, og at lærarane må hjelpa undervegs der også. Det same seier lærar 3: «*Når eg vurderer ein tekst så går eg først og fremst rundt og hjelpa dei... for eg meina og at på ein tentamen så e da opplæring, så ein kan hjelpa*».

I kvardagen trur lærar 2 mest på korte skriveoppgåver og rask tilbakemelding: «*Så jeg tror, jeg tror en del på type sånn sprutskrivning, og få, sånn: sett deg ned, se på snøværet, skriv i fem minutter. Så går vi gjennom tekstene etterpå*». Dette er også eit av tipsa som Askeland og Falck-Ytter (2010) har til lærarar: Ein skal skriva ofte og kort, for elevane må få mange skriveoppgåver. Den prosessorienterte skrivepedagogikken er avgjerande for god skrivning, meiner dei: Læraren skal vera der for elevane under heile skriveprosessen, som inspirator, rådgjevar og hjelpar (Askeland og Falck-Ytter, 2010).

Ein kan også sjå føre seg ei blanding av desse tre informantanes strategiar, der elevane samarbeider om tekstutvikling. På Utdanningsdirektoratet sine nettsider skriv dei om prosessorientert skrivning der elevane er tydelege ressurspersonar: Elevane kan få lesa kvarandre sine tekstar og gje kvarandre tilbakemelding på teksten. Under prosessorientert skrivning skal elevane få vera ressurspersonar for eiga og andre si læring, og på denne måten vert samarbeidet tettare. Ein skapar ein aktiv læringskultur i klasserommet, og dette heng direkte saman med Black & William (2009) sitt fjerde og femte prinsipp om å danna aktive elevar, som har stor verdi som vurdering *for* læring. Elevane kan gje kvarandre respons under heile skriveprosessen, noko som styrker tekstmedvitet, og ved å vurdere medelevane sine, vert dei samstundes meir medvitne sin eigen tekst (Udir).

Lærar 4 fortel ikkje mykje om sjølve vurderingsprosessen, men er oppteken av at elevane skal retta tekstane sine og laga hugselister etter tekstane er vorte vurderte:

«Så dei ha ein sånn rutine på at dei gaor inn og sjekka dei ordi som dei skreiv feil forrige gang da. Og ellers så ha me jo, øve masse på ditta med bokmaol og nynorsk på norsksidene.no, for eksempel. Og eg ha og ein plakat i klasserommet med typiske forvekslingsord, akkurat på dan problemstillingen dar då».

Her viser informanten at sjølvregulert læring er vel så viktig som vurdering for læring ved å skissera nokre eksempel på korleis elevane kan verta meir sjølvstendige i læringsprosessen. Elevar som driv sjølvregulert læring, finn ein vanlegvis ikkje på ungdomsskulen, viss ein ser på Pintrich (2000 i Hopfenbeck, 2014) sin definisjon av omgrepet:

Self-regulated learning (is) an active, constructive process whereby learners set goals for their learning and then attempt to monitor, regulate and control their cognition, motivation and behavior, guided and constrained by their goals and the contextual features in their environment.

Likevel må prosessen mot målet om å verta ein sjølvregulert elev starta ein stad, og hugselister og plakatar som ein må sjekka sjølv, er ein fin start: «En viktig del av å være selvregulert, er å kunne kjenne til ulike læringsstrategier og å være i stand til å velge strategier som er hensiktsmessige [...] til de ulike oppgavene man skal løse» (Hopfenbeck, 2014: 22-23).

På spørsmål om elevane nyttar seg av plakaten i klasserommet, uttrykte informanten (L4) kor vanskeleg det er å vurdera kor sjølvregulerte elevane er, og kva ein kan forventa at dei tek tak i sjølve:

«[...] eg må sikkert minna de på da mykje oftare, før at eg tru'kje dei, eh, alltid e so bevisst på da. [...]og kå gamle, altså kå mykje kan ein forventa, no e mi i 9., og eh, ja, kanskje du slutta opp litt å masa – hadde det vore på mellomtrinnet, so hadde eg kanskje vore endå meir på, heh» (L4).

Ein faktor som kanskje spelar inn på dette, er kor moden den enkelte elev er. Det er store individuelle skilnader mellom elevane i ungdomsskulealder, seier informantane: «Noen har kommet, det er jo det som er så spennende med å jobbe med ungdom i aldersgruppen 13 til 16 år, at de befinner seg i et veldig stort spenn egentlig» (L2) Kanskje kan elevanes store individuelle skilnader forklara kvifor lærarane synest det er vanskeleg å veta kor sjølvgåande dei kan forventa at elevane er? Det vert opp til lærarane å basera dette på korleis dei kjenner eleven, eller sagt på ein annan måte: Lærarane må få ein relasjon til eleven som læraren kan nytta til å vurdera kor sjølvstendig eleven er i ulike delar av skulekvardagen.

Er elevane relativt stabile i sin realiserte nynorsk, eller svingar dei gjennom skuleåret? Ser du skilnad i den realiserte nynorsken avhengig av kva type prøve/oppgåve dei får?

«Gjennom skriving viser elevane kva dei verkeleg kan av nynorsk», skriv Askeland og Falsk-Ytter (2010:105). Dei fire informantane er ganske samde om at elevane er relativt stabile i sin realiserte nynorsk, og at dei ser utvikling i positiv retning for elevanes nynorskskriving gjennom åra på ungdomsskulen. Lærer 2 peiker likevel på at det finst større språklege utfordringar i nokon skriveoppgåver: «Noen sliter jo mye med å skrive for eksempel sakpregede, reflekterende tekster, og det er jo litt avhengig av modenhetsnivå». Her er skilnadene mellom elevanes

kognitive utvikling ein forklaringsfaktor for kvifor det kan vera vanskeleg for nokon å reflektera i saktekstar, meiner lærar 2. Her kan også andre faktorar bidra med ei forklaring: Skrivekompetansen speglar ofte om ein har lese gode nynorsktekstar, eller gode tekstar generelt. «Ein må tenkje at dei tekstane elevane skal lese, må likne på dei tekstane dei skal skrive» (Askeland og Falck-Ytter, 2010:105). Kva tekstar som vert modellerte for elevane, kan vera avgjerande for korleis dei løyser skriveoppgåva sjølve. Ofte kan lærarane vera gode på å modellera fiksjonstekstar, men ikkje alltid like gode på faktatekstar, skriv Askeland og Falck-Ytter (2010). Ved å modellera dei ulike sjangrane elevane skal skriva, kan læraren også gjera elevane merksame på at alle fag har eit *fagspråk*. Det er viktig at elevane utviklar forståinga for fagspråk, og at det representerer eit *presist språk*. Lærar 2 seier sjølv seinare i intervjuet: «*Og det er ekstremt mye dårlig språk – kanskje spesielt skriftlig rundt omkring, men også så har du en sånn upresis måte å snakke på*». Lærar 3 har på si side ikkje særleg fokus på nynorsk rettskriving i andre fag enn norsk, til eksempel i samfunnsfag: «*Eg tenke litt atte der e da innhaldet som e da viktigaste, sjølv om eg og e norsklærer, så tenke eg dei ska få skriva og formidla dan kunnskapen dei har om stoffet*». Spørsmålet vert om elevane har reiskapen til å formidla kunnskapen dei har om eit spesifikt fagstoff, om det ikkje er fokus på å formidla fagspråket på normert måte. Elevane går også glipp av mykje skrivetrening i normert nynorsk fordi det ikkje krevst av dei, og dei vil derfor ikkje verta merksame på eit eventuelt upresist språk. Askeland og Falck-Ytter skriv at det er viktig at elevane lærer dei orda som representerer eit presist språk for kvart enkelt fag.

Lærar 4 seier: «*Dei skrive ganske stabilt egentle uansett sjanger*», utan at informanten følgjer opp med ei forklaring på kva som kan vera årsaka til dette. Det interessante er at informanten, utan oppmoding, utdjuvar kvifor elevane er stabile i ulike sjangrar litt seinare i intervjuet:

«Nei, det e litt vanskele å sei at da går spesielt på nynorsk, dao, men, eh, da blir meir tekstskaaping generelt... og eg veit ikkje om det e litt på sidao ao det du e ute ette, forda eg modellera ganske mykje – skrive modellteksta uansett, men da gaor kanskje meir på sjangerlæra, altså korleis ein saktekst ska skrivast og korleis ein utvia eit øyeblikk i ein skjønnlitterær tekst, så da går ikkje spesielt på maoten ein skrive på dao, da går ikkje på nynorsk, egentle (L4).

Informanten har rett i at modellering av tekstar ikkje er unikt for å læra god nynorsk, men det heng i saman. Om elevane får lesa gode tekstar, som viser korleis dei ulike sjangrane kan skrivast, får dei truleg også med seg kva som er spesielt med språket i dei ulike sjangrane. Lærar

fire seier dette implisitt ved at informanten viser elevane korleis ein utvidar eit augeblikk, noko som viser at dei fokuserer på språknivå.

Det kan liggja mykje god nynorskundervising og generell språkleg utvikling i modelltekstane: Golden (2014) meiner at skriftlege tekstar er ei viktig kjelde til ordlæring for elevar. Dee Gardner (2004 i Lightbown og Spada, 2013) meiner at det er essensielt for utviklinga av ordtilfanget å lesa eit breitt utval tekstar. Gardner si eiga forskning seier at det er stor skilnad mellom orda i skjønnlitterære tekstar og sakprosaetekstar: I dei skjønnlitterære tekstane møter ein ord som ein ikkje vil møta i sakprosa, mens sakprosaetekstane syner fram eit ord i fleire former. For å kunna eit ord må ein ha kjennskap til ordets form, seier Golden: uttale, lyd og skrift. Å kjenna ordet i si skriftlege form, vil seia at ein kjenner ordet inngåande: Då er ordet gjerne automatisert, og ein kjenner til dei ulike bøyings- og avleiingsmoglegheitene ordet har (Golden, 2014:70). Ordet må først og fremst koma til eleven som innputt, og tekstar som er nyttige for elevane for vidare skriving, kan representera innputt som eleven prosesserer gjennom å forstå ordet, lagra ordet og finna att ordet til eige bruk.

Lærar 1 meiner dei har mykje å henta når det gjeld skriveoppgåvene elevane får, og at den nye læreplanen oppmodar til dette:

«So no e da nye læreplana på gong med djubdelæring, og det vil eg sei vil vera eit nøkkelord i norsken dao – å fao te undervisning og opplegg der eleven sjøl i større grad har fått vore med og bestemt innhaldet dao. Ikkje tving dei te å skriva om noke dei ikkje føle tilhøyrligheit til, lat de få skriva om Zlatan elle Justin Bieber, elle what ever liksom».
(L1).

Informanten er oppteken av at oppgåvene må gje elevane moglegheit til å skriva om noko som dei føler tilhøyrse til. Dette kan me sjå i samanheng med Bonny Norton (2013), og ho siterer Chris Weedon: «[...] as Weedon notes, identity is constituted in and through language» (2013:4). Vidare siterer ho Heller (1987): «It's through language that a person negotiates a sense of self» (2013:45). Norton definerer derfor *identitet* som måten ein person forstår sitt forhold til verda, korleis det forholdet er konstruert gjennom tid og rom, og korleis personen forstår moglegheiter for framtida. Lærar 1 seier seinare at elevane er avhengig av nokre rammer for skrivinga, og det kan vera fint sidan «Målet med fagfornyelsen er å styrke elevenes faglige forståelse og legge bedre til rette for dybdelæring. Det skal også gi barn og unge gode vilkår for å utvikle verdier, kunnskaper og holdninger» (Regjeringen, 2018). Likevel, gjennom

skriveprosessen utviklar elevane språket, og gjennom språket utviklar dei kven dei er: Dei utviklar identitet med verdiar, kunnskapar og haldningar.

Korleis arbeider du konkret med nynorsk i norsktimane?

Når informantane skal gjere greie for korleis dei arbeider med nynorsk heilt konkret i norsktimane, vert det gjennom alle lærarane tydeleg at dei ikkje har «nynorskundervising»: «Asså, spesifikt nynorsk, asså alt føregaor jo.. heile deis skulekvardag føregaor jo på nynorsk. Adle bøka og all tavleskriving, så det du lure på her e likso 'no ska me ha om nynorsk'?» (L1). Dette er positivt med tanke på Askeland og Falck-Ytter (2010) si oppmoding til lærarane om å veva nynorsken inn i heilskapen: På denne måten får elevane på denne sida av landet nynorsk innputt kvar dag på skulen, og det er betre enn *periodeundervising* i nynorsk, meiner dei.

Tidlegare har lærar 1 uttrykt at elevane får jobba med sine språklege utfordringar etter vurderingsarbeidet er ferdig, og informanten kjem etter kvart inn på det: *Eh, so når det gjelde førsempel, ska me ta med verbbying dao... so prøve eg å, at dei sjøl ska finne ut, og fao, gjennom å undersøka sjøl, og gjerne då i artige forme som gruppe, elle... Atte dei teke noke verb som dei ikkje har meistra*. Askeland og Falck-Ytter (2010) er, som L1, opptekne av at elevane skal forska litt sjølve. Bøyingsskjema og setningsanalyse har ikkje alltid noko overføringsverdi til tekstane elevane skriv sjølve, meiner dei (2010: 134). På grunn av eit elles lite konkret svar frå L1 kom oppfølgingsspørsmålet «*Oppfordrer du til å bruke ordbok og sånn...?*» med vidare dialog:

L1: Nei, me ha jo sånn ein-te-ein PC-situasjon no

V: Ja, at alle har en PC?

L1: Ja, ja, så da jobba eg masse med da at dei har den, og så fao te den der greia med å sjekka. Asså, i norsk no, so e da alltids anledning. [...] sant, dei ska jo lera seg da, men sjøl me vaksne må jo sjekka

V: Ja, og det å lære seg å sjekke en ordbok, hvordan lese en ordbok

L1: Ja, ja, det ha me fokus pao.

Årsaka til dette oppfølgingsspørsmålet er Askeland og Falck-Ytter si oppmoding til å verta kjend med ordboka. Skrivning på datamaskin byr på nokre utfordringar for dei som skriv nynorsk, og på grunn av dette er det viktig at elevane kjenner til ordboka. Det finst fordelar og bakdelar ved både ordbok på nett og i papirform: Stavinga må vera heilt korrekt på nettutgåva for å få treff på ordet, medan du kan leita deg fram til rett ord i papirutgåva. Det er viktig å læra

elevane korleis ein nyttar ordboka, meiner Askeland og Falck-Ytter. Med lærar 1 kjem det fram at dei sjekkar ord på PC-en, men «*Nei, me ha jo sånn ein-te-ein PC-situasjon no*» viser kanskje at det ikkje naudsynlegvis er ordbok dei nyttar. Elevane skal læra seg korleis verba vert bøygde, men dei må også veta korleis dei sjekkar det, meiner informanten. Når informanten for andre gong vert konfrontert med ordboka, er svaret kort og bekreftande. Dette gjer at eg ikkje kan seia sikkert i kva grad lærarane har fokus på å øva elevane i å verta kjende med ordboka.

Lærar 2 seier at klassa jobbar med grammatikk, setningsbygging og modelltekstar, og skrivning jobbar dei med kontinuerleg for å verta betre i nynorsk. Verdien av modelltekstar vart diskutert under førre spørsmål, men denne informanten nemner også grammatikk som konkret mål i nynorskundervisinga. Lærar 1 nemnde verbbygging som eit eksempel innanfor grammatikken, og det kan derfor vera interessant å sjå nærmare på verdien av dette når elevane elles får kontinuerlege nynorsk-innputt. I sin omtale av grammatikkundervising seier Askeland og Falck-Ytter at det ikkje ser ut til å ha noko verdi for utviklinga av skriveferdigheitene i morsmålet, eller hovudmålet. Likevel er grammatikk eit språk om språket, noko som er viktig når ein skal læra språk. Grammatikkundervising vert særleg nytta som ein inngang til nynorsk der det er sidemål, meiner Askeland og Falck-Ytter, og legg vekt på at dette ikkje gjer nynorsk til eit «framandspråk» - sjølv om ein gjerne nyttar gode idear frå framandspråksundervisinga (2010:133).

Både L1 og L2 trekkjer fram tolærarsystemet ved skulen som positivt når dei må arbeida konkret med nynorsken, fordi det gjev meir tilpassa opplæring til elevane. Dette har bakgrunn i det som tidligare er analysert og diskutert: Etter vurderingsarbeidet får elevane moglegheit til å jobba med sine språklege utfordringar. Askeland og Falck-Ytter foreslår at lærarane kan tilpassa grammatikkoppgåver som skriveoppgåve: Eleven kan til eksempel skriva ei skildring av ein typisk kroppsøvingstime med så mange sterke og svake verb som mogleg (2010:138). På denne måten kan ein fokusera på grammatiske utfordringar gjennom prosessorientert skrivning for å utvikla nynorsken. Slike konkrete oppgåver vil også bidra til å auka tekstmedvitet til elevane, og det er nettopp dette lærar 3 fryktar at elevane ikkje får nok av. Derfor ser informanten til skulane på Austlandet og korleis dei bevisstgjer elevane gjennom undervising i sidemål ein time i veka:

«Sant, dei har mykje meir fokus på da nynorske språket. Her tar me da forgitt atte dei kan da [...] me lese nynorsk, men kommentera ikkje atte 'her ser du setningsoppbyggingen, her ser du på ordvalget, her ser du på...' sant. Atte, atte, bevisstgjera på at detta e nynorsk» (L3).

5.2. Analyse til forskingsspørsmål 2

Forskingsspørsmål 2, «Korleis kan arbeidsmetodar og resultat forklarast gjennom språklæringsteoriar?», søker å konkretisere informasjon om arbeidsmetodane lærarane nyttar, og sjå dette opp mot eksamensresultata for heile Sogn og Fjordane. Til slutt vil ein kanskje sjå om språklæringsteoriane, presentert i kapittel 2, kan forklara arbeidsmetodane og resultata. Her vil eg nytta hovudsakeleg Askeland og Falck-Ytter (2010) sine metodiske innvendingar om lesing, skriving og PC-bruk i nynorskundervisinga til å diskutera to spørsmål. Det vil vera element som er diskuterte under forskingsspørsmål 1, som også gjer seg gjeldande her, og eg vil derfor prøva å nytta dette til å ta diskusjonen eitt hakk lenger. Vidare vert Bonny Norton (2013) og hennar «imagined communities and identities» (tenkte fellesskap og identitetar) diskuterte i samband med kva lærarane veit om elevanes lesevanar.

Kva arbeidsmetodar ser du gjev best resultat for elevane under skriving av tekstar på nynorsk?

På dette spørsmålet var det god spreiding i svara til informantane. Tidlegare har informantane snakka om korleis dei vurderer, og kva dei dei gjer konkret når dei jobbar med nynorsk på skulen. Noko av dette vert teke oppatt no når dei fortel om kva metodar som fungerer best for å auka resultata på nynorsken til elevane.

Lærar 1 held fast ved at elevar som jobbar sjølvstendig, er det beste, men at det også er utfordrande fordi opplegget og ramma rundt skal motivera så mange forskjellige individ: «Eg må ha eit opplegg og ein ramme som gjer at dei er motivert og opplegget e slik at dei lika da. Dette e ei stor utfordring». Likevel er informanten klar på kva arbeidsmetode som gjev best resultat:

«det e å la dei jobba ilag, la dei jobba med ting som dei lika sjøl, som dei e interessert i, som dei ha sagt at detta vil eg skriva om, detta vil eg jobba med.[...] Då oppleve eg auka engasjement og interesse» (L1).

Lærar 1 vinglar ikkje: Gruppearbeid og elevmedverknad er viktig, og særleg viktig vert det med fagfornyninga i 2020. Tidlegare har informanten sagt at elevane må føla tilhøyrse til det dei skriv om, og dette kan sjåast i samband med Norton (2013) og hennar teori som tek opp omgrepa *identity and investment* (identitet og investering). Tidlegare har me tatt inn i diskusjonen kva Norton legg i «identitet» gjennom Weedon og Heller. Om investering i språk

skriv Norton: «The construct of investment offers a way to understand learner's variable desires to engage in social interaction and community practices» (2013:6). Vidare skriv ho at ulike identitetsposisjonar hjå elevane kjem til uttrykk gjennom til eksempel skiving, og då vert lærarens utfordring å utforska kva identitetsposisjonar som gjev best moglegheit for sosialt engasjement og samspel (2013:16). Aktive elevar er viktig for språklæring, og skiving er ei ideell moglegheit til å utvikla posisjonar. Skriverammene, som lærar 1 vurderer som både naudsynlege og utfordrande, er nettopp det fordi dei skal hjelpe elevane til å utvikla seg. Gjennom skiving utviklar ein literacy (tilgangskompetanse), fordi ein både må lesa, tolka, forstå og nyttiggjera seg av ulike teikn og meningsberande ressursar (Askeland og Falck-Ytter, 2010). Skriv ein på nynorsk, får ein også tilgang til ein kultur som har tradisjon for kritisk tenking som ledd i utvikling av demokratiet (2010:75).

Lærar 3 er også oppteken av å gje elevane ei konkret skriveramme til kvar oppgåve for å hjelpe dei til å få betre flyt i språket. Gjennom modellering vert elevane medvetne «start-ord» og fagord:

«Det e det samme som på bokmål; det e skriveramme, få start-ord, eh, modellere tekstar, jobba ilag med elevane akkurat dette her med at dei har ei ramma rundt da – fem avsnitt forsempel i sak – innleiing, hoveddel også tre, og at dei får noken stikkord te å begynna med. [...] sant, atte du får sånne start-ord, så blir det, [...] så blir da betre flyt. Så, bevisstgjerung på ord, sant, fagord, da tru eg e viktig» (L3).

Modellering av tekst som metode for å verta medveten fagord er tidligare diskutert under forskingsspørsmål 1, med Askeland og Falck-Ytter (2010), Golden (2014) og Gardner (2004) som teoretisk forankring. Lærar 3 sine utsegn viser at det er fokus på å modellera sakprega tekstar for elevane, så vel som skjønnlitterære tekstar. Dette gjev seg utslag i at elevane vert jamt gode i dei ulike sjangrane, slik lærar 4 har erfart. Det er også viktig å gjera elevane medvetne kva som gjev god nynorsk, og Askeland og Falck-Ytter meiner ein meir verbal og aktiv stil er avgjerande for å utvikla eit godt mål (2010:107).

Lærarane er også opptekne av skriveøving for å utvikla nynorsken. Tidlegare har prosessorientert skiving vorte omtala, også då med Askeland og Falck-Ytter (2010) som teoretisk forankring.

«[...] det er vel mest det å skrive korte tekster som de får rask tilbakemelding på. Også forskjellig type tekster, selyfølgelig. Ja, korte og ulike tekster, både innenfor fiksjon og

sakpregede. [...] Og gjerne også å skrive en tekst, få tilbakemelding, og skrive vidare»
(L2).

For det første underbyggjer sitatet av lærar 2 at lærarane nyttar sakprega tekstar som modelltekstar. I alt kan det tyda på at modellering av tekstar er mykje brukt i ungdomsskulen, og at dei har gode erfaringar med det. Askeland og Falck-Ytter skriv at det er viktig at skriveundervisinga har ein klar progresjon, og at ein derfor må auka lengda på dei lesne tekstane, og gå frå enkle til meir avanserte sjangrar.

Når det gjeld lesing, er det viktig at lærarane modellerer tekstar før eleven skal lesa, og på den måten viser læraren korleis elevane kan praktisera lesestrategi (Askeland og Falck Ytter, 2010). Å øva inn gode lesestrategiar, skriv Hopfenbeck (2014) mykje om som ein viktig del av å verta sjølvregulert i læringsprosessen. Sjølvregulering står i motsetnad til tilpassa opplæring, skriv ho. Sjølv om lærarane er pålagde å driva tilpassa opplæring, er ulike læringsstrategiar nøkkelen til å flytta fokuset frå det enkelte individ sine føresetnadar og evner, til arbeidsmåtar som kan bidra til å betra læringa for den enkelte. Det er eit mål at ungdom skal verta ansvarlege for eigne læringsprosessar, og derfor kan det vera viktig å auka elevmedverknaden, slik lærar 1 er oppteken av.

Det er også interessant å leggja merke til at ingen av lærarane ser på grammatikkundervising eller arbeid med grammatikk som noko som gjev avkasting på nynorsken. Askeland og Falck-Ytter er også klare på dette. Dermed er utfordringa å jobba med grammatikken i elevtekstane, og lærarane meiner at raske tilbakemeldingar er viktig på grunn av dette. Lærar 2 meiner også at det kan vera nyttig at elevane skriv, får tilbakemelding og deretter skriv vidare på teksten:

«[...] gjerne også å skrive en tekst, få tilbakemelding, og skrive vidare. Det er noe som er vanskelig å få elevene til å skjønne er ok, fordi 'jeg er jo ferdig med den teksten'. Sant, men det å bearbeide ting det er jo viktig [...]» (L2).

Kanskje kan ein slik metode vera fruktbar når det kjem til å øva grammatikk. Skrivning er uansett viktig for å auka tekstmedvitet, anten det gjeld ord, fagord eller grammatikk.

Kva utmerkar seg positivt i elevanes realiserte nynorsk? (Det elevane meistrar stabilt gjennom skulekvardagen).

Sidan dette spørsmålet har ein klar samanheng med førre spørsmål, vel eg å bryta opp i spørsmålas kronologiske rekkjefølge. Når me no veit kva arbeidsmetodar som gjev best resultat

for elevanes realiserte nynorsk, vil me kanskje sjå att dette i kva som utmerkar seg positivt i elevanes nynorsk. Likt som på førre spørsmål, er ikkje informantane samstemde i kva elevane deira meistrar stabilt, eller kva som er positivt i deira realiserte nynorsk.

Lærer 4 er positiv til at elevane greier å skilja dialekt frå nynorsk, og at dei ikkje vert påverka av «chattespråket» når dei skriv i skulesamanheng. Elevane er gode til å omstilla seg, meiner informanten. Samstundes har denne læraren tidlegare sagt at bokmålspåverknaden er stor, og at elevane kan skriva «*‘meininga’ i stan for ‘meiningar’ og. Det e meir og meir – har eg helle ikkje sitt tidligare*». Eksempelet til informanten kan vera teikn på at den normerte nynorsken har konkurranse av dialekta deira. Sjølv har informanten vore inne på andre forklaringar, men vert ikkje einig med seg sjølv:

«Men om da ha med forkortinga å gjera oooog sjettespraok - eg tru'kje da helle før da va me jo ganske bekymra før når da liksom – ‘vil me sjao atte ditta her i tekstadn – at det e berre forkortinga’, men det ha me jo ikkje gjort» (L4).

Lærer 1 meiner at mange av elevane er flinke til å utnytta potensialet i nynorsk når det gjeld skildring. Ei årsak til dette kan vera at lærarane modellerer tekstar som har ein god, verbal stil og ein flittig bruk av adjektiv. Samstundes er lærar 1 den einaste informanten som ikkje melder om god bruk av teksteksemplar. Det kan vera at det er tilfellet likevel, men bakgrunnen for elevanes gode evne til å skildra kan ha andre forklaringar også. Informanten meiner sjølv at nynorsk er eit rikt språk, og at det eignar seg spesielt godt i skjønnlitterære tekstar. Dette er også årsaka til at informanten har fokus på skildring og «å utvida augeblikket», fordi det kan heva ein middels god tekst betrakteleg:

«Eg har litt fokus på da. Det vil sei at.. viss du på høg maoloppnåelse, før å bruka det uttrykket, so e da mangen som, viss dei trenna litt på da, so kan da bli skikkele bra, når du tek alderen i betraktning dao» (L1).

Lærer 2 har meir fokus på at elevane er flinke til å ta til seg tilbakemeldingane og utvikla språket vidare. Dette kjenner me att: Denne informanten er oppteken av å skriva korte tekstar og få raske tilbakemeldingar, slik at dei språklege utfordringane ikkje vert gløymde. Strategien er god og vellykka då informanten erfarer at elevane utviklar språket på grunn av dette. Same informant seier også at elevane i Sogn og Fjordane skriv godt nynorsk, men at dei som lærarar

kanskje forventar at dei skriv like godt på begge skriftspråk: «*For de som har nynorsk som hovedmål, blir det ekstra tøft for*». Her reflekterer lærar 3 rundt korleis det kan ha seg at elevane i Sogn og Fjordane gjer det dårlegare i hovudmålet sitt, og ei mogleg forklaring kan vera at lærarane forventar for mykje av elevane. Kanskje er lærarane i fylket betydeleg betre i nynorsk enn andre lærarar, og derfor ser dei også nynorskfeil som elles ingen andre ville sett?

Lærar 3 er inne på noko av det same, og presiserer at elevane er gode i nynorsk: Elevane skårar høgt i nynorsk samanlikna med andre fylke, meiner informanten. Samstundes ser informanten at det er rettskriving og språk som trekkjer ned nynorsktekstane, og informanten spør seg derfor om lærarane i Sogn og Fjordane kanskje er strengare enn andre lærarar i vurderinga av nynorsktekstar:

L3: Er sensorane strengare på rett nynorsk – no er eg litt utenom da du spurte om asså.

V: Nei, men det er flott.

L3: Men at me som norsklærarar e flinke i nynorsk.

V: Mhm

L3: ...og at me derfor blir litt strenge på det elevane skriv? Og så e eg inne på da 'får bokmålselevane systematisk opplæring i nynorsk i forhold til det me gjer'. Me gjer det kanskje i 3. - 4.klassen, 5. klassen, og så når dei kjem i 8. – 9. klassen så tek me eit lite kurs, akkurat som i bokmål, også gløyme me da. Elle, ikkje gløyme, men så trur me at dei kan da, også kan dei da ikkje.

Lærar 3 er engasjert og nysgjerrig etter svar på kvifor deira elevar gjer det betre i bokmål enn i nynorsk, og også kvifor for eksempel Oslo-elevane gjer det betre i nynorsk enn elevane i Sogn og Fjordane. Elevane er gode til å lesa oppgåvebestillingane og å vera kreative i tekstane sine, seier informanten.

Veit du noko om kva elevane les på fritida?

Dette spørsmålet kunne kanskje fortelja meg litt om relasjonen læraren har til elevane sine, og det vart utforma med bakgrunn i *førestilte fellesskap og identitetar* (Norton, 2013): Gjennom til eksempel bøker kan me ta del i andre fellesskap, og i fantasien strekk desse banda seg både romleg og temporært:

Imagined communities refer to groups of people, not immediately tangible and accessible, with whom we connect through the power of imagination [...] These imagined communities are no less real than the ones in which learners daily engage with and might even have a stronger impact on their current actions and investment (Norton, 2013: 8).

Om lærarane veit noko om kva elevane deira les på fritida, kan dei også veta meir om kva elevane er engasjerte i eller føler tilhørsrel til. Kanskje kan det fortelja noko om kven som er førebileta deira, og læraren vil dermed ha moglegheit til å laga undervisingsopplegg meir tilpassa elevane.

Informantane uttrykkjer at lesing er viktig, men dei har truleg ikkje stilt spørsmålet i klasserommet, eller så har dei ikkje fått konkrete svar. Informantane går ut ifrå at elevane ikkje les så mykje, og dei tenkjer kanskje då på bøker. Når eg spør informantane om dei veit om nokon av elevane les på internett, til eksempel nettavis eller blogg, vaknar dei meir og kjem med informasjon om at nokon av elevane er interesserte i bloggar. Lærer 3 er ikkje optimistisk til bøker, men har tenkt over at elevane kanskje les bloggar, og nemner dette utan oppmoding:

«Eg tru dei lese ufatteleg lite... bøke. Nokon – altså nokon gjer. Lese. Nokon lese. Elle høyre lydbøke. Men dei som lese – eg trur da e mykje blogg, eh, og det e da. Og snapchat-meldinga, trur eg» (L3).

Viss det er slik at elevane les bloggar, kan ein sjå føre seg at dei gjer det fordi dei får ta del i liva til personar som etter kvart vert førebilete for dei. Gjennom bloggen får ungdommane imaginære band til desse bloggarane, og dei set seg sjølve inn i eit fellesskap med dei i tankane. Dette kan til eksempel gjera at ungdommane vert sjarmerte av storbylivet:

«Ja, ja, du sir da litt i deiras... eh, ja, både veremaote og, ja, at ditta e noke so dei har lyst te å strekka seg itte – ja, klart da, at da... og da med status og da med... ja, alt da ein storby kan, ja, ditta med mote, ja, dei blir nok ganske sjarmirt ao da, trur eg» (L4).

Lærer 4 er også den læraren som uttrykkjer ei aktiv nysgjerrigheit rundt elevanes lesevanar, og reflekterer rundt dette:

«Nei... eg veit at dei lese veldig lite bøke, men dei les jo mykje, asso dei e jo på nettet heile tiden, så dei les jo mykje utan at dei tenkje øve at dei lese, før når eg spørre de 'lese de kår dag?'. 'Nei, de lese ingenting', og då tenke de bøke, dei tenke at eg spørre dei om dei lese bøke, og da gjere dei jo ikkje – de ferraste gjere da, dessverre, men egentle so

lese dei ganske mykje tekst i løpet av ein dag, og da de, men da e klart mange spela jo – bruka nettet på spel og chatta og... så eg veit ikkje om dei lese so lange teksta akkurat da, det gjere dei nok ikkje. Elle nyheite elle...» (L4).

Etter kvart som bloggane vart tema saman med informantane, kom me inn på kva skriftspråk elevane vert eksponerte for, og les, på fritida. Informantane tenkjer at bokmålet verkar uunngåeleg på alt nettbasert lesestoff, og at elevane vert eksponerte for mykje bokmål i løpet av ein dag. Om ein ser føre seg at elevane les ein del blogg på fritida, vert dei sannsynlegvis også eksponerte for bokmål. Dette kan påverka elevane og deira læringsbaner og investeringar i nynorsk avhengig av kvar dei føler tilhøyrse (Norton, 2013).

Ein kan på mange måtar seia at nynorsk er eit skulespråk: Berre 12,2 % av elevane i norsk grunnskule hadde nynorsk som hovudmål skuleåret 2016/17 (Gunnerud, 2017). Dei fleste av desse elevane finn me i Sogn og Fjordane som har heile 97,90 % nynorskelevar. Om mesteparten av det desse elevane les på fritida, er bokmål, vert det også klart for elevane at nynorsk er minoritetsspråket. Bokmål er skriftspråket med størst makt i Noreg, kan ein kanskje seia – i alle fall om ein berre reknar med bokmål og nynorsk. Norton (2013) skriv ut frå eit framandspråksperspektiv, men det interessante er overføringsverdien det har til denne oppgåvas tema: «Second language theorists have not adequately explored how inequitable relations of power limit the opportunities second language learners have to practice the target language outside the classroom» (2013:45). I piloten til denne oppgåva sa ein av informantane at dei sleit med å finna gode ungdomsbøker på nynorsk på deira lokale bibliotek (Kompelien, 2017). Når til og med biblioteket i ein nynorskkommune ikkje kan tilby dette lesestoffet, vert det sjeldan for elevane å få nynorsk innputt gjennom sjølvvalt lesestoff. Med ei forståing av å vera ein del av minoritetsspråket, er det også vanskelegare å «claim the right to speak» (Norton, 2013:48): Det vert vanskelegare å nytta det normerte skriftspråket framfor å heller skriva dialekt. Dialekta er ungdommane stolte av, seier lærar 3, medan å uttrykkja seg på normert nynorsk kanskje vert sett på som eit politisk standpunkt. Lærar 1 seier han har fokus på å gjera elevane medvetne om at det er dei som er språket, i staden for å påverka dei i noko retning. Utfordringa vert kanskje at «Power is created with others rather than being imposed on or exercised over others» (Cummins, 1996 i Norton, 2013:49). Dette gjeld særleg språk fordi det ofte kan vera enklare å følgja flokken eller majoriteten, og det norske språksamfunnet er udiskutabelt dominert av bokmål.

Kva kan vera med å forklara at elevane i Sogn og Fjordane gjer det betre i sidemålet enn i hovudmålet sitt? Og korleis er det mogleg at elevar i Oslo-skulen gjer det betre i nynorsk enn elevane i Sogn og Fjordane?

Avslutningsvis i dette delkapittelet har eg stilt to spørsmål som først og fremst er bakgrunnen for denne masteroppgåva, men dei er også spørsmål som lærarane sjølve grublar over og har sine tankar og forklaringar på. Desse vart presenterte tidlegare i dette delkapittelet, men no skal eg prøva å nærma meg spørsmåla med Pierre Bourdieu (Wilken, 2008) og Bonny Norton (2013) sine omgrep og teoriar som analyse- og diskusjonsverktøy. Kan det vera nokre viktige skilnadar mellom elevane i Oslo og elevane i Sogn og Fjordane, og deira tilnærming til nynorsk?

Kva som gjer at elevane i Sogn og Fjordane gjer det betre i bokmål enn i nynorsk, ifølgje eksamensresultata, kan me ha nærma oss ei forklaring på i diskusjonen under «Veit du noko om kva elevane les på fritida?». Særleg viktig er det at språksamfunnet i Noreg er bokmålsdominert, og at mykje lesestoff utanfor skulen er på bokmål. Kanskje er også elevanes, og særleg jentenes, førebilete bloggarar som skriv på bokmål og bur i storbyar. Dei lever tilsynelatande luksuriøse liv, og har opparbeidd seg ein viss status som kan vera forlokkande – også for ungdom ute i distrikta. Når bokmål dominerer utanfor skulen, påverkar det i kva grad elevane får praktisert nynorsk utanfor klasserommet (Norton, 2013). Nynorsk vert eit skulespråk, og det vert vanskelegare å krevja at nynorsk skal få plass på til eksempel Facebook, Snapchat og sms. Det vert enklare å følgja flokken og skriva dialekt.

Korleis kan dette ikkje gjelda Oslo-elevane? Ein kan sjølv sagt diskutera om sidemålsksamnen er enklare enn hovudmålsksamnen, og ein kan forklara Oslo-elevanes gode nynorsk-resultat med at kanskje fleire elevar er fritekne frå sidemålsksamnen, men tala viser uansett at Oslo-elevane meistrar nynorsk godt. Tala viser at Oslo-elevane hadde 0,2 betre snittkarakter i nynorsk enn elevane i Sogn og Fjordane i 2016 og 2017, og 0,3 betre snittkarakter i 2018 (Gunnerud, 2017). Som eg skriv innleiingsvis, under delkapittelet *Den norske skriftspråksituasjonen*: «Dei har hatt skrivetrening i sidemålet sitt i berre to år. Til samanlikning har dei hatt skrivetrening i hovudmålet sitt i heile ti år». Vidare kjem eg inn på at nynorsk representerer ein stor del av *det norske*, og at nynorsk derfor har høg kulturell verdi for mange. Oslo, som største by i Noreg, har også eit rikt kulturtilbod til menneske i alle aldrar, noko som gjev eit større innblikk i kultur på nynorsk: Nokre teateroppvisingar vert til eksempel framførte på nynorsk. Likevel er det mykje «negativt rundt» kva kulturell verdi nynorsken har, seier Dannevig (Nøttveit, 2016).

Bourdieu sitt omgrep habitus «refererer både til individets mentale disposisjoner [...], til erfaringenes kroppslige forankring [...], og til individenes sosiale forankring (Wilken, 2008). Habitus kan sjåast på som «kultur» fordi det er eit produkt av sosialiseringa, og særleg den tidlege: Den er viktig for danninga av disposisjonane som individ vil handla etter. Ein er alltid bunden av sin habitus, og det påverkar korleis ein kan handla i sosiale «kampar» ute i felta. Dei ulike formene for makt i samfunnet er knytte til dei ulike kapitalformene, og i denne samanheng er *kulturell* og *sosial kapital* viktige. Ved sida av desse to kapitalformene står også *symbolsk kapital* sentralt. Det er den ein nyttar til å omsetja kapitalformer til andre former for verdi (Wilken, 2008:39). Norton (2013) skriv at viss ein investerer i målspråket, så gjer ein det med ei visse om at ein også vil tileigne seg eit vidare spekter av *symbolske ressursar*, og at desse symbolske ressursane kan påverka deira kulturelle kapital og sosiale makt (2013:6). I denne samanhengen er nynorsk målspråket.

Ei forklaring på kvifor elevane i Oslo har betre nynorsk-resultat enn elevane i Sogn og Fjordane, kan vera at elevane på Vestlandet ser føre seg at det er viktigare å investera i bokmål enn i nynorsk med tanke på framtida. Elevane kan vera motiverte til å læra nynorsk, men trass i dette kan elevane ha lita investering i språkundervisinga i eit klasserom eller samfunn fordi miljøet eller samfunnet er bokmålsdominert (Norton, 2013). Om nynorsk i større eller mindre grad berre representerer eit skulespråk for desse elevane, vil dei kanskje kunne sjå føre seg at bokmål vert viktigare når dei skal ut i jobb, og at dei derfor førebur seg på dette.

For dei elevane i Oslo som har fått eit forhold til nynorsk gjennom ulike kulturelle innslag med ein viss status, vil nynorsk verta ein symbolsk ressurs. Derfor vert også nynorsk verdt å investera i, fordi det kan bidra til å auka deira kulturelle kapital, som seinare også kan vekslast inn med sosial kapital. Dannevig skriv til eksempel: «[...] investeringen i nynorsk må forstås som drevet av visse ambisjoner som er en del av individenes livsprosjekt, og hvordan de gjør investeringen i nynorsk nødvendig for å nå visse mål» om elevar i Oslo som byter frå bokmål til nynorsk som hovudmål (Dannevig, 2016). Då er ikkje elevane i Oslo naudsynlegvis drivne av kor nyttig nynorsk vert i seg sjølv i deira framtidige yrke. Dei er kanskje heller drivne av å få innpass i ulike sosiale lag, som kan påverka kva dei får tilgang til seinare i livet. Ein er kanskje ikkje medveten dette i tidleg alder, men ein vert påverka av si tidlege sosialisering, som gjer at eins habitus er styrande for handlingane ein gjer heile livet (Bourdieu i Wilken, 2008).

5.3. Analyse til forskings spørsmål 3

Forskingsspørsmål 3, «Korleis kan den realiserde nynorsken hjå elevane forklarast i forholdet mellom haldningar, identitet og læring?», tek i hovudsak utgangspunkt i Bonny Norton (2013) sin språklæringsteori, og søkjer å finna ein eventuell samanheng mellom haldningar, identitet og læring til å forklara elevanes realiserde nynorsk. Informantane har gjennom forskings spørsmål 1 og 2 rapportert om korleis elevanes realiserde nynorsk er: både deira konkrete utfordringar og kva dei meistrar stabilt i nynorsk. I dette delkapittelet vil spørsmål 8 verta analysert for seg sjølv, medan 9 og 10 vil verta analyserte i saman. Det same gjeld også spørsmål 11 og 12, og 13 og 14. Dette har bakgrunn i at dei to spørsmåla som vert analyserte i saman, har same tema.

I skulen er mange opptekne av språkleg bevisstheit. Har du nokre strategiar for korleis du best mogleg kan bevisstgjera elevane på språk?

Prossessorientert skrivning med modellering av tekstar på førehand aukar tekstmedvitet: Gjennom Askeland og Falck-Ytter (2010) og Udir sine omtalar av metodane har me i tidlegare analysar og diskusjonar sett dette. Denne måten å jobba med tekst på, aukar tekstmedvitet med tanke på at elevane vert introduserte for fagspråk, samstundes som dei kan verta medvetne at ein verbal og aktiv stil gjev god nynorsk (Askeland og Falck-Ytter, 2010: 107). Metodane lærar 4 beskriv i intervjuet, er så å seia heilt etter boka når det gjeld bevisstgjerings på språk, men det er litt uvisst om informanten er medveten dette sjølv, når spørsmålet vert respondert med dette:

«Eh, nei egentle ikkje, som gaor spesielt på nynorsk dao. Det e meir å utvikle eit variert avansirt språk, men da blir generelt, ja, byte ut ord og uttrykk med noken som e litt bedre og...» (L4).

Informanten seier at dei jobbar med å byta ut «ord og uttrykk», og ein kan forstå det slik at dette er like naudsynt på bokmål som på nynorsk. Informanten bevisstgjera altså elevane på språk ved å jobba med å utvikla språket slik at det vert meir avansert og variert. Tidlegare i intervjuet har denne informanten også sagt at modellering av tekst vert mykje gjort, og det er nettopp dette som gjer at informanten verkar aktiv i arbeidet med å bevisstgjera elevane på språk.

Modellering gjev elevane eit metaspråk om tekst og skrivning, slik Askeland og Falck-Ytter (2010) er opptekne av: Grammatikkundervisinga vert ofte nytta for å få tilgang til «eit språk om språket», altså eit metaspråk, skriv dei. Skriftlege tekstar er viktige kjelder til ordlæring,

skriv Golden (2014), og ein kan dermed også tenkja seg at tekstane kan hjelpa elevane å verta medvetne kva som er nynorsk-, bokmål- og dialektord ved hjelp av samanlikning av ordbruken i ulike tekstar. Lærar 3 fryktar at elevane ikkje vert nok bevisstgjorte på nynorsk gjennom dei skriftlege tekstane, som tidlegare sitert:

«Her tar me da forgitt atte dei kan da [...] me lese nynorsk, men kommentera ikkje atte 'her ser du setnings-oppbyggingen, her ser du på ordvalget, her ser du på...' sant. Atte, atte, bevisstgjera på at detta e nynorsk» (L3).

Lærar 3 uttrykkjer også at det er vanskeleg å hugsa på at elevane kanskje treng å verta bevisstgjorte på språk:

«[...] du gløyma da fordi at da bli så naturleg, ikkje sant. Også tenkje eg kanskje ikkje på at elevane – dei treng den systematiske opplæringen... sant. Når eg gjekk på skulen sjølv så måtte eg jo skrive opp igjen tre gonger da så eg hadde feil, sant» (L3).

Dette viser at informanten er medveten at puggestrategiar kan verka mot si hensikt når det gjeld motivasjon, men samstundes kan det også bevisstgjera elevane på språk (Hopfenbeck, 2014). Til eksempel må nokre enkeltord eller bøyingar berre puggast for at ein ikkje skal gjera same feil neste gong.

Gjennom modellering av tekstar kan ein også øva lesestrategiar, noko som igjen vil føra til at elevane vert meir sjølvregulerte (Hopfenbeck, 2014). «En viktig del av å være selvregulert, er å kunne kjenne til ulike læringsstrategier og å være i stand til å velge strategier som er hensiktsmessige [...] til de ulike oppgavene man skal løse» (2014: 22-23). Det er altså viktig at lærarane hjelper elevane til å velja rett strategi: Vurderinga deira påverkar også kva strategiar elevane vel, og eigenvurdering gjer elevane meir medvetne si eiga læring (White and Fredriksen, 1998 i Hopfenbeck, 2014: 73). Lærar 3 har stor tru på at elevane skulle fått teke større del i vurderingssituasjonen som eit ledd i å bevisstgjera dei på språket. Informanten ser føre seg å kunne ha samtalar med elevane under sjølve vurderingssituasjonen:

«Jah, og eg trur ein bør setta seg ned med kvar enkelt elev, ikkje sant, og sitta og vurderer i lag med dei. Koffor skriv du detta her, ka gjorde du då? Ka tenke du? Ka kan me skriva annleis? Det tar tid, og det gir resultat på dei som er interesserte» (L3).

Metoden lærar 3 skisserer her for å få meir elevmedverknad i vurderinga, kan vera svært tidkrevjande. Det vil kanskje vera meir realistisk å byrja med skriftlege eigenvurderingar som

etter kvart vert følgt opp av samtalar, og då vil dei som er interesserte, truleg også få resultat, slik L3 ser føre seg.

Ein grundig introduksjon i norsk språkhistorie er nyttig, skriv Askeland og Falck-Ytter (2010): Her vil ein mellom anna koma inn på Noregs dialektmangfald: «Barn er språkleg nysgjerrige, og det er gøy å samanlikne med det som ligg nærast: deira eige norske talemål» (2010:66). Lærar 1 viser stort engasjement for dette og har funne oppgåver som han meiner bevisstgjær elevane på språk:

«[...] førsempel so no hadde me ei oppgave der ein skulle skriva, laga slektstre te bake te oldeforeldre, der ein skulle undersøke ke dei heitte og ke dei dreiv med litt, og keleisen språk dei snakke – dialekt og keleisen maolmerke som va i dan dialekten – ei super oppgava [...] identitet, dao... kanskje den sterkaste identitetsmarkøren e da å snakka dialekt da» (L1).

To av lærarane fortel også om at dei har gjennomført eit prosjekt i klassa der dei skulle jobba med å utvikla eit *samnorsk* skriftspråk, som har røter i norsk språkhistorie. Der vart elevane spurde om kva ord dei var villige til å gje avkall på i nynorsk, men elevane ville gjerne behalda alle dei nynorske orda. Dette vitna om språkleg bevisstheit, meinte lærar 2. Lærar 3 fortel:

«Syns dei e bevisste og – me har nettopp hatt språkhistorie, ikkje sant, og utvikling av nynorsk, bokmål, ikkje sant, korleis det va på 1800-talet og utøve. Og dei e godt inn i da med glød og haldt foredrag og hatt diskusjonar og forsvart språket og, sant, hatt rollespel på da» (L3).

Desse tre eksempla på oppgåver/prosjekt knytte til dialektane og språkhistoria, viser at det engasjerer elevane, og at det kan vera eit godt verkemiddel for å auka medvitnet rundt språk og nynorsk.

Kva haldningar oppfattar du som lærar at elevane har til nynorsk og bokmål? Og, som norsk lærar, reflekterer du over eigne haldningar til nynorsk og bokmål?

«Målet er å få etablert eit nynorskvennleg språkmiljø i klasserommet», skriv Askeland og Falck-Ytter (2010:62). Dette betyr at gode haldningar til nynorsk, og språk generelt, kan vera avgjerande for å utvikla gode læringsstrategiar, verta sjølvregulerte og utvikla nynorsken. For at det skal verta etablert eit godt læringsmiljø i klassen, er haldningane til lærarane like viktige som elevanes haldningar, for ikkje å snakka om at dei kan vera avgjerande for elevanes

haldningar. Informantane er ganske samde om at elevane har gode haldningar til begge dei norske skriftspråka. I tillegg merkar dei at nynorsk er ein del av identiteten til elevane: «*Det som eg har sagt dao, det e ein sterk identitet til nynorsk, sjøl om ein beherska bokmaolet godt, so e da viktig som detta samnorsk-prosjektet vise dao – ein vil ha nynorsk...*» (L1). Lærar 2 trur dei gode haldningane kjem av at det er enklare å ha bokmål som sidemål sidan elevane høyrer og ser bokmål ofte: «*De hører, ser, leser bokmål mye mer enn de som har nynorsk som sidemål gjør der hvor det er bokmål som hovedmål*» (L2). Lærar 3 er einig i at det er enklare for elevane å skriva bokmål, men at dei ikkje har nokre motførestillingar til nokon av skriftspråka:

Nei, asså, dei skrive med lika åpent sinn begge to – dei veit jo at detta e noke dei skal og må og, sant... og dei skriv jo, eh, det e jo ikkje sånn at dei tyr te bokmål viss dei ska skriva meldinger forsempel. Sånn at det e nynorsk da går på, men med litt dialekt, men dei sei sjøl at dei syns det e enklare å skriva på bokmål (L3).

Lærar 3 seier at elevane er medvetne at dei må skriva begge skriftspråk. Språkhistoria kan, i tillegg til å bevisstgjera elevane på språk, også spela ei sentral rolle i å danna gode språkhaldningar hjå elevane: Det er gjennom språkhistoria ein forstår kvifor ein må læra begge skriftspråka i skulen. Om det er negative haldningar å spora, går dette meir på at elevane synest det er kjedeleg å måtta skriva to tekstar i norsk. Særleg heildagsprøvene, seier lærar 2. Lærarane vektlegg språkhistoria mykje sidan det bevisstgjer elevane på språk, samstundes som det bidreg til å forsterke dei gode haldningane elevane har til begge skriftspråk. At elevane synest det er kjedeleg å måtta ha to heildagsprøver i norsk, er forståeleg. I tillegg kan det ligga meir til grunn enn at det er kjedeleg: Elevane vert vurderte heile tida, og presset er stort frå alle kantar. Jo fleire vurderingssituasjonar, dess meir press også.

Når det gjeld læraranes eigne haldningar til nynorsk og bokmål, og om dei reflekterer over dei i kvardagen, svarar informantane noko ulikt. Lærar 1 reflekterer mykje over sine eigne haldningar, og dette grunnjev han med at han er ein nynorskmann som likar bokmål. For denne informanten kan dette kjennast motstridane, og derfor vert det mykje refleksjon rundt eige mål og skriftspråk. Dessutan seier læreplanen at dei skal vera bevisste og reflektera, seier informanten. Han har til dels også eit ambivalent forhold til språk: «*[...] før min holdning e at spraket – det utvikla seg uansett, du kan ikkje gjere noke med da, spesielt dialektadn dao*» (L1). Norton (2013) skriv at elevane kan ha eit ambivalent ønske om å læra og nytta målspråket, som i dette tilfellet er nynorsk. Dette kan sjåast i samanheng med i kva grad dei ser verdien i å investera i nynorsk. Lærar 1 seier at språket utviklar seg uansett, men korleis ser framtida for

nynorsk ut? Om elevane og lærarane tvilar på nynorskens framtid, kan denne ambivalensen forsterkast. Om læraren uttrykkjer ein ambivalens, vil dette kanskje også kunne gjera det vanskeleg for elevane å investera i nynorsk.

For informanten som ikkje snakkar vestlandsdialekt, er det viktig å vera bevisst og visa gode haldningar: «[...] jeg prøver å være veldig bevisst på å bygge oppunder at jeg syns at nynorsk er et viktig språk, og at de skal lære seg det» (L2). Informanten vil uttrykkje at nynorsk er eit viktig språk, og at elevene skal lære seg det, men korleis informanten «bygger oppunder» dette er uvisst. Kanskje er dei gode haldningane påteke som eit verkemiddel i å gjera elevane motiverte til å utvikla språket, eller så er dei ekte, og då vil dei kanskje ha større effekt som verkemiddel. Lærer 4 seier dette:

«[...] eg har ikkje noke sånn, eh, holdninga elle motforestillinga mot bokmaol helle, men eg sir jo at det e i ferd med å ta øve. Hehe, og da synst eg e litt trist, ja, så da kan jo hende at dei holdningadn mine kjeme fram når me snakka om sånne ting. Da kan jo godt henda at da skin igjøno, hehe. Ja» (L4).

Dei to informantane, L2 og L4, har to ulike inngangar til spørsmålet om haldningar: L2 har fokus på å villa uttrykkja gode haldningar til nynorsk, medan L4 har fokus på å ikkje uttrykkja dårlege haldningar mot bokmål. Uansett, dei haldningane som bur i oss, vil kunne skina gjennom, meiner L4.

Gjennom dine observasjonar som lærar, vil du seia at elevane dine har ein nynorsk-identitet? Og arbeider du målretta for å skapa ein nynorsk-identitet i saman med elevane, og i så fall korleis?

Det første spørsmålet er noko leiande, noko ein må ta i betraktning når ein ser på korleis informantane har respondert på spørsmålet. Sjølv om *nynorsk-identitet* truleg var eit nytt omgrep for lærarane, har nokon av dei tidlegare spørsmåla leia både informantane og meg til å nytta ordet *identitet* i tilknytning til orda «språk» og «nynorsk». Nokre av informantane har vore tydelege på at nynorsk er ein del av elevanes identitet, fordi dei har vakse opp med nynorsk og fordi det ligg nært dialekta deira. På dette konkrete spørsmålet om lærarane oppfatta elevane til å ha ein *nynorsk-identitet*, gjekk svara i den retninga at denne delen av identiteten kanskje må hentast fram i norsktimane. Elles er den ikkje synleg eller sterk, var deira oppfatning:

«Ja, ganske sterk, og hvertfall når ein blir bevisstgjort, men eg tvila på at dei gaor rundt og e so oppteken ao da i kvardagen, uten at eg veit da da, men når eg ha om da i timadn so e da tydele at dei ha ein nynorsk-identitet» (L1).

Det kjem an på foreldra og korleis dei skriv, meiner lærar 2. Lærar 3 og 4 er meir samde om at dialekta er nært knytt til identiteten deira, og at dei er stolte av plassen dei kjem ifrå. Informantane har sikkert ulike referansar til omgrepet, og svarar ut ifrå dei. Det er naturleg at dialekta vil vera ein større identitetsmarkør enn skriftspråket, men av *dei* to skriftspråka me har i Noreg, kven ligg nærast identiteten til elevane? Med informantanes erfaringar til grunn, kan det sjå ut til at nynorsk er viktig for elevane. Lærar 2 reflekterte vidare rundt forholdet elevane deira har til nynorsk, ved å samanlikna nynorskelevane i vest med bokmåselevar i aust:

«Hva skal jeg si da – det (nynorsk) er en større del av identiteten deres, ehm, når mennesker fra Oslo ønsker å kvitte seg med nynorsken, så er det ikke fordi at de har en identitetsfølelse til bokmålet, men de synes det er så vanskelig å skrive nynorsk. Og det tror jeg er en sånn forskjell som er ganske vesentlig» (L2).

Omgrepet identitet kan me sjå i samanheng med omgrepet kultur: Nynorsk er kultur, og det er dialektane våre òg om me ser på Bourdieus habitus-omgrep. Bourdieu snakkar om den kroppsleggjorte habitus fordi disposisjonane våre er tileigna, men tileigningsprosessen er gløymt eller fortrennd: Kulturen sit i kroppen og kulturen endrar kroppen. På den måten kan ein snakka om den individuelle og den kollektive habitus. Nynorsk og dialekt kan vera ein del av elevanes individuelle habitus, fordi dei har vorte eksponerte for nynorsk og dialekt sidan dei vart fødde. Slik har det vorte fordi nynorsk og dialekta er ein del av plassen (i Sogn og Fjordane, eller Vestlandet) sin kollektive habitus. Denne har del i ein større kollektiv habitus: Noreg sin, og i Noregs habitus finn me det dominerande bokmålet, og bokmål vert desse elevane også eksponerte for. På denne måten kan bokmål også verta ein del av elevanes individuelle habitus, men det kan likevel liggja føre ei viss rangering: Til eksempel kan dialekt koma føre nynorsk, og nynorsk koma føre bokmål i deira habitus.

Golden (2014) presenterer ein mild variant av Sapir-Whorf-hypotesen, som kan vera relevant i analysen av om elevane har ein nynorsk-identitet. Denne hypotesen seier at me er sterkt påverka av den måten morsmålet vårt kategoriserer verda på, og at språket derfor delvis styrer tanken. Dette er interessant fordi det er stor variasjon i ordbruken i språksamfunnet, og me finn det på fleire nivå. Språkbrukarens dialekt påverkar variasjonane i språket, men det kan språkbrukarens sosiale eller kulturelle bakgrunn gjera også, skriv Golden (2014: 121). Ein del standardiserer

derfor språkbruken og ordvalet til normalisert bokmål eller nynorsk: Informantane har sagt at ei av elevanes utfordringar, er at dei nyttar bokmåls- eller dialektord når dei skal skriva nynorsk. Lærar 1 fortel også at elevane kan skriva nynorskord i bokmålstekstar, og Golden (2014) sin forklaring kan bidra: «Han eller hun vil imidlertid sjelden bruke ord som tilhører andre dialekter eller generasjoner, hvis ikke poenget er å få fram en helt spesiell effekt» (Golden, 2014: 121). Elevane vel altså dei orda som kjennast riktige og naturlege for dei, med bakgrunn i deira habitus.

Når denne nynorsk-identiteten er mest synleg både for lærarane og elevane sjølve i norsktimane på skulen, vert det opp til lærarane å henta fram denne delen av identiteten. Den er nyttig for å utvikla språket ytterlegare, meiner Bonny Norton (2013). Då lærarane vart spurde om dei arbeider målretta for å skapa ein nynorsk-identitet i saman med elevane, var svara nok ein gong varierende. Lærar to arbeider med å bevisstgjera elevane slik at dei vert stolte av skriftspråket og dialekta si. På spørsmål om det hjelper språket deira å vera stolte av dialekta og skriftspråket, svarar informanten:

«Ja, også tror jeg det har noe med identiteten å gjøre. Jo, det tror jeg – det hjelper de å skrive nynorsk – ‘jeg er stolt over at jeg gjør det’. Også er det viktig å kjenne på den der ‘vi skal ikke være like alle’. Vi skal være litt forskjellige» (L2).

Det er tydeleg at L2 vil fremja den kollektive habitusen til plassen dei bur, og trygga elevane på at det er viktig at ikkje alle er like. Ein skal ikkje undervurdera at denne tryggleiken er viktig, for nynorskbrukarar kan oppleve å heile tida måtta forsvara skriftspråket sitt. Dét kan vera slitsamt, og det kan vera freistande å skriva bokmål berre for å unngå å måtta forsvara nynorsk. Når L2 seier at ein nynorsk-identitet hjelper elevane å skriva nynorsk, kan ein også tolka det som at nynorsk-identiteten er viktig for nynorskens framtid: Om nynorsk har ein viktig plass i eins habitus, vert det også enklare å skriva og forsvara nynorsk, og dermed bevarer ein også skriftspråket. Dette er lærar 3 einig i, men tenkjer at det kan gjerast meir i opplæringa: «*Men eg føle vel kanskje at eg kunne gjort endå meir i opplæringen*» (for å utvikla elevanes nynorsk-identitet). Det positive er at det er eit samhald på plassen, og i fylket: Dei er ikkje splitta i språkspørsmålet, og dei vil ha nynorsk. Det er kanskje denne oppfatninga som gjer at lærar 1 og lærar 4 meiner at lærarplanens kompetansemål er nok til å utvikla elevanes nynorsk-identitet, fordi nynorsk allereie har ein såpass stor og dominerande plass i deira kollektive habitus.

Om ein byter ut motivasjonsomgrepet i denne samanhengen og heller snakkar om elevanes investering i språk, kva argument kan du som norsklærer ha for at dine elevar skal investera i nynorsk? Og kva tenkjer du at elevanes noverande språkhaldningar og språkidentitet kan bidra med for å betra deira nynorsk?

Årsaka til at eg nyttar Norton (2013) sitt omgrep *investering* i samband med nynorsklæring, der ho sjølv nyttar det i samband med læring av eit andrespråk, kan forklarast gjennom Askeland og Falck-Ytter (2010): «Dei same didaktiske grepa skapar arbeidslyst og engasjement når det gjeld både nynorsk, bokmål og framandspråk» (2010: 61). Men kvifor er det viktig at lærarane kan grunngje kvifor elevane bør investera i språk? Norton har eit svar på kvifor investering er viktig i språklæringa: «[...] unless learners believe that their investments in the target language are an integral and important part of language curriculum, they may resist the teacher's pedagogy, or possibly even remove themselves from the class entirely» (Norton, 2013: 179). Konsekvensen av at elevane ikkje forstår kvifor språket er verd å investera i, er at dei motarbeider språket. Dette kan ein sjå eksempel på der bokmål er hovudmål og elevane ikkje vil læra nynorsk. Sjølv om nynorsk og bokmål er likestilte målformer etter jamstillingslova av 1885, må nynorsk alltid forsvare seg og sin plass, og derfor vert ordlyden ulik avhengig av om ein snakkar om bokmål eller nynorsk. Dette er også grunnen til at lærarane også må rekna med å grunngje kvifor nynorsk er viktig, sjølv der nynorsk er hovudmålet.

Den store fordelen med å gjera elevane lystne på å investera i språk, er at dei kan verta meir sjølvregulerte: Ein kan samanlikna lysta til å investera i språk med elevens indre motivasjon, noko som aukar sjansen for at dei vert sjølvregulerte. Lærarane er vande med å bruka eksamen i 10. klasse som motivasjonsfaktor, men dette er eit eksempel på ein ytre motivasjonsfaktor. På ein måte kan ein elev investera i språket for å gjera det bra på eksamen, men det vert kanskje ei kortsiktig investering. Lærer 1 vart observert av ein annan lærar, og fekk tilbakemelding på korleis han motiverte elevane: «*Då sa ho... atte... 'du ha kun fokus på ytre motivasjon' ... sa ho te meg – i timadn. I, i... om timen, då atte 'du prata heile tiden om å gjera det bra på eksamen' »*. Dette vert praktisert fordi det fungerer, meiner informanten. Ein må likevel hugsa på at elevane kan vera motiverte, utan å naudsynlegvis ville investere. Etter observasjonen vart lærar 1 meir merksam på å finna andre måtar å motivera elevane på: Til eksempel ved å reflektera rundt kva som krevst av skrivekunne i ulike yrke. Ved å motivera ved hjelp av oppgåver som ligg lenger fram enn eksamen i 10. klasse, er tanken at elevane får større motivasjon til å investera i språk.

Lærer 4 har også motivert elevane med eksamen som kjem i 10. klasse, men grunngeiv det med at det ikkje er enkelt å snakka om kvifor elevane bør investera i språk. Det vert for vanskeleg for elevane å setja seg sjølv inn i ein situasjon som ligg langt fram i tid:

«Ja, eg trur da, for at i deiras verden, ell i dan alderen so dei e i no, så e ikkje, asso dei sir ikkje so langt fram. Og dei klara ikkje tenka seg te, eg tru'kje de klara å tenka vidaregåande eingong asså, for dei so e verden her og no – og kanskje klara å tenka eksamen nesta aor dao, før dei ska jo opp ti eksamen nesta aor, men det e ganske langt for de da og» (L4).

Viss elevane vanskeleg kan verta motiverte til å investera i nynorsk fordi dei har fokus på livet her og no, vert argumenta for at *førestilte fellesskap og identitetar* påverkar deira språklæring, forsterka. Om elevane les mykje bokmål skriven av førebileta deira, til eksempel, vil det kunna påverka deira investering i nynorsk no. Om elevane ikkje ser føre seg eit spesifikt yrke endå, vil dei fleste ungdommar sjå føre seg ein ønska livsstil, noko desse førebileta også kan påverka. Då må ein spørja seg: Representerer nynorsk ein *symbolsk ressurs* for elevane, slik den kanskje gjer for nokre Oslo-elevar, og kva kapitalformer kan den vekslast i for elevane i Sogn og Fjordane?

I Sogn og Fjordane er det mest sannsynleg at god nynorsk (som symbolsk ressurs) kan vekslast inn i *sosial, kulturell* eller *økonomisk kapital*? Viss me ser nærmare på kulturell kapital, kom det fram under intervjuet til piloten (Kompelien, 2017) at folkebiblioteket har nokså dårleg utval av ungdomslitteratur skriven på nynorsk:

L3: Ja, men eg trur elevadn, me låne veldig lite bøke på biblioteket – jah, har prosjekt innimellom så dei må, men...

V: Du nevnte jo det i forrige intervju – atte det var jo ganske lite litteratur på nynorsk og. (Her viser eg til piloten som eg skreiv eitt år tidlegare).

L3: Mhm. Då hadde eg jo eit opplegg med at dei måtte velga seg ei nynorskbok til fordjupning.

Ser ein nærmare på kulturprogrammet på denne plassen, er det svært få kulturelle innslag på nynorsk. Av tolv oppsettingar er det berre ei oppsetting som er i regi av Sogn og Fjordane Teater. Det kan vera dialektinnslag frå Vestlandet i nokre av dei andre oppsettingane, men resten er stand-up show og bidrag frå profilerte menneske med standard austnorsk talemål. I alt er det fem teateroppsettingar fram til jul, og ut ifrå dette kan ein sjå at nynorsk ikkje er godt

representert. Med bakgrunn i dette er det nok lite sannsynleg at barn og unge veks opp med ei forståing av at nynorsk kan gje dei kulturell kapital i større grad enn det bokmål kan.

Ser me på sosial kapital, seier lærar 1 noko interessant om det å snakka dialekta deira:

L1: identitet, dao... kanskje den sterkaste identitetsmarkøren e da å snakka dialekt da. Keffer da?

V: Og den oppfatningen har du at elevene har den?

*L1: Ja, absolutt! Absolutt! Før eg hadde sånn vinkling atte 'da må no vera greitt, må no sjøl få velja koleis han vil snakka slik så ein får velja adle andre ting her i livet? [...] Men *bankar i bordet* velja dialekt, da gjenstaor. [...] Da faor du pryl, nei, du fåkje da asså, men du kan risikera da*

Det ligg ei forventing frå fellesskapen om at ein skal snakka dialekta som høyer til staden, men det kjem ikkje naudsynlegvis positive sanksjonar som følgje av det. Derimot vil ein kanskje oppleva å få negative sanksjonar om ein ikkje snakkar den dialekta som høyrer til staden. Det same kan gjelda for nynorsk: Det vert venta at ein ikkje byter frå nynorsk til bokmål:

L1: Sjøl om, før eg har diskutert med noken no i tiende som e markant betre i bokmaol enn i nynorsk, også sei eg 'du vel jo kossen hovedmaol du vil ha på vidaregåande sjøl – du kan velja', men då e da sånn 'neei, eh...' dei vil ikkje

V: Hva, hva tenker du om det?

L1: Nei, det e jo ein identitetsgreie, sant – det e ein so sterk del ao de sjøl, atte, atte du vil – det følest som eit svik. Og det kjenne eg godt att, eg kunne alder ha skrive bokmaol, gjere det av og te, digga da. Skriva bokmaol e fantastisk kjekt, det flyte lett og sånn, men, og eg beherska det bedre, men eg konna alder ha bytt sjøl. Ke da e før noke, likso?

Lærar 1 trur ein vil oppleva berre negative sanksjonar frå sambygdingane om ein skulle velja bort dialekta og nynorsk til fordel for standard austnorsk talemål og bokmål. I motsetnad til dette vil ein kanskje oppleva positive sanksjonar frå folk frå andre stader i landet, og særleg om ein byter frå nynorsk til bokmål. Dette kan tyda på at nynorsk ikkje automatisk vil ha positiv verknad på eins sosiale kapital: På denne plassen, eit av nynorskens kjerneområde, kan det kanskje vera slik at å byta frå nynorsk til bokmål vil ha negativ verknad på eins sosiale kapital, medan den kanskje ikkje har noko særleg positiv verknad om ein skulle vera trufast mot nynorsk.

Økonomisk kapital er ein del av ressursane (i habitus) som du tek med deg inn i dei sosiale felta, og den har ofte samanheng med kva yrke ein har. Lærar 1 vart merksam på korleis ytre motivasjonsfaktorar vart nytta konsekvent for å motivera elevane. No meiner informanten at det å reflektera rundt kva dei enkelte yrka krev av skrivekunne, kan vera ein måte å få elevane til å investera i språk. Sjølv om dette kanskje ligg langt fram i tid for elevane og vert vanskeleg å relatera til, kan ein prøva seg fram. Gjennom god skrivekunne i nynorsk vil ein ha eit fortrinn i ulike yrke på Vestlandet, då dei fleste kommunane der er nynorskkommunar. Gode nynorskferdigheiter kan vera inngangsbilletten til eit yrke der nynorsk er ein klar symbolsk ressurs, som kan nyttast til å auka dei ulike kapitalformene. Om desse vil gjera seg gjeldande utanfor det homogene miljøet, er vanskeleg å sjå føre seg med bakgrunn i analysen av kulturell og sosial kapital åleine.

Det meste av språklæringsteori og didaktikk seier at gode haldningar til målspråket er viktig. Viss ein i tillegg har eit forhold til språket, kan det vera bra for vidare læring. Derfor stilte eg eit siste spørsmål, som omfattar både elevanes noverande språkhaldningar og språkidentitet, og bad informantane om å reflektera rundt kva desse to kan bidra med for å betra elvanes nynorsk. Informantane har tidlegare sagt at elevane har gode haldningar til både nynorsk og bokmål. Det er rettnok enklare for elevane å skriva bokmål, erfarer lærarane, men nynorsk er like fullt ein del av identiteten deira. Den nynorsknære dialekta deira er i alle fall ein viktig del av identiteten til elevane. Lærar 1 ser potencialet i å nytta seg av at nynorsk ligg elevane nær med tanke på dialekta deira, og på denne måten kan ein gripa fatt i dette for å motivera dei til å utvikla språket sitt, eller få elevane til å investera i språket sitt. Lærar 2 ser utfordringane som ligg i at elevgruppa er forskjellige individ med ulike framtidsdraumar og intensjonar. Det er viktig at elevane trivst med nynorsk, meiner informanten. Det er undervisinga som må vera meir poengtert, seier lærar 3: Det er lærarane som må driva det. Relasjonen til eleven vert viktig for å betra nynorsken: «*Sant, 'ka e det du treng for å jobba med nynorsk?'*» (L3).

Det var eit vanskeleg spørsmål for informantane å svara på, og sjølv sat eg ikkje med noko «fasitsvar». Sjølv om svara og refleksjonane frå informantane ikkje peika ut ein konkret strategi, kunne dei seia noko om kva som var viktig for å betra nynorsken. Felles for dei tre informantane som hadde nokre refleksjonar rundt dette, er eigentleg at svaret ligg i *relasjonane* dei har til elevgruppa, og *relasjonen* dei har til kvar enkelt elev. Dei må veta nokre grunnleggande ting om eleven for å forstå kor eleven kjem ifrå og kor han/ho vil i livet.

5.3.1. Ei vidare didaktisk tilnærming til nynorskundervisinga

I dette delkapittelet vil eg ta utgangspunkt i analysen og diskusjonen tilhøyrande dei tre forskingsspørsmåla. På den måten vil eg koma inn på forskingsspørsmålas innleiande del, som handlar om å kanskje kunna tilby nokre nye didaktiske tilnærmingar til nynorskundervisinga, med bakgrunn i nye perspektiv frå språklæringsteorien.

Spørsmål og svar i forbindelse med forskingsspørsmål 1 fortel noko om kva utfordringar elevane har i den realiserte nynorsken sin. Her kom det fram at verbbøying var ei stor utfordring for elevane, i tillegg til at dei kunne skriva enkeltord som ikkje er tillatne i nynorsk: Her vert nynorsken deira utfordra av elevanes dialekt, og bokmålet. Tekstane som er skrivne på nynorsk, flyt dårlegare og har eit tungt språk. Elevane sjølve meiner at oppgåvene på hovudmåleksamen er vanskelegare enn på sidemåleksamen. Dette kan bidra til å forklara resultata, men lærarane er av den oppfatninga at dei utfordringane nemnde ovanfor gjeld gjennom skuleåret, og ikkje berre til eksamen.

Vidare avdekte spørsmåla under forskingsspørsmål 1 korleis lærarane arbeider med nynorsk, og korleis dei tek tak i utfordringane. Dette kan me sjå i samanheng med første del av forskingsspørsmål 2: korleis kan arbeidsmetodane forklarast gjennom språklæringsteori? Dette gjer at delar av forskingsspørsmål 1 og 2 vert samanstilte i dei følgjande avsnitta.

Alle lærarane har ein intensjon om å driva vurdering *for* læring, og dei har ulike strategiar for å få til dette. Ein lærar gjev elevane nokre utfordringar dei kan fokusera på under ein norsktime. Her kan dei jobba i grupper, og dei har to lærarar til å hjelpa seg. Dette tolærarsystemet representerer ein måte å driva tilpassa opplæring, noko som er det motsette av sjølvregulert læring (Hopfenbeck, 2014). Metoden med gruppearbeid kan likevel gjera at elevane vert meir aktive i læringsprosessen, og at dei på den måten vert ein læringsressurs for kvarandre, og at dei får eigarskap til eiga læring (Black & William, 2009 i Hopfenbeck, 2014). Denne blandinga mellom tilpassa opplæring og sjølvregulert læring gjer at Elwood og Klenowski sitt fjerde punkt (2005, i Hopfenbeck) kan verta oppfylt: Læraren kan fremja samtalar som gjev elevane tid til å reflektera, tenkja og dela idear om læringa. Andre lærarar ser størst nytte i den prosessorienterte skrivepedagogikken (Askeland og Falck-Ytter, 2010), slik at elevane skal verta meir medvetne eigne feil. Ei samansetning av desse metodane ville representert prosessorientert skriving med meir elevmedverknad, noko som kan gjera elevane både aktive i læringsprosessen som ressurspersonar, og samstundes meir medvetne til eksempel feil i verbbøying og enkeltord. Vurderinga kan altså nyttast til å danna elevane til å verta meir sjølvregulerte i

læringsprosessen, men det føreset at ein har ein relasjon til eleven som ein kan basera avgjerdene på. Dette gjeld til eksempel når ein skal tilpassa skriveoppgåver til elevane.

Å tilpassa skriveoppgåvene til elevane er ikkje enkelt, men det er viktig for at elevane skal få skriva om noko dei føler tilhøyrse til. Dette utviklar identiteten deira, og særleg verdiar, kunnskapar og haldningar vert prosessert i samband med skriving (Norton, 2013). Dette kan også vera med på å gjera relasjonen mellom lærar og elev betre, og på den måten kan læraren verta meir medveten sine val på vegner av elevane og deira vidare språklege utvikling. Lærarane kan til eksempel gje elevane ei tilpassa skriveoppgåve med bakgrunn i både identitet og språklege utfordringar, slik Askeland og Falck-Ytter (2010) skisserer med grammatikk-skriveoppgåver. Det er ikkje slik at lærarane naudsynlegvis har fokus på periodeundervising i nynorsk sidan heile skulekvardagen går føre seg på nynorsk: Elevane får nynorsk gjennom innputt heile dagen, men likevel kan grammatikkundervising vera nyttig for å gje, og halde ved like, deira metaspråk (Askeland og Falck-Ytter, 2010). Eit språk om språket må ein kunna for å ta medvetne val når ein til eksempel sjekkar ordbok eller skal retta teksten i dataprogram som Word. Det som skal vera til hjelp for elevane, kan fort berre verta ein «quick fix» der elevane ikkje er medvetne ordklassene, eller dei ulike tidene når dei skal bøya verb.

Lærarane modellerer mykje tekstar for elevane, men det er individuelle skilnader i korleis dette vert gjort, og kva tekstar som vert modellerte. Lærarane har kanskje ulike motivasjonar for å gjera dette, men dei meiner metoden har klare fordelar: Elevane vert stabilt gode i dei ulike sjangrane, og dei vert tekstmedvetne. Dette vil seia at dei vert eksponerte for fagspråk og nye ord, om dei fokuserer på ordnivå (Askeland og Falck-Ytter, 2010). Både Golden (2014) og Gardner (2004) meiner ulike tekstar utviklar elevanes ordtilfang og ordbruk, og særleg sakprosaetekstane kan representera nyttige, grammatiske innputt fordi dei viser fram orda i ulike former (Gardner, 2004). Grammatikkundervising aukar ikkje naudsynlegvis tekstmedvitet, men ein kan verta medveten grammatikk når ein les tekstar. For at læraren skal få innblikk i elevanes eigne tankar om læring og kva dei er bevisste på, kan eigenvurdering vera ein fin måte å kommunisera dette på. Om læraren ser utfordringar som eleven ikkje ser ut til å vera medveten, kan læraren setta fokus på dette.

Vidare har forskingsspørsmål 2 forsøkt å avdekka korleis resultata til elevane kan forklarast gjennom språklæringsteoriane denne oppgåva presenterer. Her har Norton (2013) og Bourdieu (Wilken, 2008) sine omgrepsapparat vore nyttige. Lærarane meiner at rettskriving og språk er

det som trekkjer ned resultat, eller karakterane, i nynorsk. Så, kva er det språklæringsteorien seier at bør gjerast, og som lærarane kanskje ikkje gjer? Kan dette eventuelt bidra med ei forklaring på kvifor elevane gjer det dårlegare i hovudmålet enn i sidemålet sitt?

Norton (2013) skriv at lærarane må, med utgangspunkt i elevanes skrivne tekstar, utforska kva identitetsposisjonar som gjev best moglegheit for sosialt engasjement og samspel. Dette er relevant med omsyn til korleis lærarane utformar skriverammene og skriveoppgåvene. Denne jobben er utfordrande fordi det trass alt skal bidra til elevanes språklege, faglege og personlege utvikling. Norton er derfor oppteken av at lærarane må nytta elevanes produkt til å betra relasjonen til elevane. Ein kan også stilla spørsmål for å gjera dette. Ta til eksempel spørsmålet om kva elevane les på fritida: Norton skriv at elevanes lesevanar også kan påverka elevanes handlingar og investeringar i språk, og derfor vert denne kunnskapen om eleven relevant. I dag er så godt som alle sosiale gjennom sosiale media, og les mykje på internett. Dette bidreg til at nynorsk vert eit skulespråk, medan bokmål og dialekt vert nytta utanfor skulen. Dette gjer at elevane ikkje får praktisert den normerte nynorsken utanfor klasserommet – verken når dei skriv eller les. Dette gjer det også vanskeleg å krevja plass til nynorsk på Facebook og Snapchat, fordi det enklaste er å følgja flokken.

I tillegg til dette kan elevanes resultat i nynorsk forklarast gjennom Bourdieus omgrep habitus, eller kultur, og dei ulike kapitalformene hans. Nynorsk representerer kanskje ingen kulturell kapital for elevane, og er kanskje heller ikkje nokon openberr symbolsk ressurs i det bokmålsdominerte samfunnet dei lever i. Dermed kan ein tenkja seg at det også vert viktigare for dei å investera i bokmål for framtida. Dette heng nøye saman med det siste forskingsspørsmålet, som søkjer å forklara den realiserte nynorsken hjå elevane i forholdet mellom haldningar, identitet og læring.

Elevanes realiserte nynorsk representerer ikkje tal som skil seg negativt ut i forhold til andre fylke, men tala seier at dei gjer det betre i sidemålet sitt. På den måten representerer deira realiserte nynorsk nokre utfordringar knytt til verbbøying, bokmåls- og dialektord, og flyt i språket. Samstundes representerer den realiserte nynorsken også at elevane er flinke til å nytta potensialet i nynorsk når det gjeld skildring, og at dei utviklar språket kontinuerleg basert på læraranes tilbakemeldingar. Dette viser at modellering av tekstar og prosessorientert skriving gjev resultat. Elevanes språklege kompetanse vert utvikla, og det kan potensielt få elevane og lærarane til å nytta eit metaspråk. Om ein utnyttar alt modellering av tekstar tilbyr, kan ein kanskje unngå å pugga verbbøyingar og nynorskord, som ikkje kjennest naturlege for elevane.

Utfordringa er kanskje at ordvala er påverka av eins sosiale og kulturelle bakgrunn (Golden, 2014).

Språkhistoria representerer ein bolk i norskfaget som gjev lærarane og elevane moglegheita til å relatera til det nynorske skriftspråket, og forska sjølve. Kanskje kan ein utnytta endå meir at elevanes dialekt er såpass nynorsknær som han er, sidan dialekta deira er ein sterk identitetsmarkør, ifølgje lærarane. Dette kan påverka deira identitetskjenle knytt til nynorsk, for denne kjensla er framme berre ein og annan gong. Skal me tru Norton, er denne kjensla viktig for vidare språkleg utvikling. Elevane vil ha nynorsk, seier lærarane, men det kan hende at bokmål også har vorte ein del av deira individuelle habitus, og då får nynorsk konkurranse av både dialekta og bokmålet. Dette kan vera årsaka til at elevane skriv både dialekt- og bokmålsord når dei skal skriva nynorsk: Den nynorske varianten av ordet høyrer rett og slett ikkje til i deira register (Golden, 2014:123). Samstundes representerer ikkje nynorsk ein symbolsk ressurs som kan gje dei auka sosial eller kulturell kapital, og dette er relevant med tanke på kva elevane er villige til å investera i som ungdommar. Vil ungdommane skilja seg ut og skriva nynorsk uansett, eller vil dei vera ein del av flokken og skriva dialekt?

Identitetskjenle og gode haldingar til målspråket kan forsterka læringa, og informantane er klare på at elevane har gode haldningar til nynorsk. Dei har også gode haldningar til bokmål. Det er eit nynorskvennleg språkmiljø i klassa, og dette kan bidra til at elevane vert meir sjølvregulerte, at dei vil tileigna seg gode lesestrategiar og at dei på den måten lettare utviklar nynorsken. Korleis dei gode haldningane til bokmålet påverkar dette bilete, er usikkert. Det som kanskje verkar å ligga i lufta, er tanken om at nynorsk står opp imot bokmålet, og at dei nærmast kjempar mot kvarandre. Språket vil utvikla seg uansett, meiner ein lærar, medan andre lærarar jobbar aktivt for å utvisa ei viss haldning. Uansett kva haldning ein har til skriftspråka, vil ho nok skina igjennom, og bidra til at elevane både ser og ikkje ser verdien i å utvikla nynorsken. Det er uansett viktig å hugsa på at ein kan vera motivert til å læra, utan å naudsynlegvis sjå verdien i å investera i det (Norton, 2013).

Etter denne meir konkrete gjennomgangen av forskingsspørsmåla og svara, kan det kanskje bidra med forlag til ei vidare didaktisk tilnærming til nynorskundervisinga. Sidan fokuset er på læraranes praksis, vil også forslaga fokusera på læraranes praksis. Særleg etter å ha nytta Norton (2013) og Bourdieu (Wilken, 2008) sine omgrep i analysen, har det vorte tydeleg at lærarane kan verta meir medvetne. Dette betyr at dei kan nytta seg av det elevarbeidet tilbyr av

informasjon som er relevant for å mellom anna utvikla elevanes nynorsk. Det er viktig å bygga relasjonar – også gjennom faglege spørsmål. Gjennom språk, og aktivitetar knytte til språk, utviklar elevane identiteten sin, og særleg med tanke på verdiar, haldningar og kunnskap (Norton, 2013). Lærarane kan gjennom relasjonane dei har til elevane, bidra til ei betre språkleg, fagleg og personleg utvikling.

Det kan også vera viktig å syna fram nynorsk i kulturelle innslag, både teater og bøker, som fengjer elevane (Bourdieu i Wilken, 2008). Det krev meir av læraren, men det kan gje resultat om ein viser elevane konkret kva nynorsk kan gje tilgang til, og kvifor det er verdt å investera i. Individuelle skilnader blant elevane betyr også at nokon av elevane vil fanga det opp.

Med bakgrunn i kva utfordringar elevane har, og kva lærarane tenkjer at dei kanskje må ha meir fokus på, kan eit forslag vera å ha meir fokus på metaspråk. Lærarane er aktive i bruken av modellerte tekstar, og då kan ein også nytta moglegheita til å fokusera på verbbøying i tekstane. Det kan ta tid for elevane å få dei ulike ordklassene ordentleg på plass, og tenkja på dei når ein skriv. Jo meir ein fokuserer på verb i tekst, i staden for i bøyingskjema, kan elevane verta meir medvetne verbbøying medan dei skriv. I tillegg er det viktig å øva elevane i ordbok slik at dei vert ordentleg kjende med den. Når elevane har ein tendens til å velja bokmåls- og dialektord framfor nynorskord, kan det vera kjekt å ha tilgang på ei papirutgåve til å supplera nettutgåva (Askeland og Falck-Ytter, 2010). Det kan hende at nokre elevar hugsar dei ulike orda betre om dei fysisk slår opp i ei bok, og då vert ordet automatisert til reproduksjon hjå eleven (Golden, 2014).

Meir elevverknad vert viktig i den nye læreplanen, som kjem i 2020, og det er derfor viktig at lærarane er medvetne fordelane dette gjev. Det kan mellom anna vera fruktbart i prosessen med å utvikla det nynorske skriftspråket sitt gjennom ungdomsskuleåra. Eigenvurdering høyrer også til under elevmedverknad, og bidreg til at elevane får eigarskap til eiga læring (Hopfenbeck, 2014). Kva ein meistar og kva som er utfordrande, må verta kommunisert frå både lærar og elev: Om læraren ikkje forstår at eleven ikkje forstår tilbakemeldingane, til eksempel på grunn av mangel på språk om språket, vil eleven halda fram med å gjera dei same feila. Gjennom elevens eiga vurdering får læraren moglegheit til å sjå kva eleven er medveten, og kva som må verta repetert på ein annan måte.

6. Avsluttande kommentarar

I dette siste kapittelet vil eg gje nokre avsluttande kommentarar til kvart av dei tre forskingsspørsmåla som er reist i denne oppgåva. På bakgrunn av denne studien tilbyr eg nokre didaktiske tilnærmingar til nynorskundervisinga, før eg skisserer vidare arbeid og forskning.

Kva utfordringar ser lærarane i elevtekstar skrivne på nynorsk, og korleis arbeider dei med nynorsk?

Lærarane er klare på at verbbøying i nynorsk er utfordrande for dei fleste elevane. I tillegg merkar dei at bokmål og dialekt påverkar elevane ved at dei nyttar ord som ikkje er tillatne i normert nynorsk. Dette gjev også utslag i form av eit tungt språk og dårleg flyt i teksten. For å demma opp dette, har lærarane fokus på å gjera elevane medvetne utfordringane sine i vurderingsarbeidet. Tanken er at det skal hjelpa eleven vidare i læringsprosessen. Lærarane nyttar både gruppearbeid med tilgjengeleg lærar om ein skulle trenga hjelp, prosessorientert skriving og modellering av tekstar for å utvikla nynorsken. Det er viktig med skriverammer for at elevane skal koma i gang med skrivinga, og modellering av tekst gjev elevane nyttige fagord og «start-ord», samt eksempel på skildringar.

Korleis kan arbeidsmetodar og resultat forklarast gjennom språklæringsteoriar?

Arbeidsmetodane lærarane nyttar for å hjelpe elevane til å utvikla nynorsken, har gjenklang i ulike språklæringsteoriar: Vurdering *for* læring er gjort greie for i Hopfenbeck (2014), og er viktig fordi det tilbyr elevane konkrete utfordringar som kan utviklast. Gruppearbeid med hjelpande lærar vert også gjort greie for i Hopfenbeck (2014), der ho viser til Black & William (2019) sine to punkt som handlar om at aktive elevar kan vera læringsressursar for kvarandre, samstundes som dei sjølve får eigarskap til eiga læring. Prosessorientert skriving vert omtala av Askeland og Falck-Ytter (2010) som avgjerande for god skriving, sidan læraren støttar eleven under heile skriveprosessen. Modellering av tekst har mange ulike fordelar, mellom anna at det gjev tilgang til fagspråk (Askeland og Falck-Ytter, 2010), ordlæring (Golden, 2014), grammatikk (Gardner, 2004) og lesestrategiar (Hopfenbeck, 2014).

Elevane er gode i nynorsk, men dei er betre i bokmål, og dette kan forklarast gjennom Norton (2013): Korleis lærarane formar skriveoppgåvene og skriverammene til elevane, må ha

samanheng med korleis lærarane kjenner elevane sine. Skrivning skal bidra til elevanes språklege, faglege og personlege utvikling, og derfor er gode relasjonar viktig. Ein annan faktor som kan spela inn på elevanes resultat i nynorsk, er at nynorsk vert eit skulespråk for elevane, og derfor vert det heller ikkje klart kvifor ein skal investera i språket for framtida (Norton, 2013). Bourdieu (Wilken, 2008) hjelper oss til å sjå at nynorsk ikkje er ein openberr symbolsk ressurs for ungdommane i vårt bokmålsdominerte samfunn.

Korleis kan den realiserte nynorsken hjå elevane forklarast i forholdet mellom haldningar, identitet og læring?

Elevanes realiserte nynorsk representerer nokre utfordringar knytte til verbbøying, bokmåls- og dialektord, og flyt i språket. Samstundes representerer den realiserte nynorsken også at elevane er flinke til å nytta potensialet i nynorsk når det gjeld skildring, og at dei utviklar språket kontinuerleg basert på læraranes tilbakemeldingar. Dette viser at læraranes arbeidsmetodar gjev resultat, men at dei kanskje treng nokre fleire didaktiske metodar i verktøykassa. Kanskje kan ein utnytta endå meir at elevanes dialekt er såpass nynorsk nær som han er, sidan dialekta deira er ein såpass sterk identitetsmarkør. Denne identitetskjenninga er viktig for vidare språkleg utvikling, meiner Norton (2013). Elevane vil ha nynorsk, seier lærarane, men det kan hende at bokmål også har vorte ein del av deira individuelle habitus, og då får nynorsk konkurranse av både dialekta og bokmålet. Sjølv om det er eit nynorskvennleg språkmiljø og gode haldningar i klassa, er både elevar og lærarar medvetne kva posisjon nynorsk har i samfunnet. Dette kan påverka elevane, for sjølv om ein kanskje er motivert til å utvikla nynorsken, treng ein ikkje naudsynlegvis å sjå verdien i å investera i det (Norton, 2013).

Didaktiske tilnærmingar til nynorskundervisinga

Med bakgrunn i dei avsluttande kommentarane til kvar av forskingsspørsmåla, er det naturleg å foreslå at lærarane kan verta meir medvetne, og nytta seg av informasjon som er relevant for å mellom anna utvikla elevanes nynorsk. Gjennom relasjonane dei har til elevane, kan dei bidra til ei betre språkleg, fagleg og personleg utvikling hjå elevane. Ein må møte eleven der eleven sjølv føler tilhøyrse, og deretter tilby eleven ulike måtar å utvikla seg gjennom språk. Dette handlar også om å syna fram alt det som kan gjera at eleven tenkjer at det er verdt å investera i nynorsk. Når det gjeld det språklege, betyr dette at eleven må få sleppa meir til, og ein må ha

fokus på kommunikasjon og metaspråk. Å ha inngående kjennskap til ordbok, altså å veta korleis ein skal nyttiggjera seg av bokutgåva og nettutgåva, er viktig for å betra kommunikasjonen og metaspråket. Ordbok er også naudsynleg med tanke på at det å skriva på nynorsk ofte krev at ein sjekkar orda hyppig.

Skissering av vidare forskning

Etter å ha gjort denne studien, ser eg at det kan vera interessant å foreta ein relativ lik kvalitativ studie, berre at ein nyttar elevar som informantar i staden for. Analysen i denne oppgåva reiser nokre spørsmål og hypotesar, særleg med bakgrunn i Bourdieu sine omgrep habitus og dei ulike kapitalformene. Det vil derfor vera nyttig å kartlegga kva nynorsk representerer for elevane i Sogn og Fjordane, no og for framtida, slik at lærarane kanskje kan nyttiggjera seg av nye strategiar. I tillegg vil det vera interessant å sjå om lærarane sine oppfatningar om elevanes læring står til kva elevane sjølve rapporterer, særleg med tanke på kor viktig gode relasjonar er i læringssituasjonen.

Litteraturliste

Askeland, N. og Falck-Ytter, C. (2010). *Nynorsk på nytt*. Bergen: Fagbokforlaget.

Bøyum, J. M. i Framtida.no (05.02.19). *900 Oslo-elevar skal få eigarskap til nynorsk*.

Lokalisert på: <https://framtida.no/2019/02/01/900-oslo-elevar-skal-fa-laere-om-nynorsk-i-oslo>

Dannevig, A. N. (2016). *Language Conversion to Nynorsk in an Oslo High School: A Critical Sociolinguistic Approach*. Lokalisert på: <https://www.duo.uio.no/handle/10852/52219>

Etikkom: De nasjonale forskningsetiske komiteene. (27. april 2016). *B. Hensyn til personer (5-18)*. Lokalisert på: <https://www.etikkom.no/forskningsetiske-retningslinjer/Samfunnsvitenskap-jus-og-humaniora/b.-hensyn-til-personer-5---18/>

Fjørtoft, H. (2014). *Norskdidaktikk*. Bergen: Fagbokforlaget.

Fretland, J. O. og Søyland, A. (2013). *Rett og godt: Handbok i nynorskundervisning*. Oslo: Det Norske Samlaget.

Golden, A. (2014). *Ordforråd, ordbruk og ordlæring*. 4. Utg. Oslo: Gyldendal Akademisk

Gunnerud, S. M. i Riksmålsforbundet (2017, 14.03). *Grunnskole-tall: 87,7 prosent bokmål, 12,2 prosent nynorsk*. Lokalisert på: <https://www.riksmalsforbundet.no/grunnskolen-877-bokmal-122-nynorsk/>

Haugan, J. (2017). «Language diversity in Norway and the question of L1 and L2» i *Beyond Philology. An International Journal of Linguistics, Literary Studies and English Language Teaching*. (2017). Wydawnictwo Uniwersytetu GDAŃSKIEGO GDAŃSK. Lokalisert på: https://fil.ug.edu.pl/sites/default/files/_nodes/strona-filologiczny/33797/files/beyond_philology_no_14_1_2017.pdf

Haugan, J. (2019). *When the first language feels like a second language: challenges for learners of Norwegian Nynorsk*. Under publisering, *Beyond Philology* 16

Haugland, K. i Språkrådet. *Litt om historia bak sidemålsstilen*. Lokalisert på: <https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Spraknytt-2007/Spraknytt-32007/Sidemaalsstilen/>

Hertzberg, F. (2008). «Grammatikk?» I Mette Nergård og Ingebjørg Tonne (red.): *Språkdidaktikk for norsklærere. Mangfold av språk og tekster i undervisningen*. Oslo: Universitetsforlaget.

Hopfenbeck, N. T. (2014). *Strategier for læring: Om selvregulering, vurdering og god undervisning*. Oslo: Universitetsforlaget

Kompelien, V. S. (2015). Bachelor Thesis: *Talemål hos ungdom i Etnedal kommune*. BIBSYS Brage.

Kompelien, V. S. (2017). *Fagdidaktisk prosjektoppgave: Lærerens tiltak for å bedre nynorsk som hovedmål*. Upublisert. Høgskolen i Hedmark.

Lightbown, P. M. & Spada, N. (2013). *How languages are learned* (4. utg.). Oxford: Oxford University Press.

Norton, B. (2013). *Identity and Language Learning: Extending the conversation*. 2nd edition. Bristol, Buffalo, Toronto: Multilingual Matters.

Nøttveit, A. R. i Framtida (05.07.2016) *Oslo-elevar byter til nynorsk. Han ville finna ut kvifor*. Lokalisert på: <https://framtida.no/2016/07/05/oslo-elevar-byter-til-nynorsk-han-ville-finna-ut-kvifor>

Opplæringslova. (1998). §2-5. *Målformer i grunnskolen*. Lokalisert på: https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61#KAPITTEL_2

Otnes, H. og Aamotsbakken, B. (2012). *Tekst i tid og rom. Norsk språkhistorie*. 4. utg. Det Norske Samlaget: Oslo.

Regjeringen. (2018, 26.06). *Forny innholdet i skolen*. Lokalisert på: <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/forny-innholdet-i-skolen/id2606028/?expand=factbox2606062>

Repstad, P. (2014). *Mellom nærhet og distanse: Kvalitative metoder i samfunnsfag*. 4. utg. Oslo: Universitetsforlaget

Skoleporten. *Standpunktkarakterer*. Red.: Helge Lund. Lokalisert den 10.04.19 på: <https://skoleporten.udir.no/rapportvisning/grunnskole/laeringsresultater/standpunktkarakterer/nasjonalt?orgaggr=a&kjonn=a&sammenstilling=1&fordeling=2>

Språkrådet (2012). *Ny nynorskrettskriving frå 2012*. Lokalisert på: <https://www.sprakradet.no/globalassets/spraka-vare/nynorsk/ny-nynorskrettskriving.pdf>

Språkrådet. *Mållova*. Lokalisert på: <https://www.sprakradet.no/Spraklige-rettigheter/Spraklege-rettar-som-gjeld-bruken-av-norsk/Maallova/>

Steen-Olsen, T. og Postholm, M B (red.). (2009). *Å utvikle en lærende skole: Aksjonsforskning og aksjonslæring i praksis*. Heftet. Kristiansand: Høyskoleforlaget

Utdanningsdirektoratet. (2006). *Læreplan i norsk. Formål*. Lokalisert på: <https://www.udir.no/kl06/NOR1-05/Hele/Formaal>

Utdanningsdirektoratet. (2013). Læreplan i norsk (NOR1-05). Lokalisert på:

<https://www.udir.no/k106/NOR1-05>

Utdanningsdirektoratet. (2016). *Begrepsdefinisjoner*. Lokalisert på:

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/minoritetspraklige/minoritetspraklige---hva-ligger-i-begrepet/>

Utdanningsdirektoratet. (2018, 27.06). *Eksamenskarakterer våren 2018 (foreløpige tall)*.

Lokalisert på: <https://www.udir.no/tall-og-forskning/finnforskning/tema/karakterer/eksamen2018/>

Utdanningsdirektoratet. *Veiledning til læreplanen: Prosessorientert skriving*. Lokalisert på:

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/veiledning-til-lp/fremmedsprak---veiledning-til-lareplanen/idebank/#prossessorientert-skriving>

Wilken, L. (2008). *Pierre Bourdieu*. Bergen: Fagbokforlaget.

Intervjuguide

Spørsmål til forskingsspørsmål 1.

1. Når du som norsklærer les elevtekstar skrivne på hovudmålet nynorsk, kva språklege utfordringar ser du at elevane har?
 - a. Korleis tek du tak i desse utfordringane under sjølve vurderingsprosessen?
 - b. Er elevane relativt stabile i sin realiserte nynorsk, eller svingar dei gjennom skuleåret? Ser du skilnader i den realiserte nynorsken avhengig av kva type prøve/oppgåve dei får?
2. Korleis arbeider du konkret med nynorsk i norsktimane?

Spørsmål til forskingsspørsmål 2.

3. Kva arbeidsmetodar ser du gjev best resultat for elevane under skriving av tekstar på nynorsk?
4. Veit du noko om kva elevane les på fritida?
5. Kva utmerker seg positivt i elevanes realiserte nynorsk? (Det som elevane meistrer stabilt gjennom skulekvardagen).

Spørsmål til forskingsspørsmål 3.

6. I skulen er mange opptekne av språkleg bevisstheit. Har du nokre strategiar for korleis du best mogleg kan bevisstgjere elevane på språk?
7. Kva haldningar oppfattar du som lærar at elevane har til nynorsk og bokmål?
 - a. Korleis stiller du deg til det i kvardagen som norsklærer?
 - b. Som norsklærer, reflekterer du over eigne haldningar til nynorsk og bokmål?
8. Gjennom dine observasjonar som lærer, i kva grad har elevane ein nynorsk-identitet?
 - a. Arbeider du målretta for å skapa ein nynorsk-identitet i saman med elevane, og i så fall korleis?
 - b. Om ein byter ut motivasjonsomgrepet i denne samanhengen og heller snakkar om elevanes investering i språk, kva argument kan du som norsklærer ha for at dine elevar skal investera i nynorsk?
9. Kva tenkjer du at dine elevar sine noverande språkhaldningar og språkidentitet kan bidra med for å betre deira nynorsk?

Informant: lærar 1 (L1)

Kvalitativt intervju

V: Når du som norsklærer leser elevtekster skrivi på nynorsk, hvilke språklige utfordringer ser du at elevene har?

L1: *Kremter* Eh, reint konkret... eh... med grammatikk... so oppleve eg at dei streva mykje meir med grammatikken på nynorsk enn på bokmaol. At... når eg retta bokmaolsteksta so e da mykje ferre feil.

V: Ja?

L1: Og det, hvis eg ska vera heilt konkret, så spesielt verbbøying som e særers vanskele på nynorsk – masse feil der. Eh... også e da ein del ord som gaor igjen då

V: Ja

L1: ...som bli feil. Som me då sjølsagt jobba masse med.

V: Ja, som er bokmålsord?

L1: Ja

V: At dem bruker det i nynorsken?

L1: Ja

V: Ja

L1: Men og omvendt. Det skrives ofte tilbakemelding: pass på at du ikkje blanda bokmaolsord inn i nynorsken, men og andre vegen.

V: Ja

L1: ...at det kjeme nynorskord inn i bokmaol.

V: Ja

L1: Eh, men når det gjelde reint... *kremt* eh, ellers, når det gjelde elevteksta, så vil ikkje eg sei at det noke særle forskjell på andre utfordringa som forsempel å svara på oppgava, ha god struktur og sånn. Derfor vil eg ikkje sei at det e noke forskjell

V: Nei?

L1: ...på nynorsk/bokmaol, men poenget e atte eg oppleve at det språket flyte lettare før vaore eleva på bokmaol

V: Ja

L1: Det bli eit bedre språk enn på nynorsk. Og før tre elle fire aor sia, so hadde 10. klasse her... ein klasse kom opp i norsk, altså hadde eksamen, skriftle

V: Ja?

L1: ...hadde 4,2 i snitt på bokmaol, elle sidemaol då

V: Ja, det er bra

L1: og så hadde dei 3,5 elle 3,4 på nynorsk, hovedmaol. Og da ser ein ikkje, det e som regel mindre forskjell

V: Ja

L1: Men, sidemaol e alltid best her. Det e sikkert det du har fonne ut(?)

V: Ja... ja, det er det tala viser

L1: Ja

V: Ikke at det er stor.. ikke så stor forskjell som det da. (Her snakker jeg ut fra eksamenskarakterer målt i fylket).

L1: Nei. Det va litt spesielt dao. Og då va det fleire eleva her so hadde seksar og firar. Seksar på sidemaol og firar på hovedmaol. Det kan vera med oppgavedn og sånn, da og asså men

V: Ja, man har jo mange variabler her, men

L1: Ja. Så, språklege utfordringa, så hvis eg gaor konkret so e da grammatisk, spesielt med verbbygging då, som e veldig vanskele. Og eg sjølv, som norsklerar, eg... eg... hehe... sjekka

V: Ja

L1: sjekka... må ofte sjekka sjølv når eg ska retta.. hehe

V: Og du har vokst opp her med nynorsk og?

L1: Mhm.

V: Ja..?

L1: Og eg e jo ein språk... person

V: Ja..?

L1: Ja. **Så korleis me teke tak i desse utfordringedn under selve vurderingsprosessen?**

V: Mhm

L1: Tenke du pao tebakemelding og sånn?

V: Eh, den her: Hvordan benytter du vurderingssituasjonen til å kunne...

L1: Ja... Nei, eg prøve å ve veldig konkret te kår og ein når eg gjer tebakemelding skriftle om at ditta e dine to-tre utfordringa. Også prøve eg å legge opp undervisning i etterkant der ein får lov te å driva med dei tingi som ein då streva med. Ofte so kan da vera i gruppe dao. Eh, atte... Noken streva med da, noken streva med da, noken streva med da, også laga me forskjellige... før eksempel vebbbygging dao, elle... å... elle... førsempel åehm... å svara på oppgavao, sant, før den blir meir og meir innfløkt på eksamen. No sist so va da sånn

seksledda, A-del... [sammenligner eksamenen før og nå]. Ja, no sist så va da diktet ao..
Øverland, Du må ikke sove

V: Ja

L1: ... sammenligna med eit korrespondansebrev frå Sagene til Syria.

V: Jah, jeg har lest den eksamenoppgava

L1: Ja. Og del A dar e sånn seksledda... spørsmål dar du ska svara på spørmaol, eh, visa med dømme, åsså vidare og.. korleisen verkemiddel bi brukt her. Asså, da åsså trena seg i å lesa oppgavao, besvara oppgavao, det e liksom veldig viktig del førr å gjera det bra på norskeksamen, bli bra i å skriva norsk. Så da kan vera noken som streva med, så ha me ei gruppa med da.. Åsså e da noken som... eh... i litt meir skjønnlitterær tekst så skildra ikkje dei, dei berre skriva «så skjedde, så skjedde det» sant. Så prøva å ha litt sånn... at dei faor lov te å øva på da som ein bør bli bedre pao.

V: Ja... hvordan... hvordan setter du dem i sving med det?

L1: Nei, asså det kan vera utfordringa. Me har ein ganske utbreitt tolerarsystem her på skulen

V: Ja, det kjenner jeg te

L1: Ja. Slik at, hvist eg dao faor femtan stykk, og så min kollega femtan, elle litt mindre dao faktisk, trettan.

V: Mhm

L1: Dao kan eg ha tri gruppe

V: Ja

L1: I klasserommet, der eg likso rullera, så kan dei få jobba ilag og individuelt

V: Ja, slik at du får en sånn veiledning til hver...

L1: Ja. Men invistera e eit interessant uttrykk då, før at eg pleie av og te å sei te elevadn at du må villa da, sant, du må klinka litt te, tenk atte detta, no ska du tenka at, førhold deg te ditta på samma måten som du spela data, ell den hobbyen de måtte ha. Så hvis det e da du legge i da med å invistera, so e eg veldig enig i da, atte da må, før å få djubdelæring så må du villa da, sei eg da. Åntle, før å bruka eit uttrykk som e her. Ordentlig.

V: Ja... ja... det med investering, det er vel det å sjå nytteverdien i det til seinere i livet, og det er jo mye her som man må tenke på kommer seinere i livet – da får du betalt for det, på en måte, men, ja, det er jo med identiteten din og... vi kommer tilbake til det litt lenger ned.

L1: Ska me sjao, b'en dao.

V: Ja, er elevene relativt stabile i sin realiserte nynorsk, hvordan dem, hvilke resultater dem har der, eller svinger de gjennom skoleåret? Og ser du forskjeller i den realiserte nynorsken avhengig av hvilke type prøve/oppgave de får?

L1: Vil ikkje sei at dei, eg vil sei at dei e stabile, elle eg vil ikkje sei at dei svinga dao. Ein vil jo heller, forhåpentligvis dao, oftast oppleva ein utvikling... der det bli bedre dao. Eh... og da føle eg at mi faor te med dei fleste elevadn, at dei utvikla seg. At, spesielt når dei har norsk i

tre aor. Når me begynna med dei i august i åttande, ser du på ein tekst då og ser du på ein tekst i juni i tiende, so e jo da ein utvikling.

V: Ja

L1: Det e jo ikkje leraren so er, det e jo, sant, det skjer jo masse med, elle det kan jo vera, leraren kan jo vera godkjent, men...heh

V: Ja, det skjer jo, det er jo en tid det skjer mye. Hehe

L1: Ja. [Repeterer siste ledd i spørsmålet]. Ja'a, dar ha ein mykje å henta

V: Mhm?

L1: Der kan me bli bedre. Me har prøft litt med sånn, eh, stresskriving og sånn, parskriving, kameratskriving og... sånn og... meir kortsvar, før å motivera dao. Og det kan me bli bedre pao. Mi driv jo å diskutera tentamensordningen, at mi kanskje bør gå litt vekk ifrå at dei sitt heile dagen. Spesielt åttande og niende – e da mule å fao te meir motiverande oppgave, e da mule å fao te meir elevmedvirkning

V: Mhm

L1: Også vidare. At dei sjøl får ta litt sånn eigerskap, og får lov te å skriva det dei vil skriva om då

V: Ja?

L1: So no e da ny læreplana på gong med djubdelæring, og det vil eg sei vil vera eit nøkkelord i norsken dao – å fao te undervisning og opplegg der eleven sjøl i større grad har fått vore med og bestemt innhaldet dao. Ikkje tving dei te å skriva om noke dei ikkje føle tilhøyrighet til, lat de få skriva om Zlatan elle Justin Bieber, elle what ever liksom

V: Mhm, ja

L1: Da de e interessert i

V: og der ligger det jo mye identitet

L1: Nettopp

V: Ja, ehm, da... **går vi på hvordan du konkret arbeider med nynorsk i norsktimene. Har du mange norsktimer som er... som du setter av til nynorsk, eller skjer det litt innimellom?** Heh

L1: Eh, det e jo klart me... *kremt*... asså, spesifikt nynorsk, asså alt føregaor jo.. heile deis skulekvardag føregaor jo på nynorsk.

V: Ja?

L1: Adle bøka og all tavleskriving, så det du lure på her e likso 'no ska me ha om nynorsk'?

V: Ja, eller hva du gjør... for eksempel med, når det gjelder verbbøying da, hvordan går du fram – har du noe spesielt som du føler du må ta opp igjen og gjøre konkret på tavla?

L1: Åja, slik ja. Ja, asså da gjere eg jo ein del, men eg prøve jo å involvera elevadn i størst mule grad, slik at dei sjøl får jobba med tingi dao. Hvis mi ser på fagfornyingen dao, så e det

jo eit udiskutabelt prinsipp der at elevadn må få vera meir i sentrum og... undervisning der eg staor og fortele og dei ska lera, prøve eg å begrensa i størst mule grad

V: Ja?

L1: Eh, so når det gjelde førsempel, ska me ta med verbbøying dao... so prøve eg å, at dei sjøl ska finne ut, og fao, gjennom å undersøka sjøl, og gjerne då i artige forme som gruppe, elle... Atte dei teke noke verb som dei ikkje har meistra

V: Oppfordrer du til å bruke ordbok og sånn...?

L1: Nei, me ha jo sånn ein-te-ein PC-situasjon no

V: Ja, at alle har en PC?

L1: Ja, ja, så da jobba eg masse med da at dei har den, og så fao te den der greia med å sjekka. Asså, i norsk no, so e da alltids anledning

V: Mhm?

L1: sant, dei ska jo lera seg da, men sjøl me vaksne må jo sjekka

V: Ja, og det å lære seg å sjekke en ordbok, hvordan lese en ordbok

L1: Ja, ja, det ha me fokus pao.

V: Ja?

L1: Eh, *kremt*, ellers so, når det gjelde norskoplegget vårt her so e da sånn bolk... bolkebasert, me har jo fem tima i veka, tru eg, slik at... det e jo. No har me hatt om dialekta og sånn, sant

V: Ja?

L1: Og... og... ja, i og med at det e so monge tima så finn ein da ofte naturle å kunne dao stoppa, og ha fokus på da me ha om gjønnom skrivning.

V: Mhm

L1: Også, no ha me dao sterkt fokus pao å bli meir tverrfagle, at me lerara samarbeida meir, laga eit sånn aoverordna tema som faget dao... der du bruka ditt fag inn mot førsempel demokrati, sant

V: mhm

L1: so, førsempel no so ha me sånn gruppearbei om Afrika i samfunnsfag, der den siste oppgåva e at dei ska skriva ein tekst. Sant, då e da fullt fokus på den teksten og at dan ska vara årntle og... god nynorsk og, så då i forbindelse med da so ha me sånn nynorskundervisning dao.

V: Ja, litt sånn sjekklister, hva?

L1: Ja.

V: Eh, hvilke arbeidsmetoder ser du gir best resultat for elevene under skrivning av tekster på nynorsk? Har du noe?

L1: Ja,

V: Den er litt flytende, litt flytende spørsmål, men der kan du egentlig...

L1: Nei, asså, arbeidsmetoda... min erfaring e at dei må i størst mule grad få jobba sjøl. Eg må ha eit opplegg og ein ramme som gjer at dei er motivert og opplegget e slik at dei lika da. Dette e ei stor utfordring

V: Mhm

L1: Det e jo mangen folk, åtteogtjue, sjuogtjue, og mange av dei e med med ein gong, sant, mens mange dei... *kremt* må hjelpast til å ta tak. Så konkret, hvilke arbeidsmetoder... eh, mykje gruppearbeid, eg har begjønt mykje meir med gruppearbeid, delvis før at fagfornyinge seie at mi mao lera elevadn vaore å samarbeida, kommunisera og vera kreative. Sant, og dao e den fungerande gruppao ein ideell plass, sant. Eh, men, hvis eg gir utfordrande oppgava i gruppe som dei faor kort tid på å løysa og so ska legga fram, so har eg oppleift – no har eg tiende. No har dei blitt ganske sånn vaksne dao

V: Ja...

L1: So i aukande grad no utøve tiendeklasseaoret opplevd ein slags... mmm... større engasjement og lereffekt, eh. So, eg vil sei – hvilke arbeidsmetode som gir best resultat: det e å la dei jobba ilag, la dei jobba med ting som dei lika sjøl, som dei e interessert i, som dei ha sagt at detta vil eg skriva om, detta vil eg jobba med. Sant, detta e jo berre mule te ein viss grad, men me ha ein relativt svak kultur på... hvis du ser på elevundersøkelsadn, so e da laog skår pao elevmedverknad

V: Ok, ja...

L1: So no har me lereradn bestemt oss før at 'ok, no ska me ta tak i da'. Slik at hvis me førsempel ska øva på nynorsk novelle dao, so prøve eg å ha sånn 'ke vil du skriva om' – detta e og ofta ein utfordring for monge ha ikkje so... eh, reflektera ikkje so sterkt rundt da

V: Nei, og er vant med å bli styrt?

L1: Ja, sant. Men no te hausten so starta me i ny åttande, og dao! Dao ska me venda dei til da

V: Ja, starte på nytt? Hehe

L1: Ja, så arbeidsmetode da e å arbeida i gruppe og la dei få styra og bestemma mest mule. Då oppleve eg auka engasjement og interesse

V: Ja, men atte du passer på at du har ei ramme – atte innafor her må du være?

L1: Ja

V: Ja, veit du noe om hva elevene leser på fritida?

L1: Ja, asso, eg e veldig oppteken ao at dei ska lesa

V: Ja?

L1: og det e lite *kremt* skjønnlitteratur, som e og eit stort satsningsområde no, at ein ska prøve å få folk te å lesa, før ein ser kjempeeffekt ao da, ke eg ska sei, på alle livets områder omtrent, hvis du, hvis du e vande te å lesa. Det e jo logisk

V: Ja...

L1: Men det e ikkje so monge som lese, men det e litt sånn underkommunisert, før det e ikkje kult

V: Nei...

L1: Og me hadde Arne Svingen på besøk her, og han snakke masse om detta der. Han hadde noke sånn statistikk på kå mange som egentle leste som ikkje sa da på ungdomsskulealder, sant.

V: Åja?

L1: Ja. Så da trur eg på og, men det dei lese dao... e jo mykje... nei, eg veit ikkje.

V: Jeg tenker... hmm, om dem ikke setter seg ned og leser en roman, veit du om det er mange av elevene som leser blogg, eller nettavis, eller?

L1: Ja, litt sånt

V: Ja? Det som kan leses på mobil og...

L1: Ja, førsempel me hadde om blogg før ein stond sia, og då va da mange so va med med ein gang og hadde høyrte om bloggeradn og konna fortella og va.. visste meir enn meg da

V: Var veldig engasjert i det?

L1: Ja

V: Ja, eh, det blir jo... de bloggerne, skreiv de på bokmål eller nynorsk, veit du noe om det?

L1: Bokmaol, adle

V: Ja, er det de plassert i Oslo som, eh...?

L1: Ja. Det va denna topplista, dei som va mest populære

V: Ja, mhm

L1: Men detta e eit godt poeng, at da dei lese e nok bokmaol, ja

V: mhm

L1: hundra prosent, omtrent. Uten at eg kan sei det da, men

V: Nei, og da kan vi jo.. ehm.. det her blir mye syensing, men kan ta det med bare fordi vi er inne på det, men når det gjelder gutter/jenter, trur du det er noe forskjeller på hva de leser på fritida? Veit du noe om det?

L1: Ja, asså, i min klasse va da jentedn som hadde sånn bloggkunnskap. Også, når me e inne på da, de lese facebook. Sant, de lese masse sms og snap.

V: ...og hvordan er språket der? Hehe

L1: Nettopp

V: Ja, det er masse interessant der. Jeg kunne gjort masteroppgava mi så vid der...

L1: Ja. Men da gløynde eg å si i stad, men eit hovedefokus i både bokmaol og nynorsk e atte dei skrive muntle dao.

V: Mhm. Også du nevnte i stad at dere hadde om dialekt. Dialekta her er jo ganske nynorsknær, men trur dem... asså, det inntrykket eg fikk under førre runde eg dreiv med det her og prøvde meg litt fram med intervju... trur du at elevene her har noe inntrykk av at dem snakker nynorsk? Sier dem det, eller er det...

L1: Ja, me har veldig fokus på da, at dei ikkje må sei.

V: Dere har veldig fokus på det?

L1: Ja

V: Ja? Så elevene har kanskje, trur dem at hvis dem skriver dialekt så er det riktig nynorsk?

L1: Nei

V: Nei, det er ikke det?

L1: Nei. Men når du snakka om identitet, så hadde me... so va da tydele at nynorsk språk og skriftspråk o va viktig.

V: Det var viktig for elevene?

L1: Ja. Før atte eg pleie å ha sånn prosjekt, før atte... dar eg prøve å gjenopleva samnorsk

V: Ja?

L1: Sant, da va jo offisiell politikk her i mange aor atte det skulle bli samnorsk. Nynorsk og bokmaol skulle... så det pleie me alltid å gjera. Bokmaolsgjeng, nynorsksgjeng, førhandla. Og dao, mangen ville ikkje gje nokenting

V: Nei?

L1: Sant, so da førsempel: me har ganske dårlege spørjeord, tykkje eg dao. Me hakkje noke 'hvilken', 'hvilke' og 'hvilket'. Da blir sånn 'kva for' og 'kva', og, og, 'hvem' er 'kven'. Det e fjernt, før meg e da fjernt. Eg kan lika godt skriva 'hvem' som 'kven'. Og 'hvor' er 'kvar'. Det e ingen her som seie 'kvar' – kvar skal me? 'Hvor' kan følast lika nær som 'kvar'. Me seie 'kest', men allikavel når eg begjønnte slik så «NEI». Det var ikkje snakk om å gi nok, før atte viss... så sa eg atte på bokmaol, de kan, dei villa sei 'jeg'. Litt sånn unaturle, så då va dei villig te.. «Ok», då tek me 'eg', sant. Men berre oppsummert; den identitetsgreia kom voldsomt sterkt inn.

V: Ja, der fikk du sett det. Interessant da. Og... for ikke å ha bare fokus på det som kan være utfordrende, så **hva utmerker seg positivt i elevenes realiserte nynorsk, det som elevene mestrer stabilt gjennom skolehverdagen?**

L1: *Kremt* Eg vil sei at mangen greie å benytta seg av potensialet i nynorsk, i større og mindre grad, men det e jo eit spraok som... viss du skrive skjønnlitterært elle lyrikk elle slik, so e da eit egna spraok før da. Og da e da ein del eleva som greie å benytta seg ao, før eksempel viss de fyst begjøna å skildra, viss dei fyst begjøna å fao te da, så kan jo nynorsk vera voldsomt vakkert dao

V: Ja, men det er rart. Jeg har aldri tenkt på det før, men jeg kjenner meg att i det asså.

L1: Ja, og da kan gi uttelling på eit veldig flott språk, viss du greie å bruka dei mulighetadn som nynorsken gjer. Eh, ja. Eg har litt fokus på da. Det vil sei at.. viss du på høg maoloppnåelse, før å bruka det uttrykket, so e da mangel som, viss dei trena litt på da, so kan da bli skikkele bra, når du tek alderen i betraktning dao.

V: Ja

L1: Men og, medium/middelseleva kan og heva spraket sitt – det e lite som ska te

V: Mhm, ja, interessant. Så det med å... at språket, ja at språket kan bli veldig godt bare dem kommer på innsida av språket, at dem får jobbe litt... og da skrive dikt, var det det du sa?

L1: Men og skjønnlitterært, og saktekst. Ska sjå, viss eg kan gi noke eksempel kanskje, da so e da.. elle lekse dao...så utfordra eg de på å skildra og bruka spraket, at de dao kan skildra ein 'solfullt ettermiddag med venene mine pao løkka, der me skal spele fotball. Eg tenkjer kor herleg...' sant, viss du først beherska den der i nynorsk så blir det fort veldig sånn flott då. Veit ikkje om du skjønte ke eg meinte?

V: Jo, jeg...

L1: Sant, utvida augeblikket, i stan før dan der 'de stjel fritia vaor'. Atte du kan

V: ...spinne vidare

L1: Ja, då blir det fint.

V: At man ser det for seg

L1: Ja

V: Da går vi over på spørsmål som har med forskningsspørsmål tre. Det knytter holdninger, identitet og læring i sammen. **I skolen er mange opptatt av språklig bevissthet. Har du noen strategier for hvordan du best mulig kan bevisstgjøre elevene på språket?**

L1: Mhm... *Lang pause* Ja, asså... detta e jo ganske sentralt, og det e tungt vektlagt i kompetansemaoli, å vera bevisst sitt eige språk og den språklege utviklingen, kest ein sjøl e – og da ha me hatt om no, og dao e da å bevisstgjera eleven om atte det e han elle ho som som e spraket, og som e dan språklege utviklingen. Og, eg bruka ikkje lereboki så mykje, men akkurat her e dan veldig bra, før her har me oppgava og utfordringa som tek sikte pao å bevisstgjera – førsempel so no hadde me ei oppgave der ein skulle skriva, laga slektstre tebake te oldeforeldre, der ein skulle undersøke ke dei heitte og ke dei dreiv med litt, og keleisen språk dei snakke – dialekt og keleisen maolmerke som va i dan dialekten – ei *super* oppgava

V: Ja

L1: som folk va interessert, elevadn va interessert og fann ut atte 'oi' dan oldefaren kom dar og darifrå og dar snakka de slik og dar hadde de da og da maolmerke. Også ei an'n oppgava va at dei sku skriva ni ord som dei brukte som kanskje ikkje adle forstod, og då e da masse engelsk, sant, og masse slang, som dei bruka som ikkje dei tenke pao, og da e da voldsomt lett å knytta da til når me har om språkleg utvikling, sant. At det e dei, eg og du og mi, som e dan språklege utviklingen, som gjere atte førsempel dei – korleisen dei snakka no e stor

forandring frå ungdom her før ti aor sea – detta e da mykje forskning på på *barneskolen i sentrum* - og ho *namn* - kjenne du ho?

V: Lurer på om eg har hørt navnet?

L1: Ja, ho har forska masse pao maolmerke, der diftonga ‘eu’ og ‘ao’ e på veg ut og sånn, ja... atte det e mi som e spraket. Og da e alltid kjekt, da e alder tungt

V: Nei?

L1: so eg pleie so regel å starta med atte i vaort samfunn so e da no slik atte uansett ke du gjere, so seie folk ‘ja, det e ditt valg’. Så atte, ufattele tollerang samfunn me ha, førsempel viss du seie ‘eg e homo’, elle ‘eg e muslim’ elle du kan sei ke du vil, sant, asso innafør rimelegheitens grense so ikkje du krenka sjølvsagt, sant. Du kan sei, ja du kan ha slags stil du vil, veit ikkje koss stiladn e no eg men - og folk akseptera deg som regel, dao. Men, viss du bur vekke og kjemme, førsempel eg budde tri aor i Oslo – viss eg dao hadde kome heimatte og «Ja, nei, nå vil jei snakke sånn for det føles naturlig for mei» so hadde eg våre sosialt, om ikkje ferdig, so hvertfall fått problem dao. Folk hadde sitt på da som uhyre løge, og keffer e da slik?

V: Ja, du hadde vært falsk du da, og trudd du var noe. Hehe...

L1: Ja, og då fekk eg klassen te å diskutera det dao, og da va dei jo heilt klar på atte da va uhyre negativt – ‘ja, keffer da?’ Sant, keffer e da so negativt? Reflektera rundt da, og da e interessant før oss vaksne å tenka litt på og

V: Ja

L1: Sant, so, veit ikkje heilt keffer eg snakka om detta her no, men

V: Nei, men bra, spinne vidare

L1: Ja

V: Ja, det med...

L1: identitet, dao... kanskje den sterkaste identitetsmarkøren e da å snakka dialekt da. Keffer da?

V: Og den oppfatningen har du at elevene har den?

L1: Ja, absolutt! Absolutt! Før eg hadde sånn vinkling atte ‘da må no vera greitt, må no sjøl få velja koleis han vil snakka slik så ein får velja adle andre ting her i livet? Om ein vil konfirmera seg, gifta seg, døypa ungradn sine. Alt e sånn ‘javel, det e du, ditt valg’ i vaort fantastiske, demokratiske, ytringsfriheitsamfunn. Men *banker i bordet* velja dialekt, da gjenstaor.

V: Ja, det

L1: Da faor du pryl, nei, du fåkje da asså, men du kan risikera da

V: Ja!?

L1: Hehehe

V: Jo, men det vekker jo følelser

L1: Ja, keffer da?

V: Ja...

L1: So da e litt interessant dao, men det e jo sjølsagt med identiteten å gjera

V: Mhm.. Jeg veit ikke hvor relevant det spørsmålet her blir, **men hvordan forholder du deg til det i hverdagen som lærer?** Som norsklærer... jeg veit ikke helt hva jeg har tenkt her, hehe

L1: Nei, det e kanskje litt da eg ha sagt dao

V: Nei, vi har hoppa over et spørsmål! **Hvilke holdninger oppfatter du som lærer at elevene har til nynorsk og bokmål?**

L1: Det som eg har sagt dao, det e ein sterk identitet til nynorsk, sjøl om ein beherska bokmaolet godt, so e da viktig som detta samnorsk-prosjektet vise dao – ein vil ha nynorsk og ein vil ha. Viss ein ser på baksida ao *avis* so e da intervju med ungdom, og dao stille de alltid spørsmålet: to skriftspraok? Dei aller, aller fleste svara at dei vil ha to skriftspraok.

V: Ja?

L1: Ja. Men... det e sånn ungdomsportrett ofta på baksida ao *avis*, og det e alltid... Eg hakje noke statistikk då, men

V: Nei... Du ser det, observerer det.

L1: Sjøl om, før eg har diskutert med noken no i tiende som e markant betre i bokmaol enn i nynorsk, også sei eg 'du vel jo kossen hovedmaol du vil ha vidaregåande sjøl – du kan velja', men då e da sånn 'neei, eh...' dei vil ikkje

V: Hva, hva tenker du om det?

L1: Nei, det e jo ein identitetsgreie, sant – det e ein so sterk del ao de sjøl, atte, atte du vil – det følest som eit svik. Og det kjenne eg godt att, eg kunne alder ha skrive bokmaol, gjere det av og te, digga da. Skriva bokmaol e fantastisk kjekt, det flyte lett og sånn, men, og eg beherska det bedre, men eg konna alder ha bytt sjøl. Ke da e før noke, likso?

V: Nei, så det er kanskje ikke der det ligger? Når du spurte om hypotese i stad, så kanskje det hadde vært hypotesen min – egentlig at jeg... at dem egentlig ikke hadde så sterk tilknytning til det, asså det var noe jeg antok, det... men det har jo med min bagasje å gjøre, sånn hva jeg... Men, ja?

L1: Men, dei ha kanskje ikkje so bevisst forhold te da, men når me begjønna med da her i timadn so kjeme da fram

V: Mhm?

L1: Men dessuten *snakker litt fort* by mot land, nynorsk mot bokmaol(?)... og da at no drive frå politisk hold at da ska vera kanskje valgfritt, elle, også vidare, sant.

V: Ja, det er jo ulike test...

L1: Ja, og då merka eg her at elevadn og i tiende, dei anser det som sitt språk og atte... ska ikkje ta det i frao de. Men det e jo faoe som e i Noregs Maollag og ungdomslag, sant, og om dei ikkje gaor og tenke på da, men når me begjønna å snakka om da, då føle eg de ha eit engasjement.

V: Ja. Ehm, ja, du har kanskje svart på...

L1: Ja, 7 a.

V: Ja. Og b: **Som norsklærer, reflekterer du over egne holdninger til nynorsk og bokmål?**

L1: Kjempemasse. Før eg føle eg e midt i da; før eg e nynorskmann her og e glad i da språket, så eg føle meg litt som ein svikar som lika bokmaol. Men eg e voldsomt oppteken ao, før meg har da alder vore aktuelt å ytra meg noken plass på bokmaol, so da e ein sterk del av min identitet. Og om eg aoverføre da te mine eleva, da gjere eg nok heilt sikkert, men det e jo innafør lereplanen dao. Før det e jo absolutt, mi faor jo absolutt, lereplanen seie jo at mi ska vera bevisst og reflektera rundt eige maol. Eh, ja... Eg sko sei noke lurt her no, eh...

V: Prøver du å være ganske nøytral, tross alt, eller føler du at du må..?

L1: Eg seie jo te elevadn at...

V: framsnakke nynorsken ekstra her?

L1: Jajaja... Asso, absolutt, me ha jo... asso, eg vektla jo strekt... men igjen, lereplanen. Men eg vektla jo sterkt språkhistorien med Aasen og nynorsken, og klart at, det e jo vaort språk. Men samtidig so seie eg jo te elevadn at de må gjerne, det kan vere lurt for deg å byta. Og e ikkje med i Maollaget og... Eg ha litt sånn halvveges ambivalent forhold te da, før min holdning e at språket – det utvikla seg uansett, du kan ikkje gjere noke med da, spesielt dialektadn dao. Eh, og det e mange som driv og retta på ungradn sine, og det gjere ikkje eg.

V: Nei, enig, det er... det ska... det går av seg sjøl.

L1: Ja, sant. Så den kampen tek eg ikkje, eh, men... ja, nynorsk e språket mitt, so det e no – det vil nok heilt sikkert smitta aover på elevadn at eg e nynorskmann.

V: Ja... Takk for ærlige svar, det er veldig – ja, eg kjenner at du er ærlig.

Ler

V: **Gjennom dine observasjoner som lærer, i hvilken grad har elevene en nynorsk-identitet?** Vi har jo vært litt inne på det...

L1: Ja, ganske sterk, og hvertfall når ein blir bevisstgjort, men eg tvila på at dei gaor rundt og e so oppteken ao da i kvardagen, uten at eg veit da da, men når eg ha om da i timadn so e da tydele at dei ha ein nynorsk-identitet.

V: Ja, det er vel egentlig den eneste plassen det kan blomstre fram – er vel norsktimene.

L1: Ja, ja.

V: Og, eh, **arbeider du målretta for å skape en nynorsk-identitet i sammen med elevene, og i så fall, hvordan?**

L1: Nei, da vil eg ikkje sei – at eg ha'kkje som maol å tenka at no e da viktig at folk bli... faor seg ein nynorsk-identitet. Absolutt ikkje, asso.

V: Nei.

L1: Nei.

V: Og du opplever jo at den ligger litt sånn i bunn der.

L1: Mhm

